

«Vårherre i bonjour»

Ein historisk resepsjonsanalyse av oppsetjinga av Guds grønne enger i Noreg

Miriam Brundtland og Ragnhild Akselberg Tonheim



Masteroppgåve i Litteraturformidling

60 stp

Institutt for litteratur, områdestudier og europeiske språk

Humanistisk fakultet

UNIVERSITETET I OSLO

Haut 2020

Copyright Miriam Brundtland og Ragnhild Akselberg Tonheim

2020

«Vårherre i bonjour». Ein historisk resepsjonsanalyse av oppsetjinga av *Guds grønne enger* i Noreg

Miriam Brundtland og Ragnhild Akselberg Tonheim

<http://duo.uio.no>

Samandrag

Skodespelet *Guds grønne enger* (eng. *The Green Pastures*) er skriva av Marc Connelly, og vart først sett opp i USA i 1932. I Noreg hadde Nationaltheatret ei lukka enkeltoppsetjing i mai 1933. Skodespelet var eigentleg planlagt å skulle gå over ein lengre periode, men på grunn av protestar mot stykket i forkant av oppsetjinga, vart det sett opp berre éin gong, som ei lukka framsyning. Haldningane til stykket seiv inn på Stortinget, og førte til ei skjerpa blasfemivedtekt. I masteroppgåva studerer me kva som skjer når litteratur vert flytta ut av den historiske og kulturelle konteksten han har oppstått i, til ein ny kulturell kontekst. Det gjer vi ved å analysere striden om *Guds grønne enger* som føregjekk i 1932 og 1933, med særleg vekt på det latterlege som ein viktig komponent i debatten.

Me har undersøkt eit materiale av stort omfang, i hovudsak omtale av skodespelet i dagspressa. Me nyttar òg sekundærkjelder til å kasta lys på skilnadar og likskapar i den amerikanske resepsjonen av stykket, sjølv om den norske resepsjonen er navet i oppgåva.

Det underliggjande teoretiske spørsmålet dreier seg om kva som skjer med litteratur når han skiftar stad. Nye kontekstar påverkar kva som er passande og kva som ikkje er det, noko som får utslag i reaksjonen litteraturen får (resepsjonen). I dette tilfellet har resepsjonen (som framom alt kom *før* oppsetjinga) ført til at stykket vart trekt frå Nationaltheatret sitt program. Me vil undersøke og diskutere om det å trekkje stykket kan kallast sensur, og kva form for sensur det eventuelt er.

Takk

Framom alt vil me seie tusen hjarteleg takk til rettleiaren vår, Janicke Kaasa! Frå første stund var du investert i prosjektet vårt. Utan dine konstruktive tilbakemeldingar og varme ord hadde ikkje denne oppgåva kome i hamn, og me hadde hamna i grøfta. Me set verkeleg stor pris på deg!

Takk til dei kjekke klassekameratane våre for ei super studietid! Og tusen takk til Marianne Egeland og Jon Haarberg, dokker har lært oss så mykje om så mangt! Engasjementet dykkar smittar.

Ein særleg stor takk rettar me til Kunnskapsfabrikken, som stilte opp med korrekturhjelp og oppmuntrande ord då nauda var størst. Utan dokker hadde me ikkje vore dei me er i dag.

Innhold

Innhold.....	x
Innleiing.....	1
Materialet vårt	3
Teori og metode.....	5
Tidleg norsk resepsjon.....	7
«Et merkelig stykke som har gjort umådelig lykke i Amerika».....	7
<i>Guds grønne enger</i> kjem til Noreg.....	8
Framsyning av ukjent kultur eller parodisk profanasjon.....	12
Det ballar på seg med protestar!	16
Ein kommunistisk ateist blandar seg inn.....	19
Ein einsam biskop	20
«En prest som har sett ‘Guds grønne enger’»	23
Andre enn prestar held òg fram.....	25
Sjå til naboen	29
«Sokneprest Blessing Dahle løper løpsk!».....	30
Støtte frå avisene	36
Saka er vorte populær!	37
Rasisme som kjem til uttrykk gjennom argument i debatten	38
«Stortinget nekter ikke direkte opførelsen, men det er ikke langt ifra»	41
Nationalheatrets styremøte	43
Protestar mot avgjerda til styret.....	44
Framsyninga av <i>Guds grønne enger</i> 8. mai 1933	47
Teatersensur i Noreg?.....	48
Med lova i handa	49
Avhengig av økonomiske tilskot.....	50
Sensur – eit folkekrav	55
Det latterlege i <i>Guds grønne enger</i>	59
Det blasfemiske ved å framstille Gud på scena.....	61
Den latterlege framstillinga av Gud i komedie- og revyform.....	64
Vikamål og revyens linjer til det låge	69
Josephine Baker, <i>Revue Negre</i> , tropen om den latterlege primitive	74
Relevansen stykkets har for Noreg.....	76
Amerikansk resepsjon vs norsk.....	78
Retorikk med omsyn til spøk/alvor i aviser og enkeltinnleg.....	81
Avslutning	85
Litteratur	87

Appendix 1: Liste over arkivmateriale 89

Innleiing

Guds grønne enger, eller «tidens merkeligste og fantasifulleste skuespill» (*Tidens Tegn* 8. okt. 1932), var ein av dei store snakkisane i 1932 og 1933. Skodespelet, som skulle opp på Nationaltheatret, engasjerte alt frå ein «socialistisk-kommunistisk ateist» (*Morgenbladet* 22. mars 1933) til «mørkemenn og hyklere» (*Oppland Arbeiderblad* 8. april 1933) frå heile landet, og førte til heit debatt. Striden sto om framsyninga av Gud på scena var forsvarleg, men kva skodespelet eigentleg handla om var irrelevant. Det var nemleg få som hadde sett stykket, men dei viktigaste opplysingane var tilgjengelege: «Gud og englene fremstilles på en latterlig og nedverdiggende måte» (*Tvedestrandsposten* 29. mars 1933), og dessutan vert Gud framstilt som ein «godfjottet mann som går omkring og småbanner» (*Aftenposten* 2. april 1933). Skodespelet (eller var det «morskaps-revyen»?) vart skulda for å vere blasfemisk, som førte til at det vart teke ut av programmet til Nationaltheatret. Grobotnen for ein kamp mellom «aandsfrihetens uvenner» (*Laagendalsposten* 19. april 1933) og ein «liten ånds-snobbet krets» (*Morgenbladet* 10. jan. 1933) vart lagt.

Skodespelet *Guds grønne enger* (eng. *The Green Pastures*) er skriva av Marc Connelly, og vart først sett opp i USA i 1932. Stykket handlar om ei gruppe afroamerikanske barn på ein søndagsskole i Louisiana. Søndagsskolelæraren fortel barna om Det gamle testamentet si forteljing om dei første menneska på jorda. Som følgjer av at ungane stiller læraren spørsmål, eksempelvis «What was de angels doin' up dere?» og «Did dey have picnics?» (Connelly 1929, 7), brettar det seg ut ei forteljing om dei gongane Gud forsøker å få bukt med synda til menneska. Gud forsøker å få menneska til å gjere det gode, og ein figur med namn Hezdrel (som skil seg ut frå dei andre figurane ved at han ikkje er henta frå Det gamle testamentet), får Gud på tanken om å sende Jesus til jorda. Her sluttar skodespelet.

Marc Connellys *The Green Pastures* er ei dramatisering av ei samling korttekstar skriva av Roark Bradford i 1928, kalla *Ol' Man Adam an' His Chillun*. *The Green Pastures* har ein spesiell plass i teaterhistoria. Stykket vann Pulitzer-prisen for drama i 1930, og er eit av dei første framsyningane på Broadway med eit afroamerikansk ensemble. Det har vorte kalla ein publikumssuksess, som gir meining når ein veit at stykket etter premiera på Mansfield Theatre i februar 1930 hadde 640 framsyningar i New York og 1652 i Baltimore. På fem år – frå 1930 til 1935 – vart skodespelet sett opp i 203 amerikanske byar, og i alle utanom åtte statar. *Guds grønne enger* vart filmatisert i 1936 (Evans 2008, 67), og vart sett opp på Det norske teatret i Oslo i 1947 – denne gongen utan nemneverdige protestar. I USA fekk skodespelet gode meldingar, men trass den enorme populariteten, er resepsjonshistoria i USA

langt frå friksjonsfri. I dei segregerte byane sør i landet vart skodespelarane smerteleg klar over at populariteten deira hadde ein pris, når berre kvite folk fekk vere tilskodarar – ein skarp kontrast til dei grønne engene i sør portrettert i *The Green pastures*.

Ikkje overraskande byr det på utfordringar når ein skal tilpasse *Guds grønne enger* til ei norsk scene. Noreg på 1930-talet var eit nokså homogent samfunn, og hadde ikkje ei svart befolkning som i USA. Kva skulle ein gjere med det afroamerikanske ensemblet? At kvite, norske skodespelarar målte seg svarte i andletet, var ikkje ein heilt uvanleg praksis på den tida, og derfor kom det truleg ikkje som eit sjokk at det vart utfallet.

I Noreg hadde Nationaltheatret ei lukka enkeltoppsetjing i mai 1933. Skodespelet var eigentleg planlagt å skulle gå på Nationaltheatret over ein lengre periode, men på grunn av protestar frå kristne leiarar, organisasjonar og andre mot stykket i forkant av oppsetjinga, vart det sett opp berre éin gong. Protestane var i stor grad grunna i at skodespelet var blasfemisk og krenkande. Haldningane til stykket seiv inn på Stortinget, og førte til ei skjerpa blasfemivedtekt. I denne masteroppgåva skal vi undersøke kva som skjer når litteratur vert flytta ut av den kulturelle konteksten han har oppstått i. Det gjer vi ved å analysere striden om *Guds grønne enger* som føregjekk i norsk dagspresse 1932 og 1933, med særleg vekt på det latterlege som ein komponent til at saka voks seg så stor.

Det underliggjande teoretiske spørsmålet dreier seg om kva som skjer med litteratur når han skiftar stad. Nye kontekstar påverkar kva som er passande og kva som ikkje er det, noko som får utslag i reaksjonen litteraturen får, altså i resepsjonen. I denne oppgåva skal me først skissere kva argument som er i rørsle for og mot oppsetjinga av *Guds grønne enger*, og i tillegg kartleggje utviklinga av debatten. Me undersøker deretter korleis debatten hamna på agendaen til Stortinget, og kva mekanikkar som førte til at skodespelet vart trekt frå repertoaret til Nationaltheatret. Ein viktig faktor var den store folkeopinionen, som var godt synleg i pressa. Dette leier oss til ein diskusjon om kva rolle resepsjonen spelte i at *Guds grønne enger* vart trekt frå Nationaltheatret sitt program. Kva var det med skodespelet som gjorde at det vart oppfatta som så blasfemisk og krenkande? Særleg vektlegg me korleis ein komponent me har valt å kalla det «det latterlege» spelar inn.

Det finst få, men gode, bidrag til forskinga på *Guds grønne enger* i Noreg i 1932 og -33. Me har nytta blant andre Arne Stai, som har skrive utfyllande om strida i boka *Norsk kultur- og moraldebatt i 1930-årene*. Fokuset til Stai ligg på moraldebatt, som betyr at meiningsbrotet mellom *Dagbladet* og kristelege leiarar får stor plass. Me ønskjer å nyansere dette biletet, ettersom me i undesøkinga av materialet vårt har oppdaga eit stort av mangfald av meiningar på motstandarsida. Dessutan vurderer me det slik at motstandarane har hatt mest

å seie for kvifor strida blei så stor, sjølv om me skal sjå at motparten helte bensin på bålet og bidrog til å spisse frontane ytterlegare.

Eit anna viktig bidrag til forskinga kjem frå biskop Kari Veiteberg. I hennar artikkel «Teateren har i ett märklig fall blivitt kyrka – Om forholdet mellom skodespel og gudsteneste, mellom leik og alvor, med utgangspunkt i den svenske og norske resepsjonen av ‘Guds grønne enger’ 1932–33» (2006) undersøker ho fire svenske og fire norske prestar sine argument i debatten om skodespelet. Veiteberg går meir kvalitativt til verks enn Stai. Veiteberg tek utgangspunkt i desse åtte prestane, og har ikkje undersøkt meningane til ei stor breidd i befolkninga.

Me har lese ei stor mengd artiklar, kronikkar, innlegg, notisar og anna i avispressa frå oktober 1932 til og med juni 1933. Samtlege aviser er frå den digitaliserte samlinga til Nasjonalbiblioteket. Me har lese omtrent 900 saker for å få eit fyldig oversyn i ei stor breidd.

Ei liknande undersøking som me gjer har ikkje vore gjort tidlegare. Men, faktisk har det gått føre seg ei liknande undersøking samstundes som vi har arbeidd med denne oppgåva. Ti dagar før innlevering av prosjektet vårt, disputerte Håkon Bekeng-Flemmen med avhandlinga *Kulturkamp og krenkelse – striden om Guds grønne enger 1932–1934*. Begge desse bidraga viser fram fylde og mangfoldet i debatten kring *Guds grønne enger*. Ettersom avhandlinga vart publisert like før vår innlevering, har ho ikkje spelt ei rolle for vårt prosjekt.

Me har ikkje hatt mogelegheit til å lese avhandlinga, men ut ifrå framstillingar av avhandlinga, finst det truleg overlapp mellom vårt prosjekt og prosjektet til Bekeng-Flemmen. Likevel er det relevant å poengtere at Bekeng-Flemmens tilnærming til materialet i hovudsak er idehistorisk. At me er knytt til to forskjellige institutt, IFIKK og ILOS, blir blant anna synleg gjennom det at eit viktig fokuspunkt i vår oppgåve, i motsetnad til Bekeng-Flemmen si, er adaptasjonen av stykket frå USA til Noreg. Adaptasjon er ein disiplin under det bokhistoriske forskingsfeltet, som knyt vår oppgave til litteraturen heller enn det idéhistoriske.

At det kjem ei doktorgradsavhandling og ei masteroppgåve på ein gong, seier noko om at striden kring *Guds grønne enger* framleis er interessant i dag. At *Guds grønne enger* og rolla stykket spelte tidleg på 30-talet har kome i søkelyset igjen, kan dessutan indikere at mottakinga av stykket framleis har aktualitet og relevans.

Materialet vårt

I søkinga i Nasjonalbiblioteket si digitaliserte samling er det teknologien OCR (optisk teikngjenkjenning) som «finn fram» treffa våre. Denne teknologien er gull verd, og sørger for at ein lett kan finne fram i historisk kjeldemateriale. Dessverre er han ikkje perfekt, og me har

opplevd fleire gongar at frasa «Guds grønne enger» ikkje gir treff. Til dømes kan ein avisartikkel innehalde frasa «Guds grønne enger» fem gongar, men berre fire av dei gir treff og vert «gula ut» for oss. Derfor kan me gå ut ifrå at nokre artiklar ikkje dukkar opp i det heile teke, og at materialet ikkje er utfyllande.¹ Sidan materialet me undersøker er så stort, er oppfatninga vår at denne søkemetoden uansett vil famne hovudtrekka i resepsjonen av *Guds grønne enger*, sjølv om nokre søk skulle falle vekk.

Sjølv om det digitaliserte arkivet er omfattande, er det langt ifrå ei utfyllande kjelde. Digitaliseringa er framleis under arbeid (ein reknar med at det vil ta 20–30 år frå 2006 å digitalisere heile samlinga til Nasjonalbiblioteket). Me har prøvd å ta omsyn til geografisk spreing i debatten, men me kan ikkje sjå bort ifrå at lokale aviser i avsidesliggjande lokalsamfunn ikkje er representerte i materialet i det heile teke. Dessutan må me erkjenne at mykje av resepsjonen nok har gått føre seg fleire stadar enn i dagspressa. Føremålet vårt er å få eit overblikk over resepsjonen òg i «det ganske land», og ikkje berre i geistlege krinsar. Aviser over heile landet har skrive mykje om stykket, temperaturen har vore høg, og ei stor mengd folk frå heile landet har engasjert seg og skrive under på protestlister. Ein kan sjå føre seg at jungeltelegrafen har vore ein vel så viktig aktør i debatten, men han er dessverre vanskeleg å dokumentere. Ikkje finst han i noko digitalisert arkiv heller.

Som eit resultat av at me nyttar materiale frå ei tid med eit anna syn på kva som er greitt å skrive om andre menneske, vil det dukke opp ord i denne oppgåva me ikkje kan stå inne for, og som me synest er høgst problematiske å nytte. Striden om *Guds grønne enger* framsyner rasistiske haldningar i Noreg anno 1932–33, og ord som «rase» og «neger» sitt laust hjå journalistar og enkeltpersonar i debatten. Me kjem til å nytte desse omgrepa som ei følge av at dei finst i materialet, og fordi me ikkje synest det er hensiktsmessig å sensurere noko. Det er viktig for oss å vise at haldningar som framleis kjem til uttrykk i dag, kan vere seigliva idéar ein kan spore tilbake til ei tid med forkasteleg menneskesyn. Ei auka medvite om kor desse idéane kan komme frå kan vere eit viktig ledd for å få bukt med dei.

¹ Me har heller ikkje søkt på liknande formuleringar, som «Guds grønne enger», «de grønne engene» osb.

Teori og metode

I vår undersøking av *Guds grønne enger* legg me til grunn eit bokhistorisk perspektiv forfakta av kulturhistorikar og forskarbibliotekar Robert Darnton. Han hevdar at bokhistorie som disiplin inkluderer «anyone else who wanted to understand the book as a force in history» (Darnton 2009, 176). Ein kan ikkje anna enn å slå fast at *Guds grønne enger* var ei «force», noko kraftfullt, i norsk historie. Bokhistoria omfattar kvar del av prosessen til ei bok, og bryr seg om relasjonen boka har til andre system – dei økonomiske, sosiale, politiske og kulturelle i konteksten boka finn stad i. Det er nettopp desse relasjonane som er så spennande med høvet *Guds grønne enger!*

Darnton skisserer ein kommunikasjonsmodell som kan bli nytta for betre å sjå disiplinen som ein heilskap, og som ein kan nytte for å analysere korleis ei bok blir til og korleis ho spreier seg i samfunnet. Darnton sin modell er framom alt basert på fysiske *bøker*, og inneheld ikkje teater eller performativ kunst. Me trekk likevel vekslar på modellen for å skape ei djupare forståing for korleis skodespelet verkar i Noreg. Modellen er forma som eit krinsløp, der «tanken» om boka «startar» hjå forfattaren, vert påverka og forvandla på vegen, og endar opp hjå lesaren. Forfattaren er sjølv ein lesar, og slik kan ein sjå på modellen som ein slutta sirkel. I modellen inngår det ei rekkje mellommenn og aktørar, som alle er viktige i spreinga av og meininga til boka (88). Vektinga av fleire aktørar enn forfattaren er viktig for å forstå livet til *Guds grønne enger* i Noreg, og her er det mange å ta av. Teatersjefar, teaterstyre, prestar, biskopar, skodespelarar, politikarar og heilt vanlege folk får i dette dømet ei stor påverknad på korleis skodespelet vert spreia og motteke.

Det er ikkje ein spesifikk tekst i snever forstand som treff den norske befolkninga, få har sett skodespelet utanlands og ikkje vert det ei offentleg framsyning heller. Ein kan likevel ikkje hevde at *Guds grønne enger* ikkje finst i Noreg i 1933. Kjeldematerialet me undersøker, trykte aviser frå 1932 og 1933, er ikkje den fysiske manifestasjonen av manuset til *Guds grønne enger*. Men aviskjeldene gir oss tilgang til å undersøkje opplevinga av eit stykke som dei færraste har sett, men som likevel finst blant folket. Dei blir båe eit uttrykk for forståinga folket hadde av *Guds grønne enger* og ei aktiv, medskapande kraft til ho (forståinga). Den elles fornuftige tanken om at teksten vert presentert i materien er ikkje dekkande i dette høvet.

D. F. McKenzie opnar for eit mykje breiare tekstomgrep, som er hensiktsmessig for oss å nytte. Han interesserer seg for «texts as recorded forms, and the process of their transmission, including their production and reception» (1986, 4). McKenzie inkluderer

eksplisitt resepsjonen av litteratur som ein del av tekstomgrepet sitt, som er naturleg med tanke på at han koplar tekstomgrepet til det etymologiske opphavet til *tekst* – nemleg vevet.

We can find the origins of the word ‘text’ itself some support for extending its meaning from manuscripts and print to other forms. It derives, of course, from the Latin *textere*, ‘to weave’, and therefore, not to any specific material as such, but to its woven state, the web or texture of the materials. (McKenzie 1986, 5)

Eit vev fordrar ein samanheng mellom delane som inngår i veven, som kan vere ei forklaring på korleis resepsjonen sameksisterer som tekst saman med fysiske bøker, produksjonen av litteratur med meir. Vidare vektlegg McKenzie eit sosialt aspekt: «But it also directs us to consider the human motives and interactions which texts involve at every stage of their production, transmission and consumption» (1986, 6–7). McKenzie legg altså til grunn at for kvart steg i utviklinga til ein tekst – produksjonen, overføring og «forbruk» – vil menneskelege motiv og handlingar spele ei rolle. I Noreg i 1932–33 kan ein seie at *Guds grønne enger* var midt mellom produksjon og «forbruk», altså i den såkalla overføringa (i overføringa mellom manus på papir til utfolding på scena, og også i overføringa mellom to kulturkontekstar). Og det er vel ikkje naudsynt å peike på at menneskelege motiv og handlingar hadde påverknad på både overføringa og «forbruket».

For å snevre inn overføringa, kan ein sjå til litteraturprofessor Julie Sanders. I boka *Adaptation and appropriation* skriv Sanders at adaptasjon gjerne heng saman med «reinterpretations of established texts in new generic contexts or perhaps with relocations of an ‘original’ or sourcetext’s cultural and/or temporal setting, which may or may not involve a generic shift» (2016, 19). Skifte av stad og konsekvensane skiftet får i ein ny kulturell kontekst, er eit viktig perspektiv i oppgåva vår.

Tilnærminga vår til teorien er framom alt at han kan fungera som perspektiverande. Me låser oss ikkje til ein såkalla «teoribruk», men lét teorien vere ei kjelde til nyansering av materialet me undersøker.

Tidleg norsk resepsjon

I det følgjande vil me vise fram korleis resepsjonen av *Guds grønne enger* utviklar seg frå rykte om oppsetjing i naboland til å bli ei stor politisk sak. Stykket har si første og siste oppsetjing på Nationaltheatret 8. mai, så me har avgrensa materiale vårt til å gjelde frå dei første rykta i oktober 1923 til ut juli 1933. Ettersom diskusjonen om stykket skulle bli sensurert eller ikkje sprang ut frå eit folkekrav, vil me undersøkje ei stor breidd i resepsjonen, med omsyn til sosiokulturell bakgrunn og geografisk spreiding. Me vil vere merksame på endringar i tona i debatten samt endringar i omfang og dermed interesse. Hensikta med å innlemme ei så stor breidd i resepsjonen, er å kaste lys på kompleksiteten i saka og dermed framvise fleire nyansar i debatten. Dessutan legg me eit grunnlag for seinare å kunne undersøkje underliggjande orsakar til at *Guds grønne enger* førte til at folk ville forby framtidige framsyningar av Gud på scena. Me gjer reie for debatten laust kronologisk: For å kartleggje og undersøkje utviklinga, er det hensiktsmessig å følgje ein viss kronologi. For best å kunne presentere det omfangsrike materialet på ei forståeleg måte, ordnar me stoffer delvis tematisk, som vil seie at me ikkje følgjer kronologien strengt av prinsipp.

«Et merkelig stykke som har gjort umådelig lykke i Amerika»

Det første treffet på «Guds grønne enger» i Nasjonalbiblioteket sitt søkesystem er i august 1932, i *Morgenbladet*. Stykket vert nemnt i samband med at det skal setjast opp på Dramaten i Stockholm. Den aller første introduksjonen til stykket for det norske folk er: «[E]t merkelig stykke som har gjort umådelig lykke i Amerika, men som ennå ikkje har hatt sin europeiske urpremiere» (10. aug., 3). Det går nesten to månadar før stykket vert nemnt igjen, med unntak av korte notiser om programoversyn på radio. Då tek det seg til gjengjeld opp, og i oktober gir søket 18 treff.

Den neste saka om *Guds grønne enger* i norsk presse, står på trykk i *Bergens Tidende* 7. oktober 1932. Saka informerer om at det har vore europeisk urpremiere på stykket *Guds grønne enger* på Dramaten dagen i førevegen. Den norske lesaren får ei åtvaring om kva som kjem seinare i resepsjonen, nemleg at det ikkje er sikkert at omtala av stykket blir god, og det er spesifisert at stykket er forbode i England ved lov (10). I saka i *Bergens Tidende* vert det vektlagt at Gud er framstilt på scena og at han røyker sigarar. Avisa skriv at stykket baserer seg på gammaltestamentlege forteljingar «sett ut fra negernes forestillingsverden», som vert presentert i «løssluppen revystil» (10). Tona i stykket vert framstilt slik: «Stykket har for stor del komisk virkning, men innholdet er dog delvis høist alvorlig» (10).

Tidens Tegn poengterer også at stykket er merkeleg og fantasifullt. Det komiske uttrykket i stykket vert presisert tydeleg i det avisa kommenterer at Gud røyker sigar og at englane heng i «bonjourskjøtene» til Gud. Dette kjem til uttrykk i følgjande sitat: «Den gode Gud går rundt og røyker ti-cent-sigarar og selvfølgelig er han neger. De sorte engler, som slett ikke er sorte, fordi de er onde, men bare fordi de er negre, sitter på skyene og husker» (8. nov. 1932, 2). Gud er altså framstilt som svart i det opphavelege stykket. At avisa føler for å presisere at dei svarte englane ikkje er svarte fordi dei er vonde, kan indikere kva for nokre forventningar og konnotasjonar ein i dåtida hadde til mørkhuda figurar på scena.

I tillegg skriv *Tidens Tegn* at stykket har gått i USA og vorte spelt av «virkelige negerkunstnere». At dei poengterer at «negerkunstnerane» er *virkelige*, kan tyde på at ein forventar «falske» i Noreg. I Noreg ville stykket etter alt å døme vert framført av kvite skodespelarar med eit såkalt «blackface»; dei er måla svarte i andletet. *Vestfold Fremtid* peiker òg på kulturskilnadane, og presenterer *Guds grønne enger* slik: «I stykket spiller alle i negerdrakt og Gud Fader selv åpenbarer sig i sin himmel røkende store cigarer. Det er vel overflødig å fortelle at stykket er amerikansk» (8. nov. 1932, 2).

18. oktober skriv igjen *Bergens Tidende* om stykket. Med tittelen «Guds grønne enger beskyttes med stinkbomber og råtnete tomater», melder avisa om at unge nazisympatisørar demonstrerte midt under oppføringa i Stockholm.² Dagen etter spekulerer same avis i om det eigentleg var nazistar eller om det var kommunistar som sto bak demonstrasjonen. Saka rommar òg den fyrste meldinga av stykket i norsk presse, skriven av Henry Hellssen, som såg stykket i New York. Han skriv om stykket i positive ordelag, og trekk fram at heile innhaldet i stykket viser barna si «geniale naivitet» (*Bergens Tidende* 19. okt. 1932, 9). Altså viser ikkje stykket fram førestillingsverda til «negrane», men til barna.

Før stykket kjem til Noreg, har lesarane av dagspressa allereie vorte presentert for eit bilete av kva som kjem: Gud skal bli framsynt på scena, han er svart, og framsyninga er basert på afroamerikanarar i Sørstatane si førestillingsverd. Tona i stykket er humoristisk, og stykket har ført til kontrovers og protestar i utlandet: I Sverige har det vore protest, og skodespelet er forbode i England.

Guds grønne enger kjem til Noreg

Det vert spekulert i fleire aviser om *Guds grønne enger* skal setjast opp i Noreg. 19. oktober trykker *Bergens Aftenblad* eit intervju med teatersjef Karl Bergmann ved Den nationale scene

² Også avisa *Sydvaranger* melder om protestane i Stockholm (18. okt. 1932).

i Bergen. Her vert Bergmann spurt om det er aktuelt for Den nationale scene å setje opp stykket, noko han avvís fordi han «trygt kan si, at det er et stykke som ikkje vil passe for oss» (9). Derimot kjem det andre nyhende frå hovudstaden. 3. november kjem nyhenda om at *Guds grønne enger* skal setjast opp i Noreg på Nationaltheatret. Tre aviser trykker same notis denne dagen som kort formidlar at stykket er planlagt å gå frå mars månad.³ Då nyhenda kom om at *Guds grønne enger* skal setjast opp på Nationaltheatret, var det med andre ord ikkje ein eksplosjon i aviskronikker og innlegg. Debatten veks sakte fram.

Nokre dagar seinare, måndag 7. november, skjer det noko som truleg ga vesentlege utslag i debatten. Under tittelen «En prest fordømmer ‘Guds grønne enger’. / Fordi han optrer i bonjour», trykker *Dagbladet* ein tale frå ein søndagsgudsteneste i Gjøvik kyrkje dagen i førevegen. Under gudstenesta har sokneprest i Gjøvik, Peder Blessing Dahle, talt imot oppsetjinga av *Guds grønne enger* i Noreg. Han skal ha sagt:

Vi ser hjemmebrenning og gauking florere, vi hører om underslag og skattesnyteri, vi vet at det gis kinoforestillinger av slett karakter, og svinsk litteratur brer sig. I disse dager hører vi endog at landets Nationalteater skal gå til den hjerteråhet å opføre et neger-skuespill, hvor Gud fremstilles på scenen i bonjour og med sigarett i munnviken, og vi sier: ‘Stans råskapen’. (10)

Gudstenesta vart sendt over radio, og gjennom saka i *Dagbladet* kjem det fram at det har vore uklart kven som har sagt dei nemnde orda. Det vert hevda at Blessing Dahle skal ha blitt forveksla med biskop Mikkel Bjonness-Jacobsen. Ein kan fundera i om saka hadde vore like stor dersom talarane ikkje hadde vore forveksla: Ein biskop er «over» ein sokneprest i hierarkiet, og derfor vil truleg hans meiningar ha meir å seie. Me ser også at merksemda retta mot at det har skjedd ei misforståing førte til spalteplass i ei rekkje aviser.

I denne tidlege fasen av debatten er det tydelege ideologiske faktorar som spelar inn i posisjoneringa av avisene. Avisene med eit konservativt idégrunnlag, som *Morgenbladet* og *ABC*, er tilbakehaldne i kritikken mot Blessing Dahle. Avisene med ein tydeleg arbeidarprofil derimot, tek stort sett avstand frå Blessing Dahle, og syner seg ikkje som like tydelege motstandarar av oppsetjinga. Eit døme på dette er henta frå *Oppland Arbeiderblad*. Her skriv ein person under namnet «Tilhører» følgjande:

Det finnes selvsagt noen som tar sogneprest Blessing-Dahle alvorlig når han uttaler sin dom over teater og teaterstykker, uten å ha sett dem. [...] Men vi som kjenner

³ 3. november melder *Dagbladet*, *Arbeider-avisa* og *Aftenposten* om at *Guds grønne enger* skal setjast opp på Nationaltheatret.

sognepresten, tar det nærmest som en komedie det hele.⁴ (9.11., upaginert)

Utsegna frå «Tilhører» gir eit tydeleg spor på kva haldning *Oppland Arbeiderblad* har til saka. *Oppland Arbeiderblad* slår beina under truverdet til Blessing Dahle, og etablerer seg som ein opponent mot motstandarane av oppsetjinga i Noreg.

Den tydelegaste motstanden mot Blessing Dahle kjem på si side frå *Dagbladet*. Saman med store delar av arbeidarprensa lét dei Blessing Dahle gjennomgå. To døme frå *Dagbladet* er saka «Har prestene rett til å kalle ungdommen likegyldig?» av journalisten og forfattaren Axel Kielland (12. nov. 1933), og artikkelen «Blasfemi» av kunstnaren Erik Brandt (14. nov. 1933.). Kielland trekk inn *Guds grønne enger* i ei større sak. Han legg fram to måtar å sjå *Guds grønne enger* på: «Man kan bli grepet og interessert av den alvårlige [sic] og dristige idè å fremstille menneskenes gudsopfatning i levende billeder», eller «man kan betrakte selve tanken om å fremstille Gud på scenen som blasfemi, og denne utvei har prestene prompte valgt» (12).

I det andre eksempelet, artikkelen «Blasfemi», sender Erik Brandt eit sleivspark mot kristendomsundervisinga for barn i Noreg som han meiner frontar ei like naiv Gudsframsyninga som i *Guds grønne enger*. Brandt argumenterer dessutan for at dersom Gud og religionen vert krenkt av skodespelet, er dei «like skrøpelig og ufullkommen som en almindelig statsråd» (2). «Tilhører», Kielland og Brandt er tre stemmer som utgjer ei motvekt til dei negative reaksjonane på *Guds grønne enger*. Med dei smått syrlege innlegga mot motstandarane av *Guds grønne enger*, set Kielland og Brandt tona for den komande debatten.

Blessing Dahle får ein meiningsfelle i biskop av Oslo, Johan Lunde. Lunde kritiserer kristendomsfiendtlige krefter i land og hovudstad, og trekk fram *Guds grønne enger* som eit skrekkdøme på korleis kunstneriske omsyn går framfor andelege omsyn: «Man har tallrike gledelige eksempler på åndelig vekkelse og det gror rundt omkring i menighetene. Men Kristushatet er luende og motparten mektig b.l.a gjennom sin store presse, hvor viddets hån øver sin innflytelse» (*Morgenbladet* 21.11., 9). Ifølgje Lunde fremjar skodespelet noko anti-kristeleg som er spottande. Saman med Blessing Dahle set Lunde skodespelet inn i ei samfunnsramme der «viddets hån» i *Guds grønne enger* vert eit teikn på moralsk forfall og «Kristushat» i samfunnet.

Dei fleste som går ut mot Blessing Dahle og Lunde er folk som reagerer på den sterke motstanden som har oppstått mot eit stykke som folk flest ikkje har sett. Argumenta på denne

⁴ Sitatet «Vi som kjenner sognepresten» kan vise til at Blessing Dahle på dette tidspunktet var sokneprest i Gjøvik. Gjøvik låg i gamle Oppland fylkeskommune, eit område *Oppland Arbeiderblad* naturlegvis dekkjer.

sida ikkje av debatten er altså ikkje nødvendigvis *for* oppsetjinga av stykket, men dei går i hovudsak ut mot *motstanden* stykket har fått før det har vorte ordentleg «undersøkt».⁵

Austlandsregionen gav allereie tidleg i debatten brei dekning til ei sak som viste seg å vera ei misforståing. 11. november kan nemleg *Porsgrunn Dagblad* melde om ei misforståing mellom statsråd Johan Melbye, venstre-politikar Betzy Kjelsberg og Bondekvinnene. På ei samling for Bondekvinnene held Johan Melbye ein tale der han uttaler at *Guds grønne enger* er blasfemisk og at Norske Kvinners Nasjonalråd har tatt saka opp. Betzy Kjelsberg, som var styremedlem i nemnde organisasjon, opplyser deretter at det var ei misforståing. Ho hadde sjølv skrive under på ei protestliste, men på eige ansvar, og det hadde ikkje noko med Norske Kvinners Nasjonalråd å gjere (2). Saka får fleire vinklingar fordi formannen i Bondekvinnene, Olga Bjoner, uttalte at ho ikkje vil dømme stykket før ho har lese seg opp på saka: Ho «... tok bestemt avstand fra at møtet skulde uttale sig om en sak som man ikke hadde forutsetninger for å bedømme, fordi man hverken hadde lest boken eller sett stykket opført» (*Dagbladet*, 11. nov. 1932, 1).

Misforståinga på Bondekvinnesamlinga førte til ei rekkje saker om at Bondekvinnene protesterer mot oppføringa av stykket.⁶ Andre avissaker har ei litt anna vinkling, og er tydelege på at Bondekvinnene faktisk ikkje gjekk til protest. 12. november vert det trykt fleire saker som tydeleggjer dette.⁷ Grunnen til at me trekk inn saka om Bondekvinnene, er at denne misforståinga, lik som samanblandinga av biskop Bjønnes Jacobsen og Blessing Dahle i Gjøvik kyrkje, førte til at fleire aviser kom på banen. Fleire aviser omtaler *Guds grønne enger* for første gong i samband med saka om Bondekvinnene, og særleg gjeld dette aviser utanfor hovudstaden.⁸

Jamnleg kjem det oppdateringar frå nabolanda. 19. november melder *Morgenbladet* om at *Guds grønne enger* er kjøpt i Finland, og at stykket møter protest der. På eit stiftmøte i Vyborg vart det einstemmig «besluttet å uttale sin skarpe daddel over at to teatre i Finland har kjøpt ‘Guds grønne enger’ til opførelse for finsk publikum». *Østlendingen* melder 28.

⁵Det finst unntak. I *Tidens Tegn* 9.11.32 står det ei sak på trykk av «Noel», ein av få som faktisk har lese stykket. Han vektlegg at det ikkje er så blasfemisk som det vert gitt uttrykk for.

⁶Til dømes sakene «Protesterer mot at Nationalteatret vil opføre ‘Guds grøna engar’» (*Bergen Arbeiderblad* 11. nov. 1932) og «‘Guds grønne enger.’ En uttalelse fra bondekvinnene» (*Aftenposten* 11. nov. 1932).

⁷Til dømes sakene: «Bondekvinnene vilde ikke protestere mot ‘Guds grønne enger’» (*Tidens Tegn*, 12. nov. 1932), «Protest mot negerkomedien?» (*Østlendingen*, 12. nov. 1932), «Bondekvinnene mot Mellbye. Vi vil ikke dømme ‘Guds grønne enger’ usett» (*Sarpsborg Arbeiderblad*, 12. nov. 1932).

⁸Aviser som melder om *Guds grønne enger* for første gong i samband med Bondekvinnene: *Sarpsborg Arbeiderblad*, *Indre Smaalenenes Avis*, *Laagen*, *Porsgrunns Dagblad*, *Bergens Aftenblad*, *Østlendingen* og *Østerdølen*.

november om at fire kvinner av den finske riksdagen har skrive til undervisningsministeren at stykket må verte forbode.

Også frå Sverige kjem det saker om *Guds grønne enger*. Ei sak som engasjerer mange aviser er Marc Connellys vitjing i Sverige, kor han helste på Selma Lagerlöf.⁹ *Aftenposten* trykker 16. november eit intervju med Connelly, kor Connelly uttrykker at han er overraska over motstanden stykket har fått i Norden. Han skal ha sagt:

At innholdet i stykket skulde kunne forårsake slike protester som i Sverige, har forfatteren ikke engang kunnet drømme om. Præstene i New York har for eksempel næsten hver uke valgt 'The Green Pastures' som emnet for sine søndagsprekener. [...] og næsten daglig har han fått sympatiskrivelse fra både protestantiske kirkesamfund og jøder og katolikker. (8)

Ut ifrå utsegna til Connelly kjem det fram at mottakinga i USA har skilt seg frå korleis stykket har blitt vert førehandsmotteke i Noreg og Norden.

Framsying av ukjent kultur eller parodisk profanasjon

Frå 13. desember skjer det ei utvikling i resepsjonen der fleire prestar skriv lesarinnlegg og vert meir aktive i debatten. Sokneprest Blessing Dahle skriv eit lesarinnlegg i to delar som vert trykt 13. og 14. desember i *Aftenposten*. Han held fram i ståstaden sin som motstandar av oppsetjing av stykket og skriv at han har lese stykket på originalspråket. Blessing Dahle hevdar at stykket sin litterære verdi er minimal, og at det heile «flyter på sensasjonen» (13. des. 1932, 2). Vidare meiner han at Connelly driv «gjøn hele tiden, ikke bare med negerne, men med Bibelens egen fremstilling av patriarkene, englene, ja av Gud Fader selv» (13. des. 1932, 2). Soknepresten underbygg påstanden med å vise til enkeltscener frå stykket. Blant anna vert det vist til at patriarkane treng «vingesmøring» og at Noa liker å ta seg ein dram. Han er heller ikkje positivt innstilt til «Marc Connellys karrikaturmessige fremstilling» av Gud (14. des. 1932, 2). I samband med gudsframstillinga skriv han: «Det nytter ikke her å henvise til at man jo, i eldre tider, fremstillet Gud Fader billedlig i kirkelig kunst, med all den religiøse ærefrykt og ophøiede fjernhet som kunstneren la i utførelsen av slike billeder» (14. des. 1932, 2). Blessing Dahle bruker mykje plass på kunstnaren si *intensjon* med stykket, og peiker på at Connelly berre driv gjøn, og at den latterlege framstillinga av Gud ikkje kan samanliknast med framstillingar der kunstnaren har «religiøs ærefrykt». Blessing Dahle var

⁹ Første gongen avisene *Tromsø*, *Sørlandet* og *Vestopland* melder om «Guds grønne enger» er i samband med Connellys vitjing i Sverige.

som nemnt tidleg ute med å fordømme skodespelet i radio, og han kjem til å ha stor innverknad på debatten framover.

Blessing Dahle får støtte frå advokat Sigur Halbo, som i eit innlegg i *Aftenposten* 23. desember poengterer at stykket ikkje er realistisk med tanke på «negrene» si kristne tru.¹⁰

Man kan ikke slå alle negrer sammen. Blandt negrer finnes også store kristne personligheter, læger og jurister. Kristne negrer som leser sin bibel, har selvfølgelig en helt annen oppfatning av Gud Fader enn den som fremstilles i det mindreverdige produkt som Mr. Connelly av visse grunner har laget sammen. (2)

Det kjem ikkje fram nokre stader om Halbo har lese stykket. Likevel han han ei oppfatning av *Guds grønne enger* som eit «mindreverdige produkt». Sidan han eksplisitt tek Blessing Dahle i forsvar, kan det verke som om han har oppfatninga derifrå.

Blessing Dahle får svar frå Harry Randall i eit lesarinnlegg i *Aftenposten* 16. desember. I lesarinnlegget argumenterer Randall for at stykket er eit «studium og en fremstilling av negerens oppfatning» (6). Han hevdar med andre ord at stykket har ein antropologisk verdi, men meiner likevel at ein bør ha vore på afroamerikanske «vekkelsesmøter» i «syden» (6) [sørstatane i USA] for å forstå det. Argumentet står i motsetnad til advokat Halbo sitt nemnte innlegg. Randall, som eigentleg heiter Einar Pettersen og har budd i USA (Berthelsen 2009, 200), stiller òg spørsmål ved kjennskapen Blessing Dahle har til afroamerikansk kultur og det engelske språket.¹¹

Det er fleire som i likskap med Randall trekk stykket sin antropologiske verdi fram og som peiker på at forkunnskap er sjølve nøkkelen til å forstå stykket. 20. desember står eit anna tilsvar til Blessing Dahle på trykk i *Aftenposten*. Lesarinnlegget er signert «M. Rostad», som skal ha studert sosiologi i USA og som har sett stykket i New York. I likskap med Randall har Rostad ei oppfatning om at Gud ikkje er karikert, men «akkurat som negrenes barnslige fantasi oppfatter ham» (6). Han trekk likevel inn at stykket kan bli oppfatta annleis i Noreg «med sværtede hvite skuespillere» enn «i Amerika med vaskeekte negre» (6).

22. desember kan ein lese eit kort intervju med forfattaren Roy de Coverley i *Morgenbladet*.¹² De Coverly er sjølv afroamerikanar og er meir spesifikk enn M. Rostad og Randall på kven som bør kunne tolke skodespelet. Han meiner at eit kvitt publikum ikkje kan forstå det: «Det er et av de mest gripende stykker jeg har sett i mitt liv [...] Det stykke kan ikke spilles i Europa, hvor man intet kjenner til sydstatnegrenes liv. Ikke engang hvite

¹⁰ Det same innlegget kjem på trykk i *Vestopland* dagen etter, 24. desember.

¹¹ Blessing Dahle kjem med motsvar i *Aftenposten* 20. desember, kor han argumenterer for eige kunnskapsnivå, og held fast ved at stykket er blasfemisk. Randall kjem med eit kort tilsvar til Blessing Dahle 22. desember, òg i *Aftenposten*.

¹² *Vestopland* (23.12.), *Aftenposten* (23.12.) og *Dagbladet* (24.12.) trykker liknande variantar av same sak.

skuespillere i New York vilde kunne gjøre det» (1). Han meiner vidare at stykket ikkje berre kan verte forstått av amerikanarar, men *svarte* amerikanarar. Båe Randall, Rostad og de Coverley peiker på at publikummet og deira forkunnskapar spelar ei viktig rolle i forståinga av skodespelet. Desse forkunnskapane varierer ut ifrå kulturkontekst, og alle tre hintar om at skodespelet kanskje ikkje tåler reisa frå den amerikanske kulturkonteksten til den norske. At *Guds grønne enger* oppsto i ein annan kulturkontekst, treng ikkje nødvendigvis vere hemmande for stykket i Noreg. Til dømes meiner ein ikkje-namngitt tilskodar at det norske publikummet har godt av å verte utfordra: «Eier vi da ikke fantasi her i landet, eller har vi ikke godt av å få våre trege tanker litt i sving?» (*Dagbladet* 28. nov. 1932, 5).

Randall og Rostad får svar ifrå sokneprest Arne Arnborg, som avfeiar argumentet deira. Under tittelen «Spar oss for Guds grønne enger / En avskyelig profanasjon», påpeiker Arnborg at stykket kan vere blasfemisk sjølv om ikkje alle opplev stykket som det (*Aftenposten* 30.12, 2). Arnborg har sjølv sett stykket på reise i New York. Han trekk fram at Nationaltheateret ikkje bør setje opp eit stykke som «på det voldsomste sårer kristne menneskers helligste følelser», og slik bidrar til å «nedbryte respekten for det hellige» (2).

At *Guds grønne enger* vert sett i samband med noko «nedbrytande», vert altså symptomatisk for resepsjonen frå kristeleg hald. Blant anna dekker *Nidaros* (2. jan. 1933) og *Østlandsposten* (4. jan. 1933) høgmessepreika til biskop Støren i domkyrkja (antakeleg Nidarosdomen). Her vert *Guds grønne enger* trekt fram i samband med ein pågåande «kamp mot religionen» «som i enkelte land gav sig utslag også deri at man omdannet en katedral til teater, hvor ateismen skulde forkynnes fra scenen» (*Nidaros* 2. jan. 1933, 3).

Eit liknande poeng vert poengtert i ei sak som vert trykka i ei rekkje lokalaviser.¹³ Saka er skriva av sokneprest Ivar Welle, og er eit oversyn over kva som har skjedd i året som har gått; ein slags årsrapport over statusen kristendommen har i Noreg. *Guds grønne enger* blir nemnt i samband med at ukristeleg moral i aukande grad trer utilslørt fram i presse, litteratur og kunst (*Jarlsberg og Larviks Amtstidende* 28. des. 1932, 4). Som me kan sjå, vert altså *Guds grønne enger* trekt fram av prestar og kyrkjelege leiarar frå fleire hald som eit ledd i noko ein kan samanfatta som trugande krefter.

Parallelt med årsrapporten til Welle vert det trykt ei anna sak som får brei dekning og signaliserer ei utvikling i resepsjonen i det kristne samfunnet: Det vestlandske

¹³ *Jarlsberg og Larviks Amtstidende* (28. des. 1932), *Porsgrunns Dagblad* (28. des. 1932), *Agderposten* (28. des. 1932) og *Breviksposten* (28. des. 1932), *Grimstad Adressetidende* (29. des. 1932). Den same artikkelen er trykt i *Selviksposten* 6. januar 1933.

indremisjonsforbund skriv ein protestresolusjon til Kyrkjedepartementet.¹⁴ Resolusjonen er den første av fleire og er eit vendepunkt fordi dette er første gongen motstandarar bed styresmaktene gripe inn i saka:

Det vestlandske indremisjonsforbunds styre, arbeidere og ledere samlet til møte i Bergen mandag 19 desember [sic.], vil henvende sig til det ærede departement med denne uttalelse i anledning av den planlagte opførelse av 'Guds grønne enger'. / Vi ser det som en vanærelse og forhånelse av kristenfølelse og kristentro og vår norske kirke – den sterkeste bærende kraft i vårt samfundsliv – at den norske scene får lov til å vise frem 'Guds grønne enger' og således ha Herrens navn til spott og drive gjøn med det som høit og hellig er. / Vi vil derfor be departementet treffe forholdsregler til å hindre dette. (*Morgenbladet*, 28. des. 1932, 1)

Resolusjonen peiker på at skodespelet i kraft av å «ha Herrens navn til spott og drive gjøn med det som høit og hellig er» vil «vanære» og «forhåne» trua og kyrkja - den bærende krafta for heile samfunnet. Biletet av *Guds grønne enger* som latterleggjerande har med andre ord festa seg og vert sett på som noko så alvorleg at styresmaktene bør gripe inn.

Kyrkjedepartementet på si side uttalar seg òg om noko dei ikkje har sett. 30. desember uttaler statsråd og prest Nils Trædal til *Dagbladet* at «vi ikke har noen adgang til å legge oss op i dette», sjølv om han enno ikkje har lese resolusjonen (3).¹⁵

30. desember kjem det reaksjonar på protesten. *Dagbladet* avvis kategorisk at stykket er gudsspottande og viser til at dei negative reaksjonane handlar om ei manglande evne til å «tenke kunstnerisk» (3). Denne kritikken vert spesielt retta mot Blessing Dahle. *Dagbladet* peiker på at få faktisk har sett skodespelet og at motstanden baserer seg på inntrykk frå Blessing Dahle sine utsegn. *Dagbladet* meiner at det er eit uttrykk for «arrogant intoleranse å ville forby andre» å få oppleve stykket (3). Dei underbyggjer argumentet om at motstandarane manglar kunstnarisk forståing ved å trekkje fram den danske presten Kaj Munk, som har skrive ei omfattande teatermelding i *Dagbladet* 24. desember. Munk har sett stykket på Dramaten i Stockholm, og er positiv til skodespelet. I likskap med *Bergens Tidende* tidlegare i resepsjonshistoria (10. okt. 1932), omtalar han *Guds grønne enger* som ein revy, men konkluderer med at stykket verker oppbyggande (6).

Sokneprest Arne Arnborg er usamd med *Dagbladet* om at motstandarane av skodespelet manglar grunnlag til å forstå stykket. Arnborg forsvarer dei kristne si rett over «kunstskjønnere» til å dømme skodespelet, nettopp fordi kunsten i dette tilfellet grip inn i den

¹⁴ *Adresseavisen, Arbeider-Avisen* (med eit tillegg), *Bodø Tidende, Vestopland, Stavanger Aftenblad, Nordlandsposten, Tromsø, Haugesund Dagbladet* og *Bergens Arbeiderblad*.

¹⁵ Saka vert også trykt *Stavanger Aftenblad, Haugesunds Avis* og *Sør-Trøndelag* (ein litt annan variant) 30.12. Etter nyttår kjem saka på trykk i *Porsgrunns Dagblad* og *Breviksposten* (2.1.33).

religiøse verda, der dei kristne er ekspertane (*Dagbladet* 3. jan. 1933, 9).¹⁶ Kanskje ser me her ekspertar på kvar sine felt, som ikkje forstår deira eigen tilkortkomenheit i feltet til meiningsmotstandaren.

Til no har me sett at både avisene og debattantane sine posisjonane vert styrka. Det har samstundes vekse fram ei kraftig motstand mot *Guds grønne enger* basert på tidleg omtale av stykket og på utsegna til sokneprest Blessing Dahle og etter kvart sokneprest Arnborg. Sjølv om stemmer som Kaj Munk, Harry Randall og M. Rostad tar til orde for at stykket ikkje er blasfemisk, klarar dei ikkje å endre opinionen. Blessing Dahle og andre motstandarar plasserer *Guds grønne enger* i ein tendens av nedbrytande krefter i samfunnet. På eit konkret plan peiker dei på at stykket er «spottande» og «driv gjøn», i første rekkje med Gud, i andre rekkje med afroamerikanarane. I grove trekk handlar meiningsutvekslingane i denne tidlege fasa av resepsjonen, frå november 1932 til januar 1933, om ein skal sjå på stykket som framsyning av «negerkultur» eller som ein parodisk profanasjon.

Det ballar på seg med protestar!

Nyåret 1933 er prega av protestar frå fleire hald. *Tidens Tegn* trykker 4. januar eit intervju med skodespelar Gunnar Tolnæs, som liker *Guds grønne enger* godt, og skildrar det som ein «bedårende forestilling, med en betagende naiv stemning, det er primitivt, og slett ikke blasfemisk» (3). Tolnæs trekk suksessen i Stockholm fram som eit prov på at folk føretrekk alvorlege skodespel. Det kan verke som om det er noko i denne utsegna, ettersom det humoristiske aspektet ved *Guds grønne enger* vert trekt fram som eit problem ved stykket. Noko som skil seg frå tidlegare resepsjon er at Gunnar Tolnæs ironisk nok peiker på at *Guds grønne enger* er eit alvorleg skodespel.

Vekta i debatten har til no lege på at skodespelet på den eine sida driv gjøn og er hånande, og at det på den andre sida har ein antropologisk verdi. Tolnæs uttaler dessutan at ein bør få ein ukjend skodespelar til å spele Gud i den norske oppsetjinga.¹⁷ Dette er det nok fleire som kan seie seg samde i. Det vert tidleg ymta frampå om at den norske skodespelaren Egil Eide skal spele rolla som Gud (*Dagbladet* 3. nov. 1932, 1). Trass dette er det til slutt svenske Georg Blickingberg som får hovudrolla i skodespelet.

Ein annan skodespelar, Johannes Jensen, skriv eit innlegg i *Dagbladet* 5. januar. Han takkar Blessing Dahle for å vere ein av få som har sett seg inn i saka. Jensen argumenterer

¹⁶ Innlegget står òg på trykk i *Aftenposten* dagen etter, 4.1.

¹⁷ At ein ukjend skodespelar bør spela Gud i den norske oppsetjinga vert attgjeve i fleire aviser i dagane som følgjer, blant anna i *Aust-Agder Blad* 6. januar.

likevel for at *Guds grønne enger* ikkje er blasfemi, men at gudsomgrepet i stykket er forma av at barnlege sinn jamstiller gudstrua til afroamerikanarane med norske barn (5). Jensen får tilsvar frå sokneprest Arne Arnborg i *Dagbladet* 12. januar kor Arnborg hevdar at gudssynet i *Guds grønne enger* er urealistisk «i et virkelig kristent hjem» (5). Derfor trekk han slutninga om at skodespelet er ein «blodig forhånelse av negermentaliteten» (5).

Dagbladet held fram med å overtyde motstandarane om at skodespelet kan vere religiøst oppbyggande. Dei trykker 11. januar eit lang sak med ei rekkje positive tilbakemeldingar på stykket frå utanlandske truande. Desse utanlandske truande er hovudsakeleg amerikanarar som har sett stykket i USA og som tilhøyrrer forskjellige trussamfunn som har til felles at dei byggjer på Det gamle testamentet. *Stavanger Aftenblad* trykker 13. januar eit lesarinnlegg av ein ukjent person om skodespelet, signert Kristoffer Oddsens. Oddsens vil gjerne sjå stykket ført opp i Noreg. Han skriv om mottakinga av *Guds grønne enger* i USA, og kritiserer norske motstandarar av stykket for ikkje å vera opne for andre tolkingar av kristendommen. *Nordisk Tidende*, som er ei norsk avis gjeven ut i USA, skriv 12. januar at ungdommen får vel så mykje religiøs tilførsel av å sjå *Guds grønne enger* som ein får av å gå i gudsteneste halden av prestar som er aktive i protestane mot oppsetjinga av skodespelet (6). Igjen vert det synleg i debatten at resepsjonen av *Guds grønne enger* i USA skil seg frå den norske mottakinga. Tilsynelatande spelar det lita rolle for norske kristne motstandarar at kristne «brør» i USA opplev stykket som religiøst verdfullt.

11. januar trykker både *Fædrelandsvennen* og *Aftenposten* lesarinnlegg som er negative til stykket. Innlegget i *Fædrelandsvennen* er underteikna «t.t.», og slår eit slag for å respektere religionen som tradisjon. Til slutt avslører skribenten òg at haldningane til skodespelet heng saman med synet hans eller hennar på afroamerikanarar: «Og forresten: Har vi ikke nok med negermusikk og Josephine Backer og alt det der sludret, om vi ikke atpaa skal aapne vaare teatre for negerskuespill til latterliggjørelse av verdier som har alders hevd blandt oss» (1). Lesarinnlegget i *Aftenposten* har ei aggressiv tone, og er skriva av advokat Wilhelm Beck.¹⁸ Beck viser her til kollegaen sin Christian Vogt sitt innlegg i *Aftenposten* i november, og er samd med han i at det er intolerant å krenke kristne menneske si tru og heilage kjensler. Han oppfordrar namngitte kristelege organisasjonar, «som representerer 2–300,000 direkte og umiddelbart interesserte», til å protestere, og oppfordrar og «almenheten om ikke å se et kulturbarbari av denne art» (3).

¹⁸ Den same teksten vert trykt i *Morgenavisen* 17. januar 1933.

Orda til advokat Beck har tydelegvis vorte for sterk kost for somme, og han får svar på innlegget sitt av Elsa Bjørnson. Ho har sjølv sett stykket i Stockholm og hevdar at Beck umogleg kan kjenne til stykket for Gud er ikkje framstilt på ein dårleg måte. Dessutan svarar ho på eit argument Beck hadde om at Gud var bland «usømmelege mennesker» på jorda: «Hvis man ikke tåler å se på scenen det man ser i det daglige liv, kan man holde seg unna, for på grunn av så mye omtale vet jo alle hva de går til» (*Aftenposten* 16. jan. 1933, 2). Bjørnson forfektar eit syn på skodespelet som noko ein ikkje treng å protestere mot, men som for andre i hennar «leir» fører ikkje argumenta fram. Bjørnson får ikkje noko svar på innlegget.

I same periode kjem det fleire protestar. Broderringene, ei foreining for forkynnarar og kyrkjelydforstandarar blant den frie kristne verksemda i Oslo, følgjer i fotsporet til Det vestlandske indremisjonsforbundet. I *Morgenbladet* den 9. januar trykker dei følgjande resolusjon:¹⁹

Vi synes også at et teater som har statens, det vil si skatteborgernes villige eller uvillige støtte, også skylder å ta noget hensyn til den religiøse del av vårt folk som ved opførelsen av et slikt stykke vilde føle at det som for dem er hellig og dyrt blir karikert og utlevert til hån og forakt. Især vilde dette i vår tid skade mer enn ellers, da der nu er så mange krefter i bevegelse for å nedbryte kristentroen og ærbødigheten for Gud og det som Guds er (*Morgenbladet* 9. jan. 1933, 3)

Morgenbladet trykker ei anna sak dagen etter som er verd å merke seg, nemleg «Tenk Dem vel og lenge om, hr. Christensen!». Saka er utan namngitt forfattar og skrive i «vi»-form. Me tolkar det som eit uttrykk for at teksten frontar avisa si meining. Teksten vektlegg fråveret av kunstnarisk verdi i stykket. Samstundes vert det poengtert at dette er eit dramastykke som det ikkje er verd å trassa dei mange protestane for:

Vi håber av kjærlighet til Nationaltheatret at det renonserer på 'Guds grønne enger', ti ved å trosse frem opførelsen av et skuespill som betyr litet kulturelt, skader det sin misjon som er så uendelig meget mere, enn å gi en liten, ånds-snobbet krets en mulig intellektuell nydelse. (*Morgenbladet* 10. jan. 1933, 4)

Morgenbladet åtvorar teatersjefen ved Nationaltheateret, Halfdan Christensen, mot å kjempe fram eit skodespel på trass av motstanden som kjem av at stykket krenkjer den kristne befolkninga sine kjensler.

Motstanden fekk eit startskot med Blessing Dahle, og førte til at ei rekkje enkeltpersonar ytra motstand mot stykket. No har me sett at stykket òg får motstand frå institusjonar og samband – Den vestlandske indremisjonsforbund har til og med skrive til

¹⁹ Den same resolusjonen står på trykk i *Østlandets Blad* 10. januar 1933.

styresmaktene og bede dei strame inn reglementet med det mål å hindra framsyninga av *Guds grønne enger*. På den andre sida er dei som synest innstraming av reglementet er skremmande og eit skritt i feil retning. Journalist og forfattar Ragnar Vold har eit interessant innlegg på trykk i *Dagbladet* 14. januar. Innlegget handlar om sensur og manglande pressefridom i Tyskland. Han skriv at ein ikkje *treng* statsensur om ein har ein effektiv, privat sensur, slik som ein har i dåtidas Tyskland. Der, meiner Vold, at teatera veit kva som vert «godtatt» og ikkje av den rådande ideologien, og dette rettar teatera seg etter, noko som fører til ein type sensur. Vold nemner skodespel som har vorte fjerna frå repertoaret på grunn av protestar (han bruker óg ordet «terror») frå «kulturreaksjonen», noko han identifiserer som nazistar (12).

Ein kommunistisk ateist blandar seg inn

Måndag 23. januar trykker *Dagbladet* ei sak som får stor innverknad i debatten og i historia, nemleg saka om Arnulf Øverland sitt foredrag «Kristendommen – den tiende landeplage». Føredraget handlar blant anna om at kristendommen står i vegen for utviklinga av samfunnet og vitskapen. Øverland nyttar arbeidet frå geistleg hald mot oppføringa av *Guds grønne enger* som eit døme på dette.

Dagbladet omtalar føredraget i positive ordelag: «Arnulf Øverland holdt lørdag aften et meget velformet og meget skarpt foredrag i Studentersamfundet» (*Dagbladet* 23. jan. 1933, 2). *Aftenposten* og *Morgenbladet* melder og begge denne dagen om Øverland sitt foredrag, men perspektivet skil seg frå *Dagbladet* ved at dei tek tydeleg avstand frå Øverland og foredraget, og omtalar tilhøyrarane av føredraget som kommunistar. *Morgenbladet* skildrar Øverland som ein mann med «demonisk utseende» og «makaber stemme» (3) og *Aftenposten* omtalar foredraget som eit «praktfullt sammensurium av vås og blasfemi, servert i en saus av anstrengte åndrikheter» (2). Dette indikerer at avisene inntar tydelegare posisjonar etter føredraget til Øverland – når avisene referer frå føredraget til Øverland, tek fleire av dei stilling til innhaldet han ytrar. Fleire aviser melder om talen dei komande dagane.²⁰

Ikkje berre dei store, landsdekkjande avisene posisjonerer seg tydelegare etter Øverland sitt foredrag. Eit par dagar seinare, 25. januar, trykker *Sørlandet* (organ for Det norske Arbeiderparti i Vest-Agder) følgjande sak: «Den tiende landeplage. – Lever vi fremdeles i middelalderen? – Professor Hallesby forlanger kjetterprosess mot Arnulf Øverland» (1). Som tittelen vitnar om, har tala til Øverland fått reaksjonar. Ole Hallesby har

²⁰ 26. januar trykker *Morgenavisen* og *Iste Mai* referatet til *Dagbladet* frå Øverland sin tale

reagert ved å melde Øverland til politiet for gudsspotting.²¹ Hallesby er teologiprofessor ved Menighetsfakultetet og formann for Det norske lutherske indremisjonsselskap. Han vert omtalt som «mannen som ville kristne Norge», og er kjent som ein pietistisk og svært konservativ teolog (Kullerud 1987). I denne skildringa ligg det at han er aktiv med bokutgivingar og føredrag for spreie sitt konservative, kristne budskap. Hallesby ga ut 67 bøker og skrifter som er omsett til over 30 språk, og med det er det nærliggjande å betrakte Hallesby som ein person med stor påverknad i samtida (Kullerud 1987, 7). At han går ut imot Øverland og *Guds grønne enger*, har med andre ord truleg ein innverknad på utviklinga av motstanden mot skodespelet.

Hallesby skriv nokre tekstar om *Guds grønne enger* i dagspressa, blant anna i *Aftenposten* 27. januar. Her stiller han eit spørsmål til teatersjefen om korfor han vil pressa fram eit annanrangs stykke (som manglar kunstnarisk, religionshistorisk og religionspsykologisk verdi), når teatersjefen veit at det vil sára «så mange norske borgere» (2). Dette er eit av få innlegg Hallesby markerer seg med i dagspressa i samband med motstanden mot *Guds grønne enger*. Me undersøkjer sjølvsagt sakene om *Guds grønne enger* Hallesby bidrar med til avispressa, men dessverre har me ikkje hatt høve til å innlemme arbeidet Hallesby gjorde utover dette, trass at han er ein viktig aktør i debatten. Likevel er det viktig å være medviten om utstrekkinga av ideane hans i samtida.

Talen til Øverland får følgjer i resepsjonen av *Guds grønne enger*. Også avisa *ABC* trykker ei sak om foredraget til Øverland signert Gambrinus. I teksten roser Gambrinus Øverland for å vera ein god diktar, men hovudsakleg er teksten ein kritikk mot Øverland. Øverland vert kritisert for å sympatisere med kommunismen, og særleg for ikkje å halda nok på kristelege verdiar. Han vert skulda på for å drive med «ondskapsfull satire» (26. jan. 1933, 9). Artikkelforfattaren peiker på at ein som kristen hamnar i ein underordna posisjon fordi «de [kristendommens tilhengarar] er belemret med den svakhet at de finner emnet uegnet til spøk». Dette veit Øverland «og hans tilhengere» om, og dei kan «med en eneste harcellerende bemerkning [...] rive ned alvoret i diskusjonen» (9).

Ein einsam biskop

Frå den 24. januar dukkar det opp ei sak som ofte står under tittelen: «Hvad der er gjort for å forebygge opførelsen». Teksten står på trykk i fleire aviser same dag, og kjem ifølgje

²¹ Aviser som melder om at Øverland er politimeldt av Hallesby: *Østlendingen* (26.1.), *Arbeideren* (26.1.), *Helgelands blad* (28.1.)

Adresseavisen frå Kristelig Pressekontor. Saka er ei oppsummering av protestane mot oppsetjinga av *Guds grønne enger* som er komne frå kyrkjeleg hald. Den første protesten var retta mot Nationalteatrets styre 11. november, og er underteikna formennene i ei rekkje organisasjonar.

I skrevet står det at dei ikkje har sett stykket, men dei viser til reaksjonar frå Sverige. Protesten er grunna i «at stykket efter vår mening i flere henseender innebærer en profanasjon av det hellige og en latterliggjørelse av en undertrykt befolknings religiøse forestillinger» (4). Vidare sender Det frivillige kirkeråd ein protest til teatersjef Christensen, den 22. desember. Kyrkjerådet slutta seg eksplisitt til nemnte protest. Den siste protesten er sendt til Nationalteatrets styre den 5. januar, og er underskriven av folk med ulike titlar, som til dømes byarkitektar og advokatar. Titlane viser typiske yrker i borgarskapet og er ei sosial klasse som er aktive i debatten. Det treng ikkje tyde at dei er meir engasjerte enn andre, men kan hengje saman med at dei er meir komfortable med å uttale seg i pressa. Denne saka kan ein, i tillegg til i nemnte *Adresseavisen*, finne i ei rekkje aviser.²²

Same dag som protestoppsummeringa dukkar opp i media, 24. januar, trykker *Dagbladet* ei litt merkeleg sak. Dei skriv at teatersjef Christensen har svart på protestane som har vorte sendt til han frå kyrkjelege leiarar (som ofte vert skrive i avisene under tittelen «Hvad der er gjort for å forebygge opførelsen»). Svaret frå Christensen er gjengitt i avisa:

Da jeg med min beste vilje ikke kan innse at der er noe gudsbespottelig eller antireligiøst ved 'De grønne enger', må jeg efter en samvittighetsfull overveielse meddele at jeg ikke finner å kunne imøtekomme Deres ønske om å ta stykket bort fra Nationalteatrets repertoar. Ærbødigst Halfdan Christensen. (5)

Dagbladet prøver så å avslutte diskusjonen, og skriv: «Da saken nu er avgjort, vil *Dagbladet* ikke fortsette diskusjonen» (5). Dei tilsynelatande siste orda gir dei til biskop Eivind Berggrav, som har skrive ei lang teatermelding av *Guds grønne enger*. Som ein sjeldan fugl, trekk han fram at skodespelet ikkje er blasfemisk.

Teatermeldinga til Berggrav står óg på trykk i *Aftenposten* same dag. Han innleier teksten med å skrive at han fekk førespurnad om å vere med på ein protest mot *Guds grønne enger*, men han ville ikkje uttale seg før han hadde sett stykket. Han opplyser derfor om at han i skrivande stund har sett stykket i Stockholm, og lese den engelske originalen. Han skil seg frå alle andre norske kollegaer i debatten ved at har sett og lese stykket, og ved at han ikkje er

²² Aviser som trykker oppsummeringa frå Kristelig Pressekontor: *Aftenposten*, *Tidens Tegn*, *Porsgrunns Dagblad*, *Morgenbladet*, *Jarlsberg og Larviks Amtstidende*, *Østlandets blad*, *Akershus Amtstidende*, *Sør-Trøndelag*, *Sunnmøre Tidend*, *17de mai*, *Breviksposten* og *Nationen*. I nokre av avisene er sakene er litt justert for lengde.

«i ringeste tvil om at stykket ikke bør kalles ‘bespottelig’» (5). Ein av grunnene til det er at han meiner at Gud er framstilt slik som barna på søndagsskolen i første akt ser han. Det er med andre ord ikkje meininga å illudere at Gud sjølv er på scena.

Artikkelen til Berggrav er lang og utførlig, og er strukturert slik at han imøtegår argument som har vore brukt i debatten. Me vil trekkje fram to poeng som er viktige for adaptasjonen. For det første skriv Berggrav at Dramaten har tatt grep for å understreke den «barnlege» tolkinga av Gud.

Og teatret har kraftig understreket det ved noget som vel er enestående i Nordens teaterannaler: Før teppet går op kommer der som lysbillede på teppet en tekst, en prolog, hvori teatrets ledelse meddeler at stykket som kommer, er en dikters forsøk på å ‘fremstille den hellige historie sett fra barnets synspunkt’. Det blir minnet om at for 500 år siden var det almindelig at lignende religiøse optrin blev opført i våre egne kristne land. Og så heter det til sist: “Former og anskuelse veksler under tidenes rastløse løp, men de *evige sannheter påvirkes ikke* av hvordan menneskene i sin svakhet og ufullkommenhet prøver å gjengi dem. (Aftenbladet, 24. jan. 1933, 5)

Teaterregissøren på Dramaten i Stockholm har med andre ord møtt nokre av argumenta i motstanden mot skodespelet: Tilpassinga fortel eksplisitt korleis ein skal forstå gudsframsyninga som eit bilete skapt av born, og med dette vert det understreka at framsyninga ikkje er eit forsøk på ei «realistisk» gudsframsyning. Dramaten peiker òg på at det finst ein historisk tradisjon for å syne fram Gud på scena – det er altså ikkje noko som spring ut av ein «moderne forfallen moral».

Det andre grepet som har vorte gjort for å tilpasse skodespelet til ein skandinavisk kontekst er ifølgje Berggrav at Gud, slik rolla vert framstilt i Stockholm, er gjort kvit, medan dei andre på scena ikkje er det:

Her er det et viktig punkt at mens alle andre ‘himmelpersoner’ i stykket er utklædt – med flagrende kapper og vinger etc. – er ‘Gud’ den eneste som dette ikke er tilfallet med. De andre er alle negre, ‘Gud’ er det ikke. Han fremtreder som undtagelsen, som den enestående. (*Dagbladet* 24. jan. 1933, 5)

Å trekkje fram dei grepa som har blitt gjort for å tilpasse *Guds grønne enger* til eit svensk publikum, styrker Berggrav sitt argument om at ein ikkje bør uttale seg før ein har sett stykket, og kva for grep som er vert gjort i det.

Sjølv om Berggrav ikkje synest stykket er blasfemisk, er han langt ifrå imponert over skodespelet. Han skriv at stykket og regi er av «meget variabel verdi» (5). Han utdjuar: «Og selv med dette store sceniske opbud vil jeg ikke si at stykket for mig var nogen egentlig ‘oplevelse’ [...] Rent litterært staar stykket ikke svært langt fra slikt som ‘Reisen til julestjernen’ og lignende som jo ogsaa kan være yndige og betagende» (5). At han

samanliknar skodespelet med *Reisen til julestjernen*, gir eit heilt anna bilete av kva for *stil* stykket er i, enn tidlegare nemnde «løsslupne revystil» (*Bergens Tidende* 7. okt. 1932, 10). Berggrav summerer det slik: «religiøst kan der være delte meningen om vurderingen, men der burde være enighet om at stykkets opførelse ikke betyr nogetsomhelst angrep paa religionen og kan bety vinding for den» (5).

Som den einaste norske presten som til no uttrykk seg positivt om *Guds grønne enger*, får han naturlegvis reaksjonar. 7. februar trykker *Smaalenenes Amtstidene* saka «Vårt Nationalteater og ‘Guds grønne enger’» signert Ivar Th. Aarseth, sokneprest i Aremark i Østfold. Aarseth uttrykkjer at han er overraska over at biskop Berggrav har talt for oppsetjinga av stykket: «Og i det allersiste har teaterchefen fått en – visstnok for mange ret uventet – støtte fra en mann, om hvis sunde omdømme på det kulturelle område man hittil ikke synes å ha hatt nogen grunn til å tvile, nemlig biskop Berggrav» (3). Til slutt oppmodar han Nationaltheatret til ikkje å setje opp stykket, «for vår ungdoms skyld og for sin egen [Nationaltheatrets] skyld» (3). *Bondebladet* viser òg at dei er skeptiske til biskopen: «Hans [Berggravs] innstilling i denne saki ligg umlag på lina med ein sportsjournalist – og ikkje ein bisp» (17. mars 1933, upaginert). Utsegna frå *Bondebladet* indikerer at Berggrav bryt med forventingane ein har til ein prest, og illustrerer at han skil seg ut som den einaste norske geistlege som går god for *Guds grønne enger*.

«En prest som har sett ‘Guds grønne enger’»

Jarlsberg og Larviks amtstidende trykker 1. februar ein tekst der tre kyrkjelege leiarar talar mot oppføringa av *Guds grønne enger*.²³ Dei tre kyrkjelege leiarane er biskop M. Bjønnes-Jacobsen, Ole C. Iversen (domprost i Bergen) og Jørgen Thrones (domprost i Hamar). Motstanden mot stykket er grunna i forskjellige typar argument. Bjønnes-Jacobsen skal ha uttalt at han har sett nok av stykket til at han kan gjere seg opp ein meining om det, og at han «synes det er overmåte sørgelig at det overhode kan bli tale om at et sådant stykke skal bli ført frem i et ‘kristent’ folk» (4). Iversen ser heller ikkje relevansen stykket har for eit norsk publikum, og konkluderer med at motivasjonen til teateret må vera økonomisk: «Men la det være som det vil, hvilken interesse kann [sic] det ha for oss her oppe i Norge å lære disse overdrevent naive forestillinger å kjenne? Var der i virkeligheten noget teater som vilde føre dette skuespill frem, hvis man ikke tenkte det skulde bli et kassestykke?» (4). Iversen slår

²³ *Laagen* (1) og *Haugesunds Avis* (7) har den same saka som i *Jarlsberg og Larviks Amtstidende* på trykk dagen etter, 2. februar. *Laagen* trykker ein kortversjon av saka.

altså ned på å syne fram det heilage for å tene pengar. Thrones peiker på at skodespelet er blasfemisk. Han trekk òg fram at det er ufint å setje opp stykket fordi utlevering av dei sokalla naive si tru: «Efter min mening bør det protesteres på det kraftigste mot at ‘Guds grønne enger’ oppføres på Nationaltheatret. Skuespillet er blasfemisk. Og det viser forakt for lavere stående [sic] mennesker. Begge deler er simpelt» (4).

10. februar vert det uttalt motstand mot framsyninga av skodespelet i *Eidsvold blad* (Same sak vert trykt i *Akershus Amtstidende* 15. feb. 1933), denne gongen også frå kristeleg hald. Avisinnlegget heiter «Den sceniske fremstilling av Gud / er en meget alvorlig sak som ingen kunstner bør innlate sig på, sier Norsk kirkeblad». Teksten er henta frå Norsk Kirkeblad, kor pastor dr. Hans Ording er redaktør. Teksten imøtegår argumentet om at eit skodespel ikkje kan kallast blasfemisk fordi tilskodaren er medviten om at personen på scena ikkje er Gud sjølv, men ei (barnleg) førestilling. Ording går mot dette synet: Sjølv om skodespelet er ein illusjon, vil ein illusjon alltid krevje eit røyndomsmoment i opplevinga. Det vert òg peika på at ein som tilskodar vert «rive med» dersom illusjonen er god, noko som kan føre til at «man glemmer avstanden mellom ens egen religion og negerbarnas» (4). Argumentet legg til grunn ein korrelasjon kor godt skodespel er samanfallande med høg grad av gudsspotting.

I teksten vert det dessutan foreslått å ta tilbake biletforbodet av Gud, som «egentlig hører med til de 10 bud» (4), noko som er interessant fordi *Guds grønne enger* i dette tilhøvet blir brukt til å leggje fram ei generell innvending. Det vert vektlagt at det er framsyninga av Gud som i dette tilhøvet er ekstra ille: «Er nu den sceniske fremstilling av Gud overhodet uriktig, så blir den naturligvis desto verre, når det gudsbillede som fremstilles er så lavt og undermåls som i ‘De grønne enger’» (4). Det er altså to argument i teksten: Eitt generelt mot framsyning av Gud og eitt spesifikt mot framsyninga av Gud i oppsetjinga av *Guds grønne enger*.

Prestane uttaler seg ikkje berre om religiøse aspekt ved skodespelet. *Aftenposten* trykker artikkelen «Til sammenligning» av presten Bredo Lund 9. februar. Han innleier med å informere om at det har vert gjort ei rekkje tilpassingar i samband med oppsetjinga av skodespelet *Diktator* (namn har blitt endra, militæruniformer er teke vekk), av omsyn til at den italienske nasjonalkjensla ikkje skal bli krenkt. Han nyttar dette som ein bakgrunn og samanlikningsgrunnlag for handteringa av *Guds grønne enger*, og spør kvifor ein skal ta omsyn til nasjonalkjensla i Italia og ikkje til kristne i Noreg. Lund etterlyser med andre ord eit kulturelt omsyn.

23. februar trykker *Morgenavisen* saka «En prest som har sett ‘Guds grønne enger’» med undertittelen «Hvis dette er kunst, setter man små fordringer til kunsten». Teksten er eit miniintervju med Ludwig Schübelen, sokneprest i Vaterland i Oslo. Han har protestert mot stykket og har nyleg sett det i Sverige. I spørsmålet om han faktisk har sett stykket svarer han:

- Jo. Jeg var jo med og protesterte mot stykkets opførelse hos oss, og jeg fant at burde se det, til tross for at jeg ellers aldri går i teatret. Men det er sant, at hvis folk regner dette for kunst, så må jeg si at man setter små fordringer til kunsten. Etter at ha sett stykket, er jeg ennu mer glad for at jeg var med på protesten. (5)

Vidare spekulerer han i at den einaste grunnen til at eit stykke med så låg kunstnarisk verdi vert sett opp, er at «man håper på sensasjon og derav følgende fortjeneste» (5).²⁴

Sjølv om dei fleste prestar er samstemde om skodespelet, finst det nokon unntak. Eit døme kor det kjem fram er i «En sogneprest forsvarer Guds grønne enger» i *Tidens Tegn* 17. februar. Teksten handlar om sokneprest Alf Hauge (Børse i Trøndelag) som dagen i førevegen heldt føredraget «Kirken og de aktuelle etiske oppgaver». Føredraget vart halde i norske studenters kristelege forbund. Han skal ha peika på at kyrkja er røyndomsfjern, og oppmoda kyrkja til å rette blikket utover: «La oss få vinduene op i vår kirke. La oss bøie oss ut og se livet som det leves» (7). I forlenginga av at kyrkja er røyndomsfjern skal han ha spurt: «Hvad er mest blasfemisk, Vår Herre i bonjour eller nadverdens innstiftelsesord kringkastet i et pjoletterdrikkende herreselskap?» (7). Ein kan altså sjå føre seg at Hauge meiner motstanden mot oppsetjinga av *Guds grønne enger* er sneversynt, og at oppsetjinga ikkje er så viktig i den store samanhengen.²⁵ Sjølv om Hauge er for at skodespelet skal setjast opp, får han liten innverknad på debatten i dagspressa. Biskop Berggrav vert i mykje større grad trekt inn, noko som kanskje heng saman med at han har skrive lesarinnlegg i dagspressa sjølv. Me vil likevel seie at Berggrav får uhøveleg mykje tyn til å berre ha skrive eitt lesarinnlegg.

Andre enn prestar held òg fram

Til no kan det verke som om motstandarane av stykket i hovudsak er prestar, og at forkjemparane, med *Dagbladet* i spissen, er høgt utdanna, verdsvande menn. 14. januar har meinigmann C. Thune Larsen eit innlegg på trykk i *Aftenposten*, som poengterer dette. Innlegget til Thune Larsen skil seg ut ved at han deltek i diskusjonen fordi han saknar stemma til meinigmann i debatten. Han gjer eit poeng ut av at debatten er prega av kyrkjelege leiarar på den eine sida og kulturprofilar på den andre. Thune Larsen har sett framsyninga i

²⁴ Det same innhaldet frå denne saka blir trykt i *Moss Tilskuer* nokre dagar seinare, 28. februar.

²⁵ Ein kort notis om føredraget er også på trykk i avisa *Sør-Trøndelag* 23. februar 1933 (2)

Stockholm, og er positiv til å setje opp stykket i Noreg. Sidene ved framsyninga av Gud som har vorte kritisert, understrekar Thune Larsen at ikkje er spottande, men at det er Gud sett gjennom eit menneskeleg filter: «At Gud både drikker en leskedrikk, spiser, og røker sin cigar – det er vel ikke ensbetydende med at han fremstilles som noget mindreverdige menneske; det fremhever bare at Gud her fremstilles i menneskets billede» (6).

Som vi skal sjå, finst de stemmane Thune Larsen etterlyser i debatten sjølv om det kanskje ikkje verker slik. Mange av dei «vanlege» stemmene kjem helst til uttrykk i aviser som kjem i mindre opplag, som interesse- eller lokalaviser. Eit anna aspekt er at mange av dei «vanlege» stemmene kjem litt etter Thune Larsen i tid.²⁶

3. februar trykker *Laagen* ein kort tekst som vert spreidd i mange lokalaviser.²⁷ Teksten skriv av tidlegare nemnde formann i Bondekvinnene, Olga Bjoner. Bjoner skriv at det, trass protestar og åtvaringar, er faststemt at *Guds grønne enger* skal setjast opp på Nationaltheatret. Det vert tydeleg at Bjoner er motstandar av oppsetjinga. I likskap med andre, særleg prestar, trekk Bjoner inn det som kan verte tolka som ei førestilling av moralsk og religiøst forfall i samfunnet: «En del mennesker forsvarer det og mener det er søtt, yndig o.s.v. Det later til at den religiøse moral også tar på å bli litt slitt i kantene» (1).²⁸ Eit aspekt ved innlegget til Bjoner er at ein kanskje kan sjå føre seg at kommentaren er mynta på kvinner. Den korte teksten inngår nemleg i ei samling smånotis kalla «Heim og samfund», som inneheld tekstar om moral, barneoppseding og lure triks for å bli kvitt snue. Desse temaa var truleg å rekne som interessante og aktuelle for (heimeverande) kvinner på 30-talet. Å plassere ein motstandstekst mot *Guds grønne enger* i denne konteksten, vitnar kanskje om at det er eit heitt og engasjerande tema – også for «vanlege» husmødrer rundt om kring i landet. Det kan også vitne om eit forsøk på påverknad frå Bjoner si side. Bjoner hadde ein viss status, og vert ei stemme for eller til desse kvinnene, alt ettersom.

Også aviser som tidlegare ikkje har meldt om stykket, kommenterer no *Guds grønne enger*. 16. februar trykker *Dunderlandsdølen* (lokalavis i Mo i Rana) lesarinnlegget «Av hensyn til statsbudsjettet», signert Indignert. Skribenten går hardt ut mot det politiske budsjettforslaget for 1933 og -34, kor det er lagt opp til at 1300–4000 arbeidsplassar i

²⁶ Eit døme på ei «vanleg» stemme kjem til syne i *Harstad Tidende* 1. februar. Under lesarinnlegget «Er det synd?» kritiserer den ukjende skribenten ei sak i *Midnattsol* (eit nynorsk ungdomsblad i Nord-Norge) som har vore positiv til oppsetjinga av *Guds grønne enger*. Om skodespelet skriv avsendaren at Kristus ikkje har gitt «anvisning på denne form for forkynnelse» (1933, 4).

²⁷ *Gudbrandsdølen* (3. feb.), *Østlendingen* (4. feb.), *Østlandets Blad* (4. feb.), *Nordland* (4. feb.), *Eidsvold Blad* (4. feb.), *Sogns Avis* (7. feb.).

²⁸ Same notis vert trykt i *Østlendingen* (4. feb.), *Østlandets blad* (4. feb.), *Nordland* (6. feb.), *Eidsvold Blad* (6. feb.) og *Sogns Avis* (7. feb.).

jarnbaneetaten skal kuttast. Lesaren trekk inn oppsetjinga av engene, som han assosierer med noko dyrt og unødvendig, tiltenkt ein elite. Ifølgje Indignert er kostnadsprioriteringane gjort på ein måte som ikkje kjem folket til gode. Innlegget frontar ein motstand mot at debatten om *Guds grønne enger* har vorte så stort, og skodespelet og striden rundt vert skildra som unødvendig. Dessutan kan ein seie at skribenten nyttar *Guds grønne enger* til å fremje eigen politiske ståstad ettersom han eller ho trekk inn skodespelet i ein kritikk av statsbudsjettet.

22. februar trykker *Fiskaren* saka «Reketråling og annet», som har eit liknande perspektiv på saka. Saka, skrive av Kr. Nilsen Skogsø, handlar i hovudsak ikkje om *Guds grønne enger*, men om fiskeripolitikk. Innleiingsvis i saka står det: «Mon tro teaterfolk leser bladet 'Fiskaren'? I så fall vil jeg foreslå at der i 'Guds grønne enger' blit inntatt en akt til» (7). Deretter skriv han ut ei scene, som ikkje høyrer til skodespelet, for å illustrere eit politisk poeng. *Guds grønne enger* vert altså trekt inn i saka som eit retorisk middel på ein måte me synest er interessant fordi det seier noko om omfanget til striden om oppføringa; skodespelet har blitt eit felles referansepunkt ein kan nytta retorisk for å illustrere eit poeng.²⁹ Ein annan dimensjon ved teksten er setninga «Mon tro teaterfolk leser bladet 'Fiskaren'»? Her kan ein skimta eit skilje, der «teaterfolk» ikkje er dei same som les *Fiskaren*, som ein kan anta er folk knytt til fiskerinæringa eller fiskarar frå Bergen.³⁰ Kanskje er det ein skilnad mellom byfolk og folk frå landet, og samstundes kan utsegna avdekka ein forståing av klasseskilnadar.

11. februar trykker *Arbeiderbladet* saka «Guds grønne enger og kirkesang», signert Johannes Jensen.³¹ Jensen legg ut om motstanden mot oppføringa av stykket, og meiner det er mykje styr for ei sak som eigentleg ikkje er så viktig. Han trekk inn eit økonomisk aspekt ved å hevde at teatera arbeider under vanskelege økonomiske høve, og slår eit slag for ei oppsetjing. Oppsetjinga av *Guds grønne enger* vert trekt fram som ein fin måte å få inn pengar på. Jensen påpeiker det ironiske ved at motstandarane av oppsetjinga typisk ikkje er positive til store offentlege pengeløyve til kulturfeltet i utgangspunktet. I dette tilfellet vil gruppa Jensen teiknar som typiske motstandarar av oppsetjinga vera negative til offentleg økonomisk støtte og til at teateret sjølve tener pengar.

²⁹ Januar og februar er prega av meiningsytringar om *Guds grønne enger*, og me merkar oss at det er mykje aktivitet i avisar i området rundt Bergen i denne perioden. Grunnen til det, er at det vert spekulert i om *Guds grønne enger* skal opp i Bergen óg. Det er mykje aktivitet i avisene på Vestlandet, og langt ifrå alle peiker på at det er skodespelet i *Oslo* dei protesterer mot. Me meiner at debatten ikkje hadde fått same utstrekking om *Guds grønne enger* utelukkande var meint for ei scene i hovudstaden.

³⁰ *Fiskaren* var ei riksdekkjande avis for fiskerinæringa på Vestlandert, gitt ut i Bergen. Avisa vart etablert for å arbeide for fiskarane sine sosiale og økonomiske kår (Flo 2010, 108).

³¹ Same skodespelar som nemnt tidlegare.

18. februar har *Adresseavisen* teksten «Land og folk» (14) på trykk, signert Lektor K. E. Marstrander, Røros. Marstrander har skrive eit dikt på rim som eit innlegg i debatten om oppføringa av *Guds grønne enger*. Blant anna står det: «Landet og folket var ett og det samme, / begge stod godt i den felles ramme», «For teatereffekt en forlystelseskveld / en cigarett byr man Livs-Herren selv». Marstrander kallar *Guds grønne enger* ei døgnfloge frå orm, og dette kan det liggje at skodespelet er ubetydeleg i den store samanhengen, samstundes som det kjem frå ein vond plass (orm). Det verkar som om det vonde vert bunde saman med rekvisittane «cigarett» og «forlystelseskveld».

Ein kontrast til den folkelege tona i innlegga til eksempelvis C. Thune Larsen, Bjonner, Indignert, -r og Kr. Nilsen Skogso, er ein tekst skrive av forfattar Halfdan Høstmark. Høstmark har saka «Kan kunsten omskape det frivole og blasfemiske? Et ord av Bjørnson» på trykk i *Aftenposten* 14. februar. Han tek utgangspunkt i noko Bjørnstjerne Bjørnson skal ha skrive om «den ypperste form», nemleg:

Men ingen kunst, selv den høieste, dækker over savnet av sædeligt alvor. Ikke den ypperste form gir vederlag for livsværdi. Ingen sort behændighed skjuler over hjærtets raahed, intet vid undskylder uopdragenhed, ingen moro gjør løgn og ondskab tilladelig, intet fyrværkeri av aand, ingen stil i kjælenskab redder en bog med slibrigt æmne fra at føles tom. Er dette tydeligt nok? (5)

Høstmark koplara det Bjørnson skriv til oppsetjinga av *Guds grønne enger* – altså hevda han at ein ikkje kan unnskylda fråværet av «sædeligt alvor» og at ein ikkje kan akseptere «løgn og ondskap» berre fordi humor er involvert. Høstmark tek rett nok atterhald om at *Guds grønne enger* ikkje nødvendigvis lev opp til å kunne kallast «den ypperste form»:

Om dette med med ‘den ypperste form’ passer på ‘Guds grønne enger’ skal jeg ikke ha uttalt mig om. Det er godt mulig, hvad mange hevder, at selv ikke formen holder mål i dette stykke. I så fall burde jo ingen være i tvil om hvor det hører hjemme. Og selv med den ypperste form hører det ialfall ikke hjemme på en scene som representerer et kulturfolks høieste kulturelle og litterære centrum. (5)

Høstmark understreker at *sjølv om* stykket hadde hatt den «ypperste form», hadde det ikkje høyrte heime på «kulturfolks høieste kulturelle og litterære sentrum». Det er altså inga tvil om at Høstmark vurderer *Guds grønne enger* som ein verdimesig lågt skodespel.

Same dag, 22. februar, trykker *Oppland Arbeiderblad* eit kort lesarinnlegg, som ikkje er signert med namn. Lesarinnlegget er skrive i ei morosam tone, og informerer om at ein prest som har vore aktiv i avisene med protestar mot oppsetjinga av skodespelet no skal halde føredrag om stykket (1 kr for vaksne og 50 øre for barn). Lesaren peiker på eit paradoks: Presten har omtalt *Guds grønne enger* som eit stykke med låge moral, som det ikkje er riktig å tene

pengar på. Men no skal han sjølv halda føredrag om stykket og tena pengar på det. «Pengene skal gå i prestens egne lommer. - Kan det da ikke spørres: Hvilken forskjell er det på å drive scenisk forretning og annen forretning på Gud, f.eks. en prests egeninteresserte utnyttelse av situasjonen? Jeg synes dette minner mig om det gamle slagord om prestesekken som aldri blir full» (5).

Sjå til naboen

Argumenta me har sett til no, legg tyngda si forskjellige stadar. Ei rekkje ytringar peiker på at *Guds grønne enger* er eit blasfemisk stykke som krenkar kristenfolket og spottar Gud. Særleg mange lærde kristne trekk fram det blasfemiske ved stykket. Stykket vert framstilt som ein «løssluppen revy» som saman med humoristiske trekk ved skodespelet vert brukt som grunnlag for korfor stykket er blasfemisk. Andre vektlegg derimot at *Guds grønne enger* ikkje passar «oss her i Noreg». Dette argumentet blir møtt av at ein har godt av å få nye impulsar («sette våre trege tanker i sving») og at stykket har ein antropologisk verdi som ein kan lære av. Her går argumenta i ring, og ein kontrar med spørsmålet om kva for relevans det har for nordmenn å lære om folk frå «sydstatene».

Framsyinga av folk frå «sydstatene» blir dessutan kritisert. Fleire peiker på at *Guds grønne enger* er utleverande og ein «forhånelse» av afroamerikanarane si tru. I forlenginga av dette argumentet vert det stil spørsmål om kva intensjon forfattar Marc Connelly har. Fleire hevdar at ein ikkje skal uttale seg om stykket før ein har sett det, og dette argumentet er særleg mynta på dei som protesterer mot oppsetjinga. Vrir ein litt på argumentet, kjem det eit anna til syne: Ein må ikkje oppsøkje noko ein ikkje ønskjer å sjå! Som ein kan sjå ut ifrå argumenta som vert nytta i debatten, er dei mange og til dels motstridande. Nokre argument møter ein annan, men stort sett vert dei trykt utan at nokon kjem med eit konkret svar.

Det er likevel langt ifrå alle sakar om *Guds grønne enger* som er lesarinnlegg, kronikkar, eller andre eksplisitte meiningsytringar. Som eit supplement til den norske resepsjonen, siv det inn korte notisar om korleis situasjonen utspeler seg i Finland i den norske pressa. Me kan sjå at reaksjonane i Finland på sett og vis føregrip den norske resepsjonen. I samband med at Folketeatret i Helsingfors vil setje opp stykket, har prestar frå Østerbotten heldt møte og uttalt «at det var meget beklagelig at en finsk scene hadde planer om å opføre skuespillet, og man besluttet å rette en henvendelse til innenriksdepartementet for å få det til å gripe inn» (*Arbeiderbladet*, 4. jan., 5).³² Den 25. januar skriv *Aftenposten* at ein kjend teolog, Peivensalo,

³² *Morgenavisen* melder om det same 16. januar.

i Finland har meldt interpellasjon i riksdagen, og 20 riksdagsmenn har tilslutta seg interpellasjonen (4).³³ I Finland fører protestane ganske raskt fram, og i byrjinga av februar trykkjer ei rekkje aviser ei kort NTB-notis om at skodespelet ikkje skal setjast opp i den finske hovudstaden, trass i at stykket på førehand allereie har blitt antatt.³⁴

Morgenbladet trykker 8. februar ei sak som formidlar den offentlege grunngevinga som er utsendt om kvifor skodespelet vart trøkke. Avgjernaden vert grunngeva slik:

Da skuespillet 'Guds grønne enger' er gjort til et offentlig stridsspørsmål og av politiske grunner endog er trukket inn for riksdagen, har teatret som i egenskap av offentlig kunstanstalt ønsker å tå utenfor denslags stridigheter, besluttet å fjerne vedkommende skuespill fra sitt repertoire. (2)

I Finland kan ein sjå at diskusjonen om skodespelet har nådd den politiske sfæra i februar, noko som har ført til at oppsetjinga har vorte stoppa. Så langt har ikkje Noreg kome på same tidspunkt, men utviklinga i nabolandet førespeiler kva som kjem til å skje også i Noreg. Ein kan tenkje seg at meldingane frå Finland fungerer som «inspirasjon» for norske mostandarar til å kjempe mot stykket fordi ein ser at det fungerer i eit land som ikkje er så fjernt frå sitt eige. Eit døme på dette er sokneprest Blessing Dahle, som skriv: «Det viste sig i Finland at da saken blev innanket for riksdagen, lot teatret dette stykke utgå av sitt repertoire» (*Haugesunds Avis* 20. mars 1933, 4). I Noreg er det spesielt ein aktør som vert viktig for å hale *Guds grønne enger* inn på Stortinget, nettopp Blessing Dahle.

«Sokneprest Blessing Dahle løper løpsk!»

14. februar kjem det ei viktig nyhende. *Dagbladet* melder om at *Guds grønne enger* skal setjast opp på Nationalteatret i byrjinga av mai! Dessutan er det gjort avtale med den svenske skodespelaren Georg Blickingberg om at han skal ha rolla som Gud i oppsetjinga. Dette er nok dårleg nytt for Blessing Dahle. Under overskrifta «Sokneprest Blessing Dahle løper løpsk» rapporterer *Dagbladet* 1. mars om eit føredrag halde av Blessing Dahle (3). Føredraget fann stad på Gjøvik dagen i førevegen, og 200 mennesker skal ha møtt opp. *Dagbladet* informerer om at Blessing Dahle skal halde det same føredraget i Bergen og Hamar. Utover i mars og april kjem soknepresten til å turnere fleire stadar, og til slutt har han vitja Oslo, Bergen, Hamar, Trondheim, Stavanger, Haugesund, Skien, Porsgrunn, Larvik, Sandefjord,

³³ Den same notisen står i *Østerdølen* to dagar seinare. I slutten av månaden kjem ei oppdatering på saka, og *Tidens Tegn*, *Bergens Tidende*, *Vestfold Arbeiderblad* og *Vestfold Fremtid* melder den 30. januar om at *Guds grønne enger* skal ha premiere i Finland.

³⁴ Aviser som melder om at engene ikkje skal opp i Helsingfors: *Arbeiderbladet* (3. feb.), *Bergens Arbeiderblad* (3. feb.), *Morgenbladet* (4. feb.), *Sunnmørsposten* (6. feb.), *Vestlandske Tidende* (6. feb.).

Tønsberg, Horten og Drammen. Føredraget får mykje å seie for utviklinga av debatten. Som me veit, er soknepresten ein aktiv motstandar mot stykket og han spreier driftig bodskapet om at *Guds grønne enger* driv gjøn med det heilage. Me meiner at soknepresten sender debatten om *Guds grønne enger* i ei meir politisk retning. Politiseringa skjer særleg gjennom ein underskriftskampanje for å forby framsyning av Gud på scena som vert sendt til regjeringa. Motstanden mot skodespelet har altså fått eit politisk mål. I samband med det ser me ein tendens kor avisene tek tydelegare standpunkt i debatten, og som etter kvart blir delaktige i korleis forløpet utviklar seg.

Føredraget på Gjøvik var altså det første av mange. I nemnte artikkel i *Dagbladet* 1. mars, vert det hevda at Blessing Dahle kom med kraftige angrep på aviser som har forsvart stykket, då fyrst og framst *Dagbladet*. Også biskop Berggrav skal ha fått gjennomgå. Etter føredraget vert ei liste sendt rundt i lokalet med ei oppmoding til publikum om å skrive under på kravet om å forby framsyning av Gud på scena. Underskriftskampanjen var retta mot Stortinget, og dei underteikna oppmoda til at framsyninga av Gud på scenen skal bli forbode gjennom lova.

Frå midten av mars månad aukar merksemda på Blessing Dahle i mediene. Tendensen startar nokre dagar før soknepresten skal halde føredrag i Oslo. I *Aftenposten* 13. mars kan ein lese at Blessing Dahle skal halde føredraget sitt i Oslo 17. mars. *Aftenposten* skriv at han «i den siste tid [har] gjort sig bemerket ved sin skarpe og uforferdede optreden under diskusjonen om skuespillet» (2). Omtala av soknepresten som «skarp» syner at *Aftenposten* ikkje er negativt innstilte til han, ei haldning som skil seg skarpt frå haldninga til til dømes *Dagbladet*. Avisa bygg vidare opp etoset til soknepresten: «Sognepresten har jo også sjeldne forutsetninger til å kunne bedømme verdien av dette meget omtalte neger-skuespill, da han som misjonærsønn er født og opvokset i Zululand og har tilbragt 28 av sine år der. Dessuten har han studert primitiv kultur og etnografi ved Hamburg universitet» (2). Lesarane blir informerte om at Blessing Dahle vil gjennomgå stykket for å vise at det er ei religionshistorisk og -psykologisk misforståing, og at han vil påverke opinionen, soleis at Stortinget ved lov kan forby sceniske framstillingar av Gud «slik som man har det i England» (2).

Blessing Dahle held det første føredraget sitt i Oslo 17. mars. *Aftenposten* informerer om at føredraget skal finne stad i Calmeyersgate misjonshus, at sokneprest Hygen leier møtet og at stortingspolitikarar og sjefen i Nationaltheatret er inviterte. Dagen etter melder både *Aftenposten* og *Dagbladet* om føredraget.

Forfattar og journalist Axel Kielland dekkjer (under pseudonomet Tattler) i *Dagbladet* føredraget til Blessing Dahle, og haldninga til *Dagbladet* skin tydeleg gjennom.³⁵ Tattler går hardt ut og samanliknar publikummet på føredraget med farisearane, og indikerer dermed at forsamlinga ikkje er i stand til å tenke sjølve, men tek soknepresten sine ord for sanning grunna yrket og posisjonen hans.

... han [Blessing Dahle] utnyttar sine fromme tilhøreres usakkyndighet til å gi dem et galt forhåndsinntrykk av saken. Presten sier hvad han finner for godt og fortier hvad der passer ham, og de moderne fariseere klager til Stortinget og går dypt rystet hjem i den sikre tro at Nationalteatret akter å spille en Chat Noir-revy med Vårherre som et trekkplaster a la Rose. (18. mars 1933, 7)

I tillegg til at publikum vert samanlikna med farisearar, ser me i sitatet over at Blessing Dahle vert skulda for å trekkje ut delar av saka og unnlate andre. Han vert med andre ord tillagt uærlege hensikter. Måten Blessing Dahle blir skulda for å trekkje ut og blåse opp enkelt delar av stykket, får ifølgje *Dagbladet* store konsekvensar. Etersom tilskodarane er bastante i si feiloppfatning (lik som farisearane), låser dei seg til Blessing Dahle sin versjon, og antar med det at teatret skal setje opp ein sokalla «Chat Noir»-revy kor latterleggjering av Gud og kristendommen står i sentrum. Avisa tillegg også Blessing Dahle eit skjult motiv for å ville hindra oppføringa. Det skjulte motivet handlar om at stykke kan framme ei tanke som svekkjer kyrkja si posisjon (*Dagbladet* 1933, 7). I denne reportasjen framstiller avisa Blessing Dahle som smart, utspekulert og egoistisk, og tilhøyrarane vert framstilte som gudfryktige, lite kritiske overfor kristelege leiarar, skinheilage og kanskje litt enkle.

Også *Aftenposten* melder 18. mars om føredraget. Salen og første galleri i Calmeyergatens Misjonshus skal ha vore fylt opp kvelden i førevegen. Det skal ha vore eit par tusen tilskodarar i salen (*Aftenposten* 18. mars, 6).³⁶ Tona i artikkelen i *Aftenposten* er ei ganske anna enn i *Dagbladet*. *Aftenposten* gjer att talen til soknepresten utan sjølv å ha ei synleg stemme i teksten. Under tittelen «Fremstilling av Gud på scenen ønskes forbudt ved lov» får lesaren eit inntrykk av kva delar av soknepresten sitt føredrag *Aftenposten* har trekt fram. Hovudfokuset ligg nettopp på at «Vi kjenner ingen legemliggjøring av Jesus Kristus» (1). Særleg vektlegg avisa måten lekamgjeringa av Jesus vert gjort på, og stykket i sin heilskap blir kritisert for å vere i eit miljø som er alt anna enn «ophøiet og hellig» (1). Med dette kan det verke som om det ikkje er Gud på scena som er det eigentlege problemet, men konteksten Gud blir plassert i. Skilnaden mellom tona til *Dagbladet* og *Aftenposten* er eit godt

³⁵ *Oppland Arbeiderblad* trykker 20. mars same sak som *Dagbladet*, under den forklarande undertittelen «Hvad Tattler har å fortelle» (upaginert).

³⁶ Calmeyergatens misjonshus romma meir enn 5000 menneske.

døme på at avisene fortel same sak på forskjellig måte. *Dagbladet* sin omtale er prega av latterleggjering av utsegnene til soknepresten, og ved å nytte ironi skapar *Dagbladet* ei avstand til tilskodarane og meiningane til Blessing Dahle. Tattler let kritikken gå over hovudet til Blessing Dahle og tilhengjarane. *Dagbladet* bidreg til å skape ein polarisert debatt. *Aftenposten* distanserer seg ikkje på same måte, samtidig som avisa heller ikkje openbert støttar soknepresten.

18. mars syner *Arbeiderbladet* seg som ei framsynt avis. Under overskrifta «Stortingsvalg på *Guds grønne enger*» rapporterer dei frå føredraget i misjonshuset i Calmeyersgate dagen før. Reportasjen er lang og går nøye gjennom sokneprestens poeng samt informerer om protestlistene. Om ikkje lista over protesterande er nok for å stoppe oppsetjinga av *Guds grønne enger*, har soknepresten endå eit triks i ermet. Overskrifta viser til ei oppmoding frå Blessing Dahle om å bruke stemmerøysta for å hindra oppsetjinga: «Og vil ikke stortinget gripe inn, forstod vi [*Arbeiderbladet*], så måtte kristenfolket reise sig og sørge for at det kommende storting får et sikkert flertall for pastoren og hans meningsfeller!» (7). Gjennom å engasjere folket, skyv han ansvaret for teaterstykket frå Nationaltheateret over til politikken. *Arbeiderbladet* får langt på veg rett: Strida om *Guds grønne enger* får ein synleg plass i den politiske debatten som leiar opp til stortingsvalet.

Samstundes som Blessing Dahle held føredraget sitt i Oslo, annonserer *Bergens Tidende* at han skal halde føredrag førstkomande søndag i Logen i Bergen. 16. mars melder *Bergens Aftenblad*, *Morgenavisen*, *Bergens Arbeiderblad* og *Bergens Tidende* om at Blessing Dahle på eit tidspunkt kjem til Bergen for å halde føredrag. Bergen er den einaste andre staden enn Oslo det til no har vore aktuelt å setje opp *Guds grønne enger* i Noreg. At debatten er kompleks og at avisene tek standpunkt i saka, blir tydeleg når Blessing Dahle vitjar byen.

Fleire av avisene, blant anna begge innlegga i *Bergens Tidende*, vektlegg at Blessing Dahle har djup kjennskap til stykket: «Han [Blessing Dahle] har satt sig grundig inn i dette stykket og sett det opført i Stockholm, og er en dyktig og fengslende taler» (*Bergens Tidende* 16. mars 1933, 5). I likskap med annonsen i *Aftenposten* same dag, vektlegg *Bergens Tidende* Blessing Dahle sine gode føresetnader for å dømme stykket. Han er trass alt vekse opp i Zululand!

20. mars melder fem aviser om føredraget til Blessing Dahle i Bergen, som på dette tidspunktet har vorte halde dagen i førevegen (19. mars.). Avisene er *Bergens Arbeiderblad*, *Bergens Aftenblad*, *Bergens Tidende*, *Dagen* og *Morgenavisen*. Avisene referer alle frå talen til Blessing Dahle, med variasjonar i lengd og innhald. Dei skil seg òg frå kvarande i tona, og

Bergens Arbeiderblad skil seg frå dei andre ved å vera einaste avis som ikkje støttar Blessing Dahle.

Dagen skil seg ut som den mest eksplisitte støttespelaren til Blessing Dahle. Avisa trykker ein reportasje om føredraget til Blessing Dahle i Logen som er lang og som punktvis går gjennom talen til soknepresten. *Dagen* presenterer føredraget med å seie at «ikke så få» menneskjer var samla for å høyre Blessing Dahle tale, og at «Det saklige og meget godt underbyggede angrep på skuespillet blev påhørt med megen interesse» (3). *Morgenavisen*, *Bergens Aftenblad* og *Bergens Tidende* er i likskap med *Dagen* imot oppsetjinga av stykket, men dei tre førstnemnde ordlegg seg ikkje like tydeleg som *Dagen*. *Bergens Arbeiderblad* melder derimot om at føredraget «samlet langt fra fullt hus» (8). Avisa er den einaste av dei fem som tydeleg ikkje prøver å selje inn argumenta til Blessing Dahle. Noko som kjem fram i dekninga av føredraget til Peder Blessing Dahle i Bergen, er at han får støtte av lokale kyrkjelege leiarar. I Bergen vart soknepresten introdusert av domprost Iversen som skal ha «opfordret alle til at tegne sig og få andre til at gjøre det samme» (*Morgenavisen* 1933, 6). Domprosten støttar med andre ord den politiske aksjonen til Blessing Dahle.

Frå 18. mars er det vid utstrekning av lokalaviser som melder om føredraget til Peder Blessing Dahle. Det heng i hovudsak saman med at soknepresten er på rundtur i distrikta. Måndag 20. mars melder Telemarks-avisene *Porsgrunn Dagblad* og *Breviksposten* om at Blessing Dahle skal halde føredrag i Porsgrunn. Avisene har begge følgjande korte skildring av føredraget: «Hans hensikt er å få stortinget til å forby scenisk fremstilling av Gud» (*Breviksposten* 20. mars, 2). Blessing Dahle sitt mål om at saka skal nå eit politisk plan, er altså noko som vert vektlagt her. Mellom 18. og 21. mars trykker *Haugesunds Avis* fleire saker som er relatert til at soknepresten kjem til Haugesund 20. mars. Under overskrifta «Et aktuelt foredrag» vert folk i Haugesund informerte om føredraget til soknepresten og om debatten kring *Guds grønne enger* (18.mars.). Innlegget er signert Oscar Lyngstad, som tydeleg er på lag med Blessing Dahle – blant anna tilrår han føredraget, som skal bli halde på Totalavholdsforeningens hus i Haugesund. Same sak dukkar opp i *Haugesunds Dagblad* 20. mars.

Innlegget av *Haugesunds Dagblad* og *Haugesunds Avis* av Oscar Lyngstad: I presentasjonen av Blessing Dahle trekk Lyngstad fram kjennskapen soknepresten har til stykket (lese stykket på originalspråket, sett stykket oppført i Stockholm), og han peiker på at Blessing Dahle har vekse opp og vore misjonær i Afrika. Lyngstad poengtrer at forkjemparane for oppsetjing av *Guds grønne enger* er splitta i argumentasjonen, medan det «fra kirkens side – paa en eneste undtagelse nær – [er] dannet en sterk og skarp enhetsfront

mot det blasfemiske teaterstykket» (20. mars 1933, 3). Truleg siktar skribenten mot biskop Berggrav når han peiker på at det finst eitt unntak. Vidare skriv han det er sjeldan at «kirkelig og kristelig innstilte kvinner og menn» har stått så samde i eit spørsmål, som han forklarar med at dei kristne i dette tilfellet står til vern for det heilage. Midt i teksten bytar han frå dei-form til vi-form, og det vert tydeleg at han er ein del av dei «kirkelig og kristelig innstilte kvinner og menn»: «At vi ikke staar alene viser blandt annet at stykket er forbudt opført i hele England» (vår kursivering). Det vert altså lagt opp til eit kristeleg fellesskap som går på tvers av bygrenser og landegrenser. Saka blir brukt som eit samlande element – og blir presentert som å vere i alle kristne si interesse å kjempe mot. *Guds grønne enger* er eit symbol på noko større. Eit liknande poeng kan me kanskje dra ut av eit «Oslobrev» trykt i *Sogns Avis*. 21. mars. Her er det skrive om hovudtrekka i føredraget til Blessing Dahle, og den ukjente skribenten skriv at føredraget gjorde «sterkt inntrykk og høsta stor fagning» (2). Føredraget til Blessing Dahle er det einaste det blir meldt om frå Oslo. Dette seier noko om kor aktuelt og heitt debatten var.

Haugesunds Avis og *Haugesunds Dagblad* melder som nemnt begge om føredraget til Blessing Dahle 20. mars som er kvelden føredraget finn stad. Dagen etter, 21. mars, rapporterer begge avisene om føredraget. I motsetning til i Bergen, skal soknepresten ha fylt lokalet med tilskodarar. Føredraget vert innleia av residerande kapellan Lyngstad som uttrykte eit håp om at ein vart «...forskaanet for aa faa skuespillet innenfor vaar bys grenser» (*Haugesunds Dagblad* 1933, 2). *Haugesunds Avis* skriv òg at kapellane hevda stykket «...helt avgjort virker blasfemisk på oss» (6), og meinte at «Det vilde stå dårlig til med det norske folk om slikt kunde passere uten at kristenfolket sa fra» (6). Akkurat som i Bergen har ein lokal (residerande) leiar gått god for haldningane til Blessing Dahle.

Ifølgje *Haugesunds Dagblad* skal Blessing Dahle ha sagt noko me beit oss merke i, og som me kjem til å komme tilbake til i kapittelet «Det latterlege i *Guds grønne enger*». Han meiner at «Det neger-engelsk – Vikamaal – som tales viser klart at vi har med et morskapsstykke aa gjøre» (2). Samanlikninga med Vikamål syner tydeleg at det òg er eit klasseaspekt i saka og at ikkje alle språk er høvelege til å behandla alvorlege og heilage tema. Vidare rapporterer avisene om at mange teikna seg på listene som vart sende rundt i lokalet.

22. mars rapporterer *Rogaland* om at Blessing Dahle heldt føredrag i Understøttelsen kvelden i førevegen. Det skal ha vore «omtrent fullt hus» (5). Domprost Jervell hadde ansvaret for lista med oppropet til Stortinget. Innhaldet er mykje det same som i dei andre føredraga, og avisa eller skribenten uttrykkjer ikkje sine eigne meininger eksplisitt. *Iste mai* dekkjer òg føredraget i Understøttelsen, i form av eit innlegg signert R.N. Undertittelen «Er

det fordekt valgagitasjon?» (*Iste mai*, 22. mars., 4) syner haldninga til skribenten. Han meiner føredraget framom alt er valgagitasjon, og han kaller Blessing Dahles argument for «lettkjøpte» (4). *Iste mai* er ikkje dei einaste som peiker mot valet og kva konsekvensar Blessing Dahle sine føredrag kan få. Me noterer oss òg at *Sørlandet* skriv ein politisk analyse 25. mars, der dei skriv at Blessing Dahle slår mynt på religionen og nyttar *Guds grønne enger* som valagitasjon ettersom han er «høiremann». Dei samanliknar med valet i 1930 kor Arbeiderpartiet vart skulda for å ville avkristne Noreg (2–3). Det vert tydeleg at debatten dreier seg i politisk retning, og at journalistane og folk utanfor kristne krinsar tek soknepresten meir på alvor.

24. mars kjem ein notis i *Sandefjords Blad* om at soknepresten skal tale i Skien 27. mars, og at han truleg skal vitje Porsgrunn, Larvik, Sandefjord, Tønsberg, Horten og Drammen i dagane som følgjer. Nyhenda om at soknepresten rettar snuta mot Austlandet vert også formidla av E. Feet i *Porsgrunns Dagblad* og *Breviksposten* (25. mars 1933) som dessutan tilrår føredraga til soknepresten. Vegen til soknepresten går vidare til Porsgrunn som *Breviksposten* og *Porsgrunn Dagblad* melder om 29. mars. Her skal føredraget vore halde for fullt hus. 24. mars har *Oppland Arbeiderblad* eit sarkastisk lesarinnlegg på trykk, signert Exlex. Underteiknande er ironisk i si undring til at «meningheten i Vardal klarer seg uten sin ‘hyrde’» (upaginert), og stiller det leiande spørsmålet om det er eit teikn på at «presten er overflødig og at menigheten godt kan leve uten hans medvirkning?» (upaginert). Exlex harselerer med Blessing Dahle, og er ein av fleire debattantar som nyttar ironi for å ufarleggjere motstandarane av stykket, her spesifikt sokneprest Blessing Dahle.

Støtte frå avisene

Reiseruta til Blessing Dahle går frå Rogaland (Haugesund, Stavanger) til Kristiansand. Føredraget i Kristiansand vert annonsert av Anders Lange³⁷ i *Agder Tidend* 23. mars. Lange er svært negativ til oppsetjinga av skodespelet og tilrår føredraget til Blessing Dahle. *Fædrelandsvennen* rapporterer 25. mars om føredraget Blessing Dahle heldt i bedehuset i Kristiansand dagen i førevegen, og kallar føredraget «ypperlig». Det var domprost Kobro som introduserte sokneprest Blessing Dahle for publikum. Domprost Kobro presiserer i *Agder Tidend* tre dagar seinare, 28. mars, kor ein kan få tak i og levere protestlistene, og han understrek at desse er sende ut på Blessing Dahle sitt initiativ. Lange gjer seg også synleg i *Tvedestrandsposten* 29. mars, kor han oppmodar lesarar av avisa til å skrive seg på

³⁷ Anders Lange var på dette tidspunktet sekretær i Fædrelandslaget. Seinare starta han partia som i dag er FrP.

protestlistene. Noko som kom overraskande på oss, er følgjande sitat: «liste er utlagt i dette blads ekspedisjon» (*Tvedestrandsposten*, 29. mars 1933, upaginert). Med andre ord legg avisa til rette for protesten. Innlegget hans dukkar også opp i *Grimstad adressetidende* 30. mars, *Agderposten* 31. mars og *Aust-Agder blad* (31. mars 1933), som gjer det rimeleg å anta at også desse avisredaksjonane legg til rette for protestane.

29. mars trykker *Vestlandske tidende* saka «Respekten for det hellige». Avisa informerer om at folk som vil skrive seg på protestlista mot oppføringa av *Guds grønne enger*, kan gjere det hjå avisredaksjonen. Avisa uttrykkjer eksplisitt motstand mot stykket: «Hvad angåd Nationalteatrets forestående opførelse av negerskuespillet får vi håbe at våre myndigheter ennu kan stanse denne» (29. mars 1933, 3). Nokre dagar seinare, 31. mars, skriv ein lesar ved namn Tallak Dale eit flammande innlegg i same avis, *Vestlandske tidende*, kor han tilrår alle til å skrive seg på listene. Dale knyter oppføringa av skodespelet til ein tendens med moralsk forfall i samfunnet: «Det er på tide at kristenfolket for alvor tar fatt, og søker hindret at samvittighetsløse kommunister og ateister tilsmudser og nedtrekker det Hellige, og derved gjør overgrep på kristenfolkets indre hellige følelser og tro på Gud» (3). Det er tydeleg at han ser på kristendommen som svaret på moralske problem: «et folk uten frykt for Gud er dømt av sig selv til å gå til grunne» (3). Dale oppmodar alle til å teikne seg på lista som er tilgjengeleg hjå avisa. Dale har same lesarinnlegg på trykk dagen etter i *Agderposten* (1. april 1933, 4). Her er lista utlagt i *Agderposten*.

Saka er vorte populær!

I takt med at saka veks seg stor, blir det vist interesse for teatersjef Halfdan Christensen. Fleire aviser rapporterer om at han har vore på ei reise til Gøteborg.³⁸ Dette vitnar om at saka har blitt så populær at ho har blitt tabloid. Eit anna døme på «tablidsaker» kan ein lese i *Arbeideravisa* 11. mars. Skodespelar Trine Bull forlét Nationaltheateret i protest mot oppsetjinga av *Guds grønne enger*. Informasjonen lét til å kome frå ein prost:

Den kjente indremisjonsleder prost Wisløff meddelte forleden på et indremisjonsmøte i Sandherad at en av Nationalteatrets skuespillerinner i disse dager hadde forlatt teatret av religiøse grunner. Det viser sig at meddelelsen er korrekt og at vedkommende skuespillerinne er fru Trine Bull, som ikke legger skjul på begivenheten. (2)

Oppseiinga til Trine Bull vert óg nemnt i *Tidens Tegn* same dag, men då i form av kritikk mot prost Wisløff som har avslørt personleg informasjon om Trine Bull. Avsendaren hevdar at ein

³⁸ *Fremover* (28. mars), *Nordlys* (28. mars), *Nordlandsposten* (29. mars), *Tidens Tegn* (29. mars), *Nordland* (29. mars) og *Morgenavisen* (29.3 mars).

ikkje ville gjort det offentleg om nokon i andre yrkesgrupper hadde slutta i jobben sin av religiøse grunner (*Tidens Tegn* 11. mars 1933, 6). Saka er signert «Mannen i Tønne».

Resepsjonen til skodespelet famnar dei fleste sjangre. *A-Magasinet* nemner *Guds grønne enger* i ein songtekst 4. mars. Det skjer i samband med at lesarane sender inn forslag til songvers. Me kan trekke ein tråd til diktet som vart skriva om *Guds grønne enger* 18. februar av Lektor K. E. Marstrander i *Adresseavisen* (14). Debatten om oppsetjinga av stykket engasjerte breitt og debatten var uttrykt i skjønnlitterære bidrag så vel som i kronikkar, lesarinnlegg og andre avissakar. I *Morgenbladet* dukker *Guds grønne enger* opp i humoristiske, innforståtte vitsar under spalta «Charivaria». Skodespelet er noko «alle» veit noko om, og vert nytta som humorpoeng. *Guds grønne enger* dukker altså opp i ei rekkje saker som eigentleg ikkje handlar om skodespelet. Eit døme på det er i avisa *Rogaland*, der me og finn eit humoristisk innlegg med rasistisk tilsnitt. Innlegget handlar ikkje om skodespelet i seg sjølv, men skribenten skriv at han såg Blessing Dahle kome til Stavanger for å halde føredrag, og trudde han hadde med seg ein «neger», som på ein eller annan måte kunne være aktuell i samband med føredraget. Det viser seg å berre vere prestens Opstad som har feriert på Hardangervidda. Innlegget går over til å bli eit intervju med prestens «Vidda», og har ikkje eigentleg noko med skodespelet å gjere (*Rogaland* 21. mars 1933, 3). Ein kan tenkje seg at skribenten nyttar skodespelet for å fange interessa til lesaren fordi han veit at emnet er interessant. Eit framtrekkande aspekt ved denne teksten er rasismen som kjem til uttrykk i «vitsen» og som gjennomsyrrer den aller største delen av debatten, men på ulikt vis.

Rasisme som kjem til uttrykk gjennom argument i debatten

Aftenposten har to saker på trykk om *Guds grønne enger* 18. mars. Den første, reportasjen frå føredraget til sokneprest Blessing Dahle, har me allereie skildra. Den andre saka, står på trykk i aftenutgåva, og har tittelen «Apropos ‘Guds grønne enger’» (6). Saka er ein kort reportasje frå eit anna føredrag halde dagen i førevegen av misjonsprest Ola Kopreitan i Norske Studenters kristelige Forbund. Føredraget handla om «Primitive folks sjeleliv og primitiv kristendom», som sett med moderne auge, gir eit sjokkerande bilete av korleis ein på 30-talet kunne tillate seg å snakke offentleg om menneske frå andre etniske opphav. I byrjinga av reportasjen kan det sjå ut til at Kopreitan forsøker å forsvare dei sokalla primitive, sjølv om han i dagens auge gjer vondt verre: «De primitive er ikke laverestående vesener, de er bare anderledes artede. Det gjelder om å finne dette ‘annerledes’, vil man forstå dem» (6). Med «annleis» meiner han følgjande:

Mens det er logikken som behersker kulturmenneskets tenkning, kjenner den primitive ingen logikk. Personlige etiske konflikter kjenner den primitive ikke. [...] For den primitive går vilje og lyst i ett. Han mangler reaksjonsevne. Det ytrer sig i livet i dovenskap, slapphet, resignasjon. Fatalismen inntar en stor plass i den primitives tenkning og den virker hemmende på personlighetens utvikling. (6)

Biletet Kopreitan teiknar av «den primitive» er ein stereotypi av ein «ikkjesivilisert person», som openbert er avleggs. Likevel pregar stereotypien argumentasjonen til Kopreitan, og dermed spelar perspektiver plutsleg ei rolle i resepsjonen. Det at *Aftenposten* - ei stor riksdekkande avis – trykker denne saka, viser eit bilete på «den primitive» som truleg var representativt og ikkje kontroversielt på denne tida.

Aftenposten set føredraget til Kopreitan i samband med *Guds grønne enger* i tittelen og i innleiinga. I reportasjen deira melder dei ikkje at Kopreitan sjølv har nemnt skodespelet, men me vel å rekne dette som ein del av resepsjonen fordi *Aftenposten* så eksplisitt knyter føredraget til skodespelet. Reportasjen er dessutan spennande fordi ordlyden er meir utgreiande i sin rasisme enn i andre sakar, kor han er mykje meir subtil. Det vil langt ifrå seie at resepsjonen er fri for eksplisitte rasistiske utsegn.

Både *Østlandets blad* og *Østlendingen* trykker saker som er kritiske til oppsetjinga av *Guds grønne enger*, høvesvis 27. og 29. mars. I begge desse sakene er argumentasjonen kopla til rase. Innlegget i *Østlandets blad* tek ein eksplisitt rasistisk form. Skribenten, S. H., går mot argumentet om at ein kan lære noko om andre kulturar gjennom skodespelet: «Disse [dei svarte] skal nu vise oss hvite – som er – og har vært deres lærere – hvorledes deres herre og mester anskues. Eleven har overtatt lærerens rolle. Hvad skal man tro?» (1). S. H. uttrykker her eit postkolonialt syn der europearen skal «sivilisere» «den primitive». Skodespelet blir for han «ugyldig» fordi han ikkje kan lære noko av «eleven».

Innlegget i *Østlendingen* er signert «Bjørn fra landet», og handlar i hovudsak om at skribenten blir såra av at Gud skal bli vist fram på scena: «... mine fedres bondekristendom vilde forarges og protestere» (29. mars 1933, 2). Han meiner framsyninga av Gud på scena er eit problem som tilskodarane tillét fordi dei vert blanda av «den svarte kulturen»: «Danser og melodier fra de svarteste avkroker i verdens villmarker har jo lenge vært betraktet for den høieste kunst av dannede europeere. Så det om negerer, slår nok an. Det er kassestykker det» (29. mars 1933, 2).³⁹ Det rasistiske viser ei nasjonalkonservativ haldning til norsk kulturarv. Bjørn frå landet er tydeleg ironisk når han nemner svart kultur som «den høieste kunst». Han

³⁹ Visstnok «alle store scener i Europa» (*Østlendingen* 29. mars 1933).

set derfor sine «fedres bondekristendom» høgare enn utanlandske kulturuttrykk. Aksepten for førstnemnde koplur han dessutan til ein uheldig tendens.

«Stortinget nekter ikke direkte opførelsen, men det er ikke langt ifra»

I slutten av mars 1933 nådde saka om *Guds grønne enger* Stortinget. Samstundes strøymmer protestane inn, og kort tid etter vert det halde eit møte i Nationaltheatrets styre kor styret oppmodar teatersjef Christensen til å ta *Guds grønne enger* ut av repertoaret. Christensen gir etter for styret, noko som fører til ein motprotest leia av *Dagbladet*. Seinare blir det faststemt at skodespelet skal synast fram – som òi privat framsyning. I dette kapitlet kastar me lys på korleis debatten jamt vert meir politisert, og korleis hendingane som leidde fram til at skodespelet vart fjerna frå repertoaret til Nationaltheatret utspant seg. Deretter vil me undersøkje nærare og diskutere dei ulike mekanikkane som ligg bak avgjerda om at skodespelet vart hindra frå å verte oppført på Nationaltheateret som planlagt.

At eit skodespel når Stortinget, gir ikkje overraskande auka merksemd. Det digitale arkivet til Nasjonalbiblioteket gir 717 treff på søket «Guds grønne enger» i april 1933. Dette er det høgaste treet i dette skodespelet si resepsjonshistorie i Noreg. Tendensen startar i slutten av mars då Jens Hundseid frå Bondepartiet set oppføringa av *Guds grønne enger* på dagsordenen til Stortinget.⁴⁰ Hundseid skal ha uttalt at han ikkje ser det som sannsynleg å hindre oppføringa av *Guds grønne enger*, og vil oppmode regjeringa til å få ei liknande lov som i England for å hindre at eit liknande stykke kan setjast opp i framtida. Han grunnjev forslaget slik:

Jeg er klar over at dette mitt syn vil bli tolket som et utslag av intoleranse og åndelig trangsyn. Dertil vil jeg si, at når jeg har fulgt med i diskusjonen om dette stykke [sic], så har jeg fått et inntrykk av at det er en temmelig misforstått toleranse og åndsfrihet som brer sig i høisærer i denne forbindelse. Den rette toleranse og åndsfrihet anerkjenner og respekterer andres meninger og i dette tilfelle er forholdet, at der finnes hundretusener av mennesker omkring i vårt land som på det alvorligste blir krenket i sine helligste og dypeste følelser ved at et stykke som 'Guds grønne enger' blir opført [sic] på vår første scene. (*Aftenposten* 30. mars 1933, 2)

⁴⁰ Dekninga skjer i varierende lengde og tone. Aviser som dekkjer saka 30. mars og 31. mars: *Aftenposten*, *Dagbladet*, *Morgenbladet*, *Tidens Tegn*, *Bergens Tidende*, *Bergens Arbeiderblad*, *Bergens Aftenblad*, *Fædrelandsvennen*, *Nordlandsposten*, *Vestlandske Tidende*, *Arbeider-Avisa*, *Vestfold arbeiderblad*, *Gudbrandsdølen*, *Porsgrunns Dagbladet*, *Inntrøndelagen*, *Laagen*, *Buskerud Dagblad*, *Østlendingen*, *Indre Smaalenenes Avis*, *Jarlsberg og Larviks Amtstidende*, *Haugesunds Avis*, *Nordlands Framtid*, *Stavanger Aftenblad*, *Den 17de mai*, *Morgenavisen*, *Arbeiderbladet*, *Laagendalsposten*, *Vestfold Fremtid*, *Sunnmøre Tidend*, *Breviksposten*, *Vestfinnmark Arbeiderblad*, *Agder Tidend*, *Agder*, *Sørlandet*, *Nationen*, *Vestmar*, *Haugesunds Dagblad*, *Nidaros*, *Nordland*, *Dagen*.

1. april: *Stjørdalingen*, *Arbeideren*, *Bodø Tidende*, *Helgelands blad*, *Lofotposten*, *Sør-Trøndelag*, *Adresseavisen*, *Telemark Arbeiderblad*, *Stjørdalens Blad*, *Nidaros*, *Grimstad Adressetidende*.

3. april: *Haugesunds Avis*, *Harstad Tidende*, *Vestlandske Tidende*, *Arbeiderbladet*.

Hundseid tek altså ikkje til orde å fjerne *Guds grønne enger* frå repertoaret til Nationaltheatret, men han ønskjer seg ein lov som vil hindra liknande oppsetjingar i framtida. Hundseid er tydeleg på at det er omsynet til store delar av folket som ligg til grunn for henstillinga, og at han personleg ikkje blir «oprørt om Gud blir fremstillet på scenen, når det skjer på en verdig måte» (*Aftenposten* 30. mars 1933, 2). Felles for mange av representantane på Stortinget er at dei peiker på det plutselige engasjementet Hundseid viser for saka. Fram til 3. mars var Hundseid sjølv statsminister, men vart då avløyst av Johan Mowinckel si Venstreregjering. Det vil seie at når Hundseid tek opp saka i Stortinget, er det under ein månad sidan han sjølv var statsminister. Belland (Venstre), Svensen (Høire) og Nygaardsvold (Arbeiderpartiet) er ikkje redde for å peike på Hundseis nylege oppblomstra engasjement for saka, og dei vektlegg at engasjementet kom etter han hadde mogelegheit til å gjere noko med saka som statsminister.

Belland (Venstre) går hardt ut og svarer med eit alternativt forslag til Hundseid si oppmoding: «Stortinget mener at skuespillet ‘Guds grønne enger’ ikke bør opføres i Norge, og ber Regjeringen si fra om dette til Nationaltheatret» (2). Forslaget til Belland er mykje meir direkte enn forslaget frå Hundseid, og fører meg seg eit forbod spesifikt retta mot *Guds grønne enger*. Hundseid peiker på at Nationaltheatret ikkje bør setje opp stykket av omsyn til folket som blir krenkt. Dette er eit ansvar som vert lagt til Nationaltheatret og er meir ein peikefinger retta mot Nationaltheatret, enn eit forslag om politisk inngripen i denne saka som Belland foreslår.

Nygaardsvold (Arbeidarpartiet) peiker på at det finst teologar som meiner skodespelet ikkje er blasfemisk, og vektlegg at ein ikkje kan uttale seg om stykket utan å ha sett det. Her må me ile til og seie at ingen av representantane på Stortinget har sett eller lese stykket, «undtagen kanskje stortingspresident Hambro, for han leser jo all ting» (Nygaardsvold i *Aftenposten*, 30. mars 1933, 2). Resultatet frå møtet denne dagen, 30. mars, er at forslaget til Belland skal handsamast på eit seinare møte.

4. april er eit nytt stortingsmøte kor *Guds grønne enger* står på agendaen. Som det førre stortingsmøtet, får også møtet 4. april dekning i ei rekkje aviser.⁴¹ Bellands forslag frå

⁴¹ Omtale av Stortingsmøtet 4. april 1933: *Arbeider-Avisa, Porsgrunns Dagblad, Bergens Aftenblad, Agder Tidend, Fremtiden, Stavanger Aftenblad, Vestfold Arbeiderblad, Vestlandske Tidende, Dagbladet, Moss Avis, Bergens Tidende, Østlandets Blad, Norges Handels og Sjøfartstidende, Aftenposten, Haugesunds Avis*. 5. april: *Morgenavisen, Lofotposten, Agderposten, Moss Avis, Harstad Tidende, Nordlandsposten, Arbeidet, Arbeider-Avisa, Den 17de mai, Telemark Arbeiderblad, Porsgrunns Dagblad, Tvedestrandsposten, Vestmar, Lindesnes, Sandefjords Blad, Moss Tilskuer, Nidaros, Østerdølen, Nordland, Sørlandet, Østlendingen, Akershus Amtstidende, Laagen, Sunnmørsposten, Gudbrandsdølen, Rogaland, Jarlsberg og Larviks Amtstidende, Breviksposten, Morgenbladet, Adresseavisen, Nordlys*.

førre møte vart forkasta med 82 mot 61 stemmer. På møtet 4. april kjem stortingspresident Carl Joachim Hambro med følgjande forslag:

Det henstilles til regjeringen å overveie og eventuelt fremkomme med forslag om hvorledes man effektivt kan påse overholdt grunnlovens bestemmelse angående dem som viser eller tilskynder andre til ringeakt for religionen. (*Arbeiderbladet* 4. april 1933, 1)

Forslaget vart vedteke med 94 mot 49 stemmer (12). Forslaget til Hambro handlar ikkje om *Guds grønne enger* spesifikt, men opnar for eit generelt vern av det heilage.

Nationalteatrets styremøte

Torsdag 6. april skal det finne stad eit møte i Nationalteatrets styre om *Guds grønne enger* (*Aftenposten* 4. april 1933, 2) som fører til rykteflaum i avisene. Tysdag 4. april trykker *Aftenposten* eit intervju med William Nygaard, formannen i styret til Nationalteatret. Nygaard vil ikkje uttale seg om det komande møtet, noko som gir *Aftenposten* rom til å spekulere. Dei spekulerer, i likskap med ei rekkje andre aviser, om «teaterchefen vilde ta avskjed hvis Hambros forslag blev vedtatt. Og at ‘Guds grønne enger’ så ikke vilde bli opført» (2). *Dagen* har og ein kort notis om same sak, men vektlegg at det er dette rykter.⁴²

Styremøtet til Nationalteatret vart halde 6. april, og her vert ei stor avgjerd tatt. Referat frå møtet pregar avisopplaga dagen etter. *Dagbladet* trykker under overskrifta «Til protest mot kneblingen av teatrets frihet!» ei kunngjering frå styret:

Styret henstiller til teaterchefen å la stykket ‘Guds grønne enger’ gå ut av Nationalteatrets repertoar. I denne henstilling ligger ingen kritikk av teaterchefens antagelse av stykket. Den er alene begrunnet i at styret efter de forhandlinger som er ført i Stortinget i anledning av spørsmålet om berettigelsen av opførelsen av dette stykke og som resulterte i vedtagelse den 4. april av et av president Hambro fremsatt forslag, må anta at det råder en så utbredt og sterk forhåndsopinion mot stykkets opførelse at Nationalteatret bør la stykket falle. (*Dagbladet* 7. april 1933, 1).

No er det altså offentleggjort at styret i Nationalteatret taler mot oppføringa, og bed Christensen ta *Guds grønne enger* ut av repertoaret, noko Christensen har bøygd seg for. Opinionen mot stykket er med andre ord eit skritt nærare siger.

Dagbladet er raske på ballen, og reagerer kraftig mot oppmodinga frå Nationalteatrets styre om ikkje å oppføre *Guds grønne enger*. Dei set i gong ein

⁴² Aviser som kastar seg på ryktespreinga 5. april: *Porsgrunns Dagblad*, *Tvedestrandsposten*, *Vestmar*, *Bergens Tidende*, *Agder*, *Fædrelandsvennen*, *Tidens Tegn*, *Bergens Arbeiderblad*, *Sandefjords Blad*, *Sørlandet*, *Bergens Aftenblad*, *Tidens Krav*, *Agder Tidend*, *Telemark Arbeiderblad*, *Lofotposten*, *Breviksposten*, *Morgenbladet*, *Adresseavisen*.

protestaksjon, og oppmodar alle som er ueinige i Nationaltheatrets styre om å la stykket falle om å teikne seg på protestlister hjå avisa.

Aftenposten melder òg om Nationaltheatrets styremøte. Dei skriv blant anna at «Teaterchefen vilde gå, men styret opfordret ham til å bli stående» (*Aftenposten* 7. april 1933, 1). Avisa rapporterer om at teatersjef Christensen ikkje har eit ønske om å trekkje seg som ein protest mot styret, men på grunn av situasjonen saka var komen i (*Aftenposten* 7. april 1933, 7). Han skal ha uttalt til *Aftenposten* at han synest det er trist at folk ikkje har fått sjansen til å sjå stykket, fordi han trur det å sjå skodespelet vil føre til at ein ikkje ønskjer å forby det (7).

Morgenbladet har ei kortare sak på trykk om emnet, i tillegg til ein notis om at «Styret i Foreningen Nationaltheatrets Venner har igår besluttet å innstille skuespillet ‘Guds grønne enger’ til opførelse for foreningens medlemmer i år» (7. april 1933, 1). Nationaltheatrets Venner er ei foreining som vart etablert året i førevegen (1932) for blant anna å støtte Nationaltheatret økonomisk. Ein må ikkje forveksla Vennene med Nationaltheatrets styre.⁴³ Her kan det vere aktuelt å trekkje inn kva formann i Nasjonalteatrets styre, forlagsbokhandlar Nygård, opplyser om kor makta til å bestemme repertoaret ligg. Han uttaler: «Hvad resultatet av styrets drøftelser vil bli, er det ikke godt å uttale sig noget om på forhånd. Det er efter teatrets reglement teaterchefen om [sic] er enerådende og eneansvarlig for repertoiret. Stykket var antatt, og dette var oplyst i pressen før styret visste noget om det» (*Bodø Tidende* 6. april 1933, upaginert). Slik me tolkar Nygård, er det eine og åleine opp til teatersjefen å avgjere kva stykker som skal setjast opp på scena. 8. april melder *Morgenbladet* om at Christensen denne føremiddagen skal avgjere om Nationaltheatrets venner skal få ønsket sitt om ei privat framsyning for medlemma sine (1).

Protestar mot avgjerda til styret

Morgenbladet og *Aftenposten* melder 8. april om ein pipekonsert i Nationalteateret.⁴⁴ Under pipekonserten i Nationalteatret, skal ein frå publikum har reist seg og protestert «mot det hykleri og trangsyn, som ligger bak stortingets avgjørelse» (*Morgenbladet*, 1) og mot «styrets og teaterchefens feighet» (*Morgenbladet*, 1). Her er det ikkje berre Stortinget som blir klandra, men også teatersjefen og -styret vert skulda.

⁴³ Vennene er eit støttesamband som vart etablert året i førevegen for å støtte Nationalteateret økonomisk. Til gjengjeld får sambandet kvart år velje ei framsyning som dei får sjå saman (Moss Avis 7. april 1933, 1). Nationaltheatrets Venner finst framleis i dag.

⁴⁴ Andre aviser som melder om pipekonserten 10. april: *Den 17nde mai*, *Morgenavisen*, *Akershus Amtstidende*, *Oppland Arbeiderblad*, *Nidaros*, *Fædrelandsvennen*, *Telemark Arbeiderblad*, *Harstad Tidende*.

10. april melder *Dagbladet* at også Norsk skuespillerforbund protesterer mot opinionen i Stortinget:

Norsk skuespillerforbunds styre uttaler sin sorg og harme over den opinion som i Stortinget har vært reist mot opførelsen av 'Guds grønne enger' på Nationalteatret. Styret mener at denne opinion hviler på helt sviktende grunnlag og savner enhver kulturell og etisk berettigelse og beklager dypt at den har ført til stykkets henleggelse. (11)

Protesten frå Norsk skuespillerforbund vert omtalt i ei rekkje aviser.⁴⁵ I same tidsrom protesterer òg Folketeaterforeningens styre; dei skal ha sendt følgjande skriv til formann Nygaard i Nationalteaterets styre: «Folketeaterforeningens styre vil overfor Nationalteatrets ledelse få gi uttrykk for at det fullt ut deler den harme som har fått uttrykk efter at teatrets ledelse har besluttet ikke å opføre 'Guds grønne enger'» (*Gudbrandsdølen* 10. april 1933, 1).⁴⁶

Dagbladet melder om at det strøymmer inn underskrifter til protestkampanjen dei arrangerer, og dei offentleggjer namna til folk som har skrivne seg på protestlistene (1–2). *Arbeidet* melder om protesten til *Dagbladet*, og *Harstad Tidende* skriv at listene fortsatt ligg ute til alle som vil teikne seg 10. april. *Harstad Tidende* skuldar dessutan teatersjef Christensen for å vere feig og unnfallande (10. april 1933, 2).

Uvissa om kva som skal skje med oppføringa av *Guds grønne enger*, leier til ei rekkje spekulasjonar om kva som skal skje med stykket. Blant anna blir det spekulert i kven som skal få rettane og om det skal setjast opp på eit anna teater enn Nationalteatret. Samstundes spreier fleire aviser rykter om at skodespelet skal setjast opp for Nationalteatrets Venner, men Christensen opplyser om at oppmodinga frå Vennene vil bli avslått (*Nidaros* 10. april 1933, 8). Vennene får ikkje eiga framsyning.

Nordlandsposten og *Bergens Tidende* er bland avisene som likevel spekulerer i om Nasjonalteateret vil vere villige til å setje opp skodespelet som lukka førestilling. Det viser seg at det er noko i spekulasjonane. 10. april trykker *Dagbladet* ei pressemelding frå styremøtet til Nationalteatret. I pressemeldinga kjem det fram at det no er avgjort at *Guds grønne enger* vil bli satt opp éin gong som ei lukka framsyning(!):

Denne meddelelse inneholder, at styret efter teaterchefens inntrengende henstilling er gått med på å la stykket opføre e n [sic] gang som privat forestilling for en innbudt krets, deriblandt Storting, regjering, bystyre, pressen og andre særlig innbudte. Derved

⁴⁵ *Aftenposten, Morgenavisen, Sørlandet, Fædrelandsvennen, Agder Tidend, Tidens Tegn, Adresseavisen, Brønnøysunds Avis, Telemark Arbeiderblad, Arbeidetbladet.*

⁴⁶ Disse avisene skriv om same protest den 10. april: *Dagbladet, Nordlandsposten, Lofotposten, Nationen, Nordland, Nordlands Framtid, Morgenbladet, Haugesunds Dagblad.*

vil teatret ikke få større utgifter enn de, som det alt har hatt på stykket. Det er meningen på denne måten å påvise, at en opførelse er berettiget. (12)

Dagen etter florerer det av saker om avgjernaden i pressa. *Tidens Tegn* trykker eit intervju dei gjorde med stortingspresident Hambro like etter det vart kjent at *Guds grønne enger* skulle oppførast. Dette intervjuet – eller delar av det – blir trykt av ei rekkje andre aviser denne dagen og dei følgjande dagane. Kommentaren frå Hambro om kva han synest om avgjernaden, er som følgjer: «Jeg ønsker ikke å å uttale mig som Stortingets president om denne sak. Men min personlige mening er at beslutningen er et slag i ansiktet på dem som har ment noe med sin stemmegivning i Stortinget. Både formelt og reelt er det en uteskning [provokasjon] som de som har tatt beslutningen ikke kan ha overveiet rekkevidden av» (11. april 1933, 3). Særleg utsegna om at «beslutningen er et slag i ansiktet» er nytta som det me tolkar som merksemdsøkande overskifter. At Hambro uttrykkjer vonbrot i samband med nyhenda, er rake motsetnaden til teatersjef Christensen. *Breviksposten* kan melde om at teatersjefen si uttale var: «Jeg er henrykt!» (11. april 1933, 1).

Tidens Tegn opplyser dessutan om avgjerda: «Styret fant ikke å burde motsette sig teaterchefens ønske om å arrangere en privat forestilling for spesielt innbudne» (3).⁴⁷ Det er altså Christensen sitt ønske å ha ei privat framsyning, og styret til Nationalteateret ville ikkje motsette seg Christensen sitt forslag.

Det har blitt klårgjort at stykket skal ha ei lukka framsyning for spesielt inviterte på Nationalteatret 8. mai, men likevel er *Guds grønne enger* gått ut av teateret sitt repertoar. Det fører til spekulasjonar om kven som skal få kjøpe rettane til å føre opp skodespelet. *Bergens Tidende* trykker 10. april at Christensen «neppe vil stille sig avvisende, hvis et annet teater i Oslo ønsker å kjøpe ‘Guds grønne enger’, og der er nu en mulighet for, at der kan komme to bud» (4). I denne samanhengen kjem det òg ei rekkje sakar om at direktør Englund, som eig rettane til *Guds grønne enger* i Europa (*Aftenposten* 10. april 1933, 1) kjem til Oslo. *Bergens Tidende* skriv at han er her «antagelig for å forhandle med eventuelle nye liebhavere» (*Bergens Tidende*, 10. april 1933, 4). *Morgenbladet* melder om at Englund har 6–7 liebhavere på stykket utanfor Nationalteatret (11. april 1933, 1). 11. april kan *Vestlandske Tidende* melde om at Victor Bernau fekk retten til å oppføre stykket, utanom Oslo, Aker og Bergen. I

⁴⁷ Nationen, Agder Tidend, Morgenavisen, Oppland Arbeiderblad, Bergens Aftenblad, Nidaros, Laagen, Svelviksposten, Lofotposten, Adresseavisen, Vestfold Fremtid, Breviksposten, Sørlandet, Dagbladet, Nordlandsposten, Arbeidet, Arbeider-Avisa (dobbeltsjekk), Fremtiden, Nordlands Avis, Rogaland, Aftenposten, Morgenbladet skriv óg den 10. at stykket kjem som lukka førestilling.

tillegg vert det informert om eit vilkår i avtalen: «Det blev også stillet som betingelse at man skulde avvente å se hvordan den lukkede forestilling på Nationalteatret virket» (2).

Framsyinga av *Guds grønne enger* 8. mai 1933

Allereie 8. mai kan nokre aviser smykke seg med meldingar frå generalprøva til det berykta skodespelet *Guds grønne enger*.⁴⁸ Ein kan allereie her skimte starten på eit antiklimaks. Skodespelar Finn Mehlum skriv i *Østlands-Posten*: «Og så gikk altså teppet op for ‘Guds grønne enger’. Skal vi med engang kalle det: ‘Stor ståhei for ingenting’». Han skriv at han snakka med alle han kjende i pausen, og «de fleste mente at det var intet å lave slik ståhei for».⁴⁹ Den almindelige mening var at det virket forstemmende og tøvet» (3). Meldingane frå sjølve oppsetjinga er blanda, men dei fleste trekk fram at stykket ikkje er verdt ståheien som har føregått i forkant av oppsetjinga, rett og slett fordi stykket syner seg som lite blasfemisk og kontroversielt. Samstundes bør ein her vere medviten om at dei største motstandarane av stykket kanskje valde å ikkje koma, viss dei i det heile tatt var invitert.⁵⁰

Om stykket har høg eller låg kunstnarisk verdi, var altså noko meldarane var usamde i. Men ved sida av at stykket ikkje er blasfemisk, er det eit anna fellespunkt i dei fleste meldingane: Så og seie alle av dei mange av meldingane trekk fram éi side ved stykket som svært positiv, nemleg Blickingberg si framføring i rolla som Gud. Nokre av avisene som var mest positive til stykket, håper på at stykket skal bli tatt tilbake i repertoaret ved at representantskapet må «fatte beslutning om at dette vakre, gripende og eiendommelige skuespill blir å opføre slik at alle som vil kan se det. Det såkalte kristenfolk og stemmefiskerne blandt borgerpartiene i stortinget kan jo fremdeles holde sig borte fra teatret.» (A. P. Aa i *Hamar Arbeiderblad* 9. mai 1933, 1).

Etter å ha sett den lukka framsyinga av stykket, er det fleire av medlemma i Nationalteatrets representantskap som reagerer på at stykket er fjerna frå repertoaret.⁵¹

⁴⁸ Dei fleste som fekk sjå generalprøva var «teaterfolk og enkelte begunstigede journalister som står teatret nær» (*Tidens Tegn* 8. mai 1933, 1).

⁴⁹ Også *Tidens Tegn* melder om noko liknande frå generalprøven: «Da teppet var falt for siste akt, kløp man sig unektelig i armen og spurte om det var dette uskyldige og fromme skuespill som hadde bragt hele landet i harnisk» (8. mai 1933, 1).

⁵⁰ Om gjestelista skriv *Arbeidet* følgjande: «Hertil er også stortinget innbudt. Efter hvad det oplyses har 70–80 stortingsmenn sagt ja takk til innbydelse. Så er der iallfall flertall i stortinget for å se stykket!» (*Arbeidet* 8. mai 1933, 2).

⁵¹ Representantskapet er valgt for å overvåke Nasjonalteatrets kunstneriske og økonomiske interesser (*Tidens Tegn* 8. mai 1933, 12)

Representantskapsmedlem Anton Wilhelm Brøgger skal ha foreslått at *Guds grønne enger* ikkje skal fjernast frå repertoaret likevel, men at skodespelet skal gå offentleg. På eit representantskapsmøte 9. mai legg han fram følgjande forslag: «Nasjonalteatrets representantskap, som har overvært opførelsen av ‘Guds grønne enger’, finner ingen grunn til at stykket fjernes fra teatrets ordinære repertoar, og henstiller til teatersjefen å la det opføre offentlig» (*Tidens Tegn* 10. mai 1933, 1). Forslaget fører til debatt og deretter votering. Etter eit tre timar langt møte, skal forslaget om å ta skodespelet tilbake i repertoaret ha blitt nedstemt med 28 mot 17 stemmer (*Morgenbladet* 10. mai 1933, 1).

Formann i Nationaltheatrets styre, William Nygaard, skal ha truga med å gå dersom *Guds grønne enger* kjem tilbake i programmet, og *Tidens Tegn* peiker på at presset frå Nygaard og resten av styret var avgjerande for voteringsutfallet i representantskapet: «Det kan neppe være tvil om, at det vilde vært flertall i teatrets representantskap for opførelsen, hvis styret ikke hadde stillet kabinettsspørsmål. Nu innskrenker representantskapet sig til å vedta en eftertrykkelig protest mot angrepene på stykket» (*Tidens Tegn* 10. mai 1933, 1).⁵² At representantskapet følte seg pressa til ikkje å ta tilbake *Guds grønne enger* til repertoaret, vert kanskje tydeleg med at dei eksplisitt markerer avstand frå opinionen som vart danna mot *Guds grønne enger*:

Efter å ha hatt anledning til å overvære opførelsen av ‘Guds grønne enger’ (The green pastures) tar representantskapet bestemt avstand fra den opinion som er skapt mot stykkets opførelse». (*Tidens Tegn* 10. mai 1933, 1)

Ikkje overraskande kjem *Dagbladet* med ein knusande dom over utfallet: «Ved beslutningen igår av Nationalteatrets representantskap er det endelig slått fast, at sogneprest Peder Blessing Dahle har den øverste myndighet over norsk teater» (10. mai 1933, 3). No er det opplese og vedteke: *Guds grønne enger* kjem ikkje tilbake på repertoaret til Nationaltheatret, og Nationaltheatret kjem ikkje til å ha offentlege framsyningar av skodespelet.

Teatersensur i Noreg?

Når kunstutfoldinga blir hindra i eit land, gjev det tydelege assosiasjonar til sensur. Men kven var det som hindra norsk offentlegheit i å sjå dette stykket? Det finst allereie ei lovfesta sensurordning i Noreg i 1933, nemleg filmsensur. Ordninga handlar om at filmar som blir vist fram, må gjennom ein førehandsensur utført av Statens Filmkontroll. Kontrollen har vore verksam sidan 1913 (Dahl og Bastiansen 2000, 63). Filmsensuren er forankra i ei lov, som

⁵² Også Anton Rønneberg peiker på dette i boka *Nationaltheatret gjennom femti år* (1949, 249): «William Nygaard meddelte at styret ville gå hvis dette blev vedtatt».

skal syte for å hindre oppføringar av filmar som dei sakkyndige meiner vil stride mot lova, krenke ærbarheit eller verke «forraaende» eller moralsk nedbrytande. Å sensurere filmar som ikkje sjekkar av på desse punkta, går eksplisitt mot lova.⁵³ Denne lova skal riktignok ikkje famna om andre kunstuttrykk enn film, som vil seie at teateret i teorien stod fritt til å setje opp kva det ville, utan å gå gjennom eit kontrollorgan.⁵⁴ Likevel meiner me at det har foregått ein eller annan form for sensur i hindringa av oppsetjinga av *Guds grønne enger* på Nationaltheatret.

Me forsøker her å få eit innblikk i korleis *Guds grønne enger* vart tatt ut av repertoaret til Nationaltheatret våren 1933. Som me har sett, vart teatertsjef Christensen utsett for eit stort press frå fleire kantar. Den eine kanten var frå styresmaktene. Vanlegvis når styresmaktene i eit land hindrar den kunstnariske utfoldinga til enkeltpersonar eller kulturinstitusjonar, vil ein trekkje konklusjonen om at dette er statsensur – som gjerne gjev assosiasjoner til diktatoriske styrer. I høvet med *Guds grønne enger*, vil me seie at saka er mykje meir kompleks. Me skal no undersøkje kva slags mekanikkar som ligg til grunn for at skodespelet ikkje fekk sjå dagens offentlege lys.

Med lova i handa

Det første ein kanskje tenkjer på som sensur er statleg regulering av kva kunstuttrykk folket skal bli eksponert for gjennom lovgiving. Som me har peikt på, skjedde det fleire forslag om lovendring for å kunne hindre oppføringa av *Guds grønne enger* å gå som planlagt. Den første kom frå Hundseid og vart ikkje vedteke. Den neste kom frå Belland, og heller ikkje dette forslaget om lovendring vart vedteke. I motsetnad til Hundseid, nemner Belland *Guds grønne enger* i forslaget sitt. Han ønskjer seg eit forbod spesifikt for dette skodespelet. Den tredje på banen er Hambro, som heller ikkje nemner *Guds grønne enger*, men som ønskjer å skjerpe lova som skal verne om det heilage. Forslaget frå Hambro vert som kjent vedteke, og Stortinget sender oppmodinga til regjeringa.

Med andre ord har ein diskusjon på Stortinget spesifikt om *Guds grønne enger* ført til ei oppmoding om lovendring. Å tilpasse lova kvar gong det kjem eit skodespel, maleri eller musikk som ikkje fell i god jord blant stortingspolitikarane, kan vere ei misbruk av makta, og

⁵³ I boka *Hvor fritt er et land* (2000) viser Dahl og Bastiansen at andre former for filmsensur enn dei som var lov, også forekom, blant anna under den første verdskrigen.

⁵⁴ Sjølv om det ikkje fanst eit kontrollorgan for førehandsensur av teater, fanst det ei lov som kunne hindre usømd stykke i å gå: «til Opretholdelse af Orden og Forebyggelse af offentlige Krænkelser av Sædeligheten» (Dahl og Bastiansen 2000, 58). Lova gav politiet rett til når som helst «å stanse fremføringen» (59). Politiet har ikkje vore involvert i striden om *Guds grønne enger*, og me reknar derfor ikkje denne lova som relevant for vår diskusjon.

vil gjeve Stortinget mykje makt og påverknad på kunstuttrykk. *Nationen* peiker på denne mekanikken, og kritiserer Stortinget for leggje seg opp i ei enkeltsak:⁵⁵

Men det kan da vel ikke være meningen, at Stortinget som saadant skal begynne aa avfatte henstillinger til teatre, kinomatografer, kringkasting, kunstutstillinger o.s.v.! Stortinget 'henstiller' mot saa og saa mange stemmer til regjeringen, naar det ønsker spesielle saker forberedt, men ellers maa metoden ansees fora aa være mildest talt forkastelig. Enten har Stortinget gitt lover, som rekker frem, eller det forbereder og vedtar nye lover, men leilighetsvis aa henstille til den ene eller den annen institusjon om takt og tone - det gaar ialfall ikke an. (*Nationen* 4. april 1933, 3)

I utdraget frå *Nationen* vert ein metode kor dei styrande organa i samfunnet grip direkte inn i kulturuttrykk forkasta.⁵⁶ Avisa peiker på at Stortinget som lovgivande institusjon må leggje til grunn lovar som dekkjer generelle prinsipp, og at dei ikkje kan skreddarsy lovverket etter enkeltsaker. Det er førebels ikkje snakk om eit forbod mot *Guds grønne enger* ettersom forslaget til Belland ikkje vann fram. Likevel var forslaget på bordet, og ut ifrå avismeldingane om Stortingsmøtet, er det ikkje godt å seie kva som blir utfallet av Hambro sitt forslag. Ettersom det tilsynelatande «generelle» forslaget frå Hambro så tydeleg er situasjonsavhengig, kan det minne om eit forbod. Men eit eksplisitt forbod er det til slutt ikkje snakk om.⁵⁷

Avhengig av økonomiske tilskot

Charlotte Appel greier i *Læsning og bogmarked i 1600-tallets Danmark* ut om fem former for statleg inngrep i bokmarknaden. Riktignok handlar teksten hennar om trykte bøker og ikkje oppførte dramastykker, og ho studerer i første omgang bokmarknaden på 1600-talet og trekk fram eit spekter av instrument dei dansk-norske styresmaktene kunne nytte for å påverke og regulere kva som blei trykt og distribuert. Skissa ho teiknar over sensurmekanismane til dei dansk-norske styresmaktene på 1600-talet, har likevel ein viss overføringsverdi til *Guds grønne enger*-saka på 1930-talet. I den følgjande teksten kastar me lys over nokre av formene

⁵⁵ Den same saka vert trykt i *Sørlandet* 5. april.

⁵⁶ Det kan verke som om *Nationen* framom alt reagerer på forslaget til Belland om å direkte oppmode Nationaltheatret om å ikkje syne *Guds grønne enger*, men prinsippet kan verte overført til Hambro si oppmoding også.

⁵⁷ I boka *Med vennlig hilsen* skriv Victor Bernau (1937, 121) at han vart kalla inn av justisdepartementet og statsminister Mowinckel, som eksplisitt skal ha uttalt at turneen ville skada partiet rett før valet, og at dei ville gjere kva dei kunne for at Bernau skulle la vere å dra på turne. Denne utsegna viser at sensureringa av *Guds grønne enger* var ei viktig brikke i det politiske spelet. Me vel å sjå hendingane som ei følge av hendingane i april-mai, og kjem ikkje til å gå vidare inn på saka til Bernau, sidan han heller ikkje er nemnt i vårt primærmateriale. Dessutan nyttar Arne Stai boka til Bernau som kjelde, og kan opplyse om at han ikkje har stadfesta opplysningane i andre kjelder.

ho skisserer, for å få eit nyansert bilete av korleis framsyninga av *Guds grønne enger* kunne bli hindra.

Ei form for regulering Appel viser til, er ei positiv diskriminering som handlar om ei favorisering av forleggarar som trykker det staten vil at skal bli trykt. Desse kunne bli premiært med privilegium av staten, noko som sette dei i eit direkte avhengigheitsforhold til styresmaktene. Me har ikkje undersøkt favorisering frå styresmaktene si side, og det er grunn til å tru at eit demokratisk samfunn på 1900-talet tok seg mindre fridom til å dele ut privilegium enn eit einevelde på 1600-talet. Likevel kan me sjå i resepsjonsmaterialet me har undersøkt, det me tolkar som underliggjande tendensar til eit avhengigheitsforhold mellom kulturinstitusjon og styresmaktene.⁵⁸

Eit aspekt av verdi når ein undersøker avhengigheitsforholdet mellom stat og kulturinstitusjon, er distribueringa av offentlege middel til teateret på 1930-talet. Det var her snakk om direkte pengeløyve frå stat og kommune til teateret (*Dagbladet* 21. april 1933, 3). Ein svært viktig institusjonell skilnad mellom 1930-talet og i dag, er Norsk kulturråd. I etterkrigstida vart Norsk kulturråd etablert for å syte for eit demokratisk kulturtilbod til befolkninga i det ganske land. Ein effekt av den institusjonelle inndelinga er at Kulturrådet gjekk inn i rolla som eit tredjepartsorgan som førte til at rådet fritt kunne distribuere offentlege middel til kulturfeltet utan at styresmaktene legg seg opp i kva eller kven som skal få pengeløyve. Presset Christensen vart utsett for frå Stortinget ville altså ikkje ha gått føre seg på same måte i dag: Om ein stortingspolitikar i dag hadde vore imot ei teaterframsyning, ville ikkje det økonomiske aspektet vore ein direkte trussel for teaterdirektøren ettersom det er Norsk kulturråd som fordeler pengestøtta etter gitte vedtekter.

Rollefordelinga mellom styresmaktene og Nationaltheatret, vert spegla i resepsjonsmaterialet vår. Det kjem fram at Nationaltheatret er redde for å miste offentleg pengestøtte. Denne frykta peiker *Østlendingen* peiker på:

Når teatrets ledelse tilslutt fant å måtte bøie sig for stortingets uttalelse, var det neppe hverken av religiøse eller kunstneriske hensyn, men fordi stortinget sitter med bevilgningsmyndigheten, og Nationalteatret trenger penger. Teatret hadde tjent på om dets ledelse hadde vært mere lydhor overfor den sterke opinion, – det så meget mer som der står strid også om stykkets k u n s t n e r i s k e verdi. (8. april 1933, 3)

Utsegna kan indikere eit avhengigheitsforhold der Christensen og Nationaltheatret bør vere lydhyre overfor styresmaktene for ikkje å få kutt i pengestøtta. Økonomiske løyve får

⁵⁸ Appel trekk fram ein femte kategori som handlar om kyrkje og stat som aktive initiativtakarar, altså at dei trykker bøker med «rett» innhald. Dette elementete er ikkje så relevant for *Guds grønne enger*, og derfor skal me ikkje gå djupare inn på det (2001, 370).

potensial til å vere effektive pressmiddel. Ein indikator på dette tilhøvet blir gitt i *Dagbladet* 5. april, kor avisa slår hardt ned på framferda til Hundseid og Hambro i stortinget 4. april. Dei tillegg Hambro og Hundseid ein skjult agenda: «Begge [Hambro og Hundseid] arbeidet i sommer for at Nationaltheatret ikke skulde få noe statsbidrag fra pengelotteriet. Hr. Hambro har i de siste 10 årene ustanselig forfulgt teaterchef Christensen, anonymt og åpenlyst, ut fra meget blandede motiver» (3). *Dagbladet* går ikkje inn på kva desse blanda motiva er, men ein får likevel eit innblikk i korleis rollene fungerte – statsbidraget blir kalla eit pengelotteri, altså kan ein sjå føre seg at det ikkje er automatikk i kven som får pengestøtte. Kanskje vert det delt ut pengar vilkårleg, eller kanskje har enkeltpersonar mykje makt når det gjeld kven som skal få pengestøtte. Viss me legg ei rollefordeling til grunn der Stortinget sit på pengesekken, som Nationaltheatret treng tilgang til, kan ein spørje seg kva som blir konsekvensane av den store motvilja mot oppføringa av *Guds grønne enger* på Stortinget.

I tillegg til Belland sitt forslag, kom det ei direkte tilråding til teatersjef Christensen frå talarstolen på Stortinget 4. april. Det kjem «kjeft» og oppmodingar til teatersjef Christensen og leiinga av teatret. Til dømes skal Svensen (H) ha sagt: «skulle ønske at Nationalteatrets chef her vilde handle ut fra forståelsen av at selv om alt var tillatt, så var ikke alt gavnlige» (*Østlands-posten* 5. april 1933, 6). Denne utsegna gir meining når ein veit at det var meininga at teatersjef Christensen skulle ha vore på møtet. Men Christensen var han ikkje til stades under møtet, ettersom han var oppteken med prøvespel til *Guds grønne enger* denne dagen (*Tidens Tegn* 5. april 1933, 2). At ein stor del av representantane på Stortinget, som har makt til å påverke økonomien til Nationaltheateret, uttalte seg mot valet om å oppføre skodespelet, kan umogleg ikkje ha kjentest som eit press for Christensen.

Det er fleire aktørar i politikken som vert skulda for å nytte posisjonen sin for å påverke oppføringa av *Guds grønne enger*. Ordførar i Oslo, Eyvind Getz, vert skulda av *Dagbladet* for å truge Christensen med å halde tilbake pengar viss *Guds grønne enger* kjem opp. Denne skuldinga kjem frå eit offentleg brev ordførar Getz sende til Nationaltheatret sitt styre ved forlagsbokhandlar William Nygaard. Getz er svært kritisk til styret si avgjerd om å setje om ei lukka framsyning av *Guds grønne enger*, og av den grunn går han offentleg ut med at han ikkje vil bli invitert til framsyninga.

Dagbladet omtaler utsegna frå Getz som ein trydeleg trugsel: «Det fremgår tydelig av hele sammenhengen at ordfører Getz har truet hr. Nygaard med, at Oslo vilde ta sitt bidrag fra Nationaltheatret, hvis stykket blev opført» (20. april, 3). Getz avvis skuldnaden frå *Dagbladet* dagen etter, og meiner at han skreiv brevet som privatperson, i ei privat korrespondanse med hr. Nygaard. Rett ved sida av tilsvaret frå Getz, trykker *Dagbladet* ei sak under tittelen

«Privatpersoner», kor dei i kjent stil skriv om samanblandinga av private og profesjonelle roller. *Dagbladet* trekk fram at breva ikkje var av privat art då dei vart trykka i avisa. Dessutan peiker dei på at Getz og Nygaard tiltalte kvarandre ved yrkestittel. I ei morosam tone ber dei «hr. ordfører» hugse kva «hr. privatperson» har lova om at Nationaltheatret ikkje skal miste løyve (3). *Dagbladet* har eit viktig poeng – Getz og bystyret *har* makt til å stramme inn, viss han vil, og at Nationaltheatret er avhengige av eit godt forhold til ordføraren.

Vårt inntrykk av *Dagbladet* i resepsjonsmaterialet er at dei ikkje er redde for å kome med bastante og kontroversielle utsegn. Altså kan det vere hensiktsmessig å ta nokre av ytringane frå *Dagbladet* med ei klype salt. Likevel er det grunnar til å tru at pengestøtteargumentet frå *Dagbladet* ikkje er heilt på tur. I boka *Hvor fritt et land? Sensur og meningstvang i Norge i det 20. århundre*, skriv Hans Fredrik Dahl og Henrik G. Bastiansen at *Dagbladet* på 1930-talet var lausrive frå partiet sitt, Venstre, og at dette skilte *Dagbladet* frå dei fleste andre avisene som var tettare bundne til partia sine: «Men det er klart at det nettopp var denne meget store grad av uavhengighet og selvstendighet overfor partiet som gjorde at *Dagbladet* praktiserte en videre politisk ytringsfrihet enn de fleste andre partiaviser» (2000, 101). Det kan derfor hende at *Dagbladet* ikkje følgjer dei same konvensjonane som andre aviser i tida. Det at *Dagbladet* er den einaste avisa som melder om dette, kan handle om at dei andre avisene held tilbake heller enn at *Dagbladet* spreier om seg med påstandar som ikkje er sanne.

Ettersom Nationaltheatret i 1933 hadde vanskelege økonomiske kår, er det meir enn plausibelt at meiningane til menneske som løyver pengar, veg tungt.⁵⁹ Nationaltheatret sitt styre peiker direkte på Stortinget i oppmodinga til Christensen om at han skal la *Guds grønne enger* gå ut av repertoaret. Ein medverkande faktor til at Stortinget spelar ei rolle i oppmodinga til Nationaltheatrets styre, er kanskje nettopp det økonomiske. Dette kan vere med på å illustrere eit avhengigheitsforhold mellom styresmaktene (som er pengesekken) og Nationaltheatret (ein kulturinstitusjon med slank portemoné).

At påverknaden av avhengigheitsforholdet mellom Stortinget og Nationaltheatret gir utslag i korleis Nationaltheatret handlar, fører oss vidare til ein annan sensurkategori av Appel, nemleg sjølvensur. Appel hevdar at sjølvensuren er eit produkt av andre kategoriar; forbod, førehandssensur og favorisering. Sjølvensuren spring ut ifrå vissa om at det som ikkje er akseptert uansett vil bli stoppa eller få negative konsekvensar, og derfor let ein vere å

⁵⁹ Økonomien til Nationaltheatret var på denne tida dårlege, og hadde vore det i fleire år (Rudeng 1997, 324): «Tidene var nå i så sterk nedgang at en overalt begynte å snakke om teaterkrise» (Rønneberg 1949, 198).

utfalde seg fritt. Denne kategorien er også eit aspekt ved debatten om *Guds grønne enger* på Nationaltheatret.

I dette høvet er det ikkje snakk om sjølvensur i produksjonen (Connelly), men i valet om ein skal setje opp stykket – i dette høvet i ein annan kulturkontekst. Når styret, og til slutt Christensen, vel å ta ut *Guds grønne enger* av repertoaret, kan ein seie at presset frå Stortinget har ført til ei form for sjølvensur. Nationaltheatret er ikkje eksplisitt pålagt å ta skodespelet ut av repertoaret – formelt sett kan ein seie at dei gjer det frivillig, men ein kan ikkje unngå å sjå at presset har vore enormt. Formann i Nationaltheatrets Venner, Dr. Brinchmann, er tydeleg på kven som er å skulda: «Stortingets overgrep er en ulykke for Nationaltheatret» (*Dagbladet* 7. april 1933, 2). Brinchmann legg eksplisitt skulda på Stortinget.

Likevel er ikkje alle samde i det at avgjerda i stor grad kjem utanfrå. Som respons på avgjerda om å la skodespelet falle, innbyr *Dagbladet* til protest, og det kjem tydeleg fram at dei legg skulda på leiinga i Nationaltheatret:

Nationalteatret er reist på de kunstneriske verdier og det åndelige frisinn, som Henrik Ibsen og Bjørnstjerne Bjørnsons diktning gav uttrykk for. Dets første plikt er å verne kunstens frihet mot fordommer og sneversynn. Vi vil uttale vår harme over, at Nationaltheatrets ledelse har sviktet åndsfriheten ved å opgi å spille ‘Guds grønne enger’ (7. april 1933, 1)

Dagbladet legg ut lister i avisresepsjonen kor ein kan teikna seg, og ein kan òg skrive seg opp via telefon. Dagen etter trykker dei ei tettskrive side med namn som allereie har teikna seg, samt ei oppmoding til folk om å teikne seg på listene snarast, som framleis ligg i ekspedisjonen (*Dagbladet* 8. april 1933, 1–2).

Her må me leggje til ei viktig poeng: Det kan verke merkeleg at *Dagbladet* er dei einaste som skuldar Nationaltheatret for å ha svikta andsfriheten når styret sjølv (og andre aviser) peiker på Stortinget som syndaren. Avisa *Fremtiden* hevdar at *Dagbladet* er feige som kastar seg over Christensen og styret i Nationalteateret, i staden for å leggje skulda der ho eigentleg høyrer til, nemleg stortinget og i særleg grad Venstre (*Fremtiden* 10. april 1933, 2).⁶⁰ Sjølv om me tidlegare har peikt på *Dagbladet* som lausare bunde til partiet sitt enn mange andre aviser, er dei ikkje heilt lausrivne. Ein skal derfor ikkje lukke auga for at det er Venstre som sit i regjering på dette tidspunktet. Ein kan jo spørje seg (eller *Dagbladet* anno 1933) om ikkje protestaksjonen hadde vore meir effektiv om han hadde vore ein direkte motaksjon til aksjonen til Blessing Dahle. Om *Dagbladet* hadde sendt protestane til Stortinget som ei målretta motvekt til opinionen, hadde kanskje saka stilt seg annleis.

⁶⁰ Avisa *Fremtiden* var på dette tidspunktet hovudorganet for Arbeiderpartiet i Buskerud.

Det er splitta meiningar i resepsjonen om kven som har skulda i sensuren av *Guds grønne enger*. Nationaltheatret sitt styre peiker på Stortinget, sjølv om dei ikkje eksplisitt har forbode skodespelet. Likevel står Nationaltheatret i eit avhengigheitsforhold til både storting og kommune ettersom dei har tronge økonomiske kår og treng pengeløyve. Som Appel har vist, fører ofte ein eller fleire sensurmetodar til slutt til sjølvensur. I skuldspørsmålet vektlegg *Dagbladet* sistnemnde, sjølvensur. Dei skuldar på leiinga av teateret.

Sensur – eit folkekrav

I framstillinga vår av saka kan det verke som om Stortinget er kjelda til at *Guds grønne enger* ikkje blir sett opp som planlagt på Nationaltheatret. På sett og vis kan ein seie at det stemmer. I motsetnad til eineveldet Danmark-Noreg som Appel skisserer, er Noreg i 1933 eit *demokrati*. Saka om *Guds grønne enger* vert handsama i Stortinget, og politikarane uttykkjer eksplisitt motvilje mot stykket. Det er likevel påfallande at *Guds grønne enger* vert tatt opp i Stortinget av Hundseid i Bondepartiet ikkje fordi han sjølv er imot det, men fordi ein stor del av folket er imot det. Hundseid sin motivasjon er jo nettopp å verne «... hundretusener av mennesker omkring i vårt land som på det alvorligste blir krenket i sine helligste og dypeste følelser ...» (*Aftenposten* 30. mars 1933, 2). *Guds grønne enger* vert skulda for å vere ei populistisk sak av arbeidarprensa, men kva er ein populistisk sak om han ikkje er populær? Gjennom resepsjonen til stykket har det jamleg vert sendt protestresolusjonar til kyrkjedepartementet og stortinget, og fleire tusen har skrive seg på listene til Blessing Dahle. Ein kan altså seie at ønsket om å hindre stykket i å sjå dagens lys kjem frå folket.

Samstundes som *Guds grønne enger* herjar på Stortinget, ferdar Blessing Dahle rundt i det ganske land for å samle inn protestar mot oppsetjinga. *Adresseavisen* melder 3. april om at Blessing Dahle tek turen til Trondheim kor han skal halde føredrag på Salem. *Vestlandske Tidende* og ei rekkje andre aviser melder 3. april om at 600 folk har møtt opp og vedteke ein protestresolusjon om å forby Gud på scena.⁶¹ 5. april kan *Haugesunds Dagblad* melde om at protestlistene som vart lagde ut i etterkant av føredraget Blessing Dahle i Haugesund, no har over 1200 underskrifter.

Underskriftene veks òg austafjells. 4. april melder *Dagbladet* om at det har kome over 700 underskrifter på kort tid i Fredrikstad etter at sokneprest Iancke og residerande kapellan Lund har lagt ut underskriftslistar hjå bokhandlarane i byen (9).⁶² At listene no er å finne i

⁶¹ Følgjande aviser melder om det same som *Vestlandske Tidende: Bodø Tidende, Adresseavisen og Grimstad Adressetidende, Nidaros* (4. april).

⁶² Lofotposten meldar om dei same tala 5. april, og *Fædrelandsvennen* har ein notis om saka.

diverse bokhandlarar og avisredaksjonar, vitnar om at protesten har flytta seg frå bedehusmiljøa og andre lukka krinsar til meir opne og tilgjengelege sfærar. 5. april melder *Porsgrunns Dagblad* om at det no vert samla underskrifter mot oppføringa av *Guds grønne enger* i Porsgrunn, Solum og Eidanger. *Breviksposten* melder 5. april om at sokneprest Feet i Porsgrunn opplyser om at det har kome 200 namn på listene så langt, og at listene skal vere tilgjengelege til 5. april. Også *Morgenbladet* rettar merksemd mot protestlistene som er utlagt, og kor ein kan finne dei.

Dei mange underskriftslistene frå ei så stor geografisk spreieing i landet, viser kor stort folkeengasjementet mot *Guds grønne enger* er. Protestlistene blir sende til Stortinget, og dei er mange. Det er kjend at Blessing Dahle har oppmoda om å stemme annleis ved stortingsvalet nokre månader seinare om ikkje noverande Storting grip inn. Dei mange namna utgjør eit openbert press på politikarane.

Protestane kjem ikkje berre i form av lister. *Østlandsposten* trykker 1. april ei oppsummering frå eit møte med kyrkjelydråda i Vestfold.⁶³ Heilt til slutt i saka står det at møtet vedtok ein resolusjon kor det «henstilles at ‘Guds grønne enger’ må bli forbudt opført på Nationalteatret» (3). Avisa *Lindenes* (3. april) og *Fædrelandsvennen* (4. april) melder nokre dagar seinare om årsmøtet til Mandal og Halse kyrkjelyd. Der vart det vedteke følgjande forslag av forsamlinga (ca 130 deltakarar):

Aårsmøtet i Mandal og Halse menighet henstiller i ærbødighet til Norges storting aa forby opførelsen av skuespillet ‘Guds grønne enger’ paa Nationalteatret, da vi mener at stykket vil virke gudsbespottende og er en forhaanelse av den kristne tro. Vi er ogsaa av den opfatning at stortinget nu bør vedta en lov som forbyd aa fremstille Gud paa scenen. (*Lindenes* 3. april 1933, 2).

Protestane mot *Guds grønne enger* kjem frå fleire hald. 5. april melder *Tvedestrandsposten* og *Den 17de mai* om at Aust-Agder fylkesting også har stemt over og vedteke ein protest mot oppføringa av *Guds grønne enger* til Stortinget.

I tillegg til «vanlege» namn på protestlistene til Blessing Dahle, kjem det i tidsrommet kor *Guds grønne enger* er i Stortinget, protestar frå både kyrkjelydråd og eit fylkesting. Dette skapar sjølvstøtt eit stort press på politikarane som umogleg kan oversjå det store engasjementet i folket. I saka «Kunst og kultur» set *Adresseavisen* ord på kva Stortinget kunne bli skulda for om dei ikkje tok oppmodingane frå folket opp saka om *Guds grønne enger* opp i stortinget:

⁶³ *Agderposten* skriv om same sak 4. april.

Man glemmer da at stortingsrepresentantene representerer noget mere enn sig selv og endog noget mer enn sitt parti. De s k u l d e i et hvert fall også representere sitt folk og sitt land – og ilde vilde vi bli stedt om alle de religiøst innstilte mennesker i vårt land skulde settes utenfor den meningsberettigede del av folket. (*Adresseavisen* 8. april 1933, 5)

Adresseavisen tek stortingsrepresentantane i forsvar frå avisene som skuldar dei for å spekulere i folk sine religiøse kjensler. I farta peiker dei på eit viktig demokratisk prinsipp: Stortinget skal representere folket. Og dei som vert krenkte av skodespelet er òg ein meiningsrettkomen del av folket. I eit demokrati er det fleirtalet som rår, og ei folkemengd er derfor noko ein tek alvorleg.

Ein kan òg snu på situasjonen og seie at politikarane representerer folket, men med uærlege hensikter. Politikarane vert kritiserte for å nytte *Guds grønne enger* til å slå mynt på religionen: «Det skal skapes valgagitasjons-numre som bortleder oppmerksomheten fra de avgjørende klassemessige økonomiske og politiske spørsmål» (*Arbeideren* 1. april 1933, 5). Politikarar vert altså skulda for å bruke motstanden mot teaterstykket som eit grep for å sanke stemmer og trekke merksemda vekk frå andre samfunnsproblem. *Arbeiderbladet* går dessutan hardt ut mot *Aftenposten* og Høgre, som dei meiner «gang på gang [har] profitert på misbruk av religionen» (1. april 1933, 3). Saker som engasjerer store delar av folket kan vere ei god mogelegheit for politikarane som førebur seg til val.

Bakgrunnen for at *Guds grønne enger* vart tatt ut av repertoaret er komplisert. Ein kan ikkje plassere «skulda» hos éin spesifikk aktør. Me ser at stortinget mest sannsynleg har hatt ei stor tyngd i fordømminga si – dei sit på pengesekken. Ifølgje Anton Rønneberg (1949, 245) har Staten sitt pengeløyve gått frå 60 000 kroner til 30 000 kroner denne sesongen, og Nationalteatret ende på eit underskot på 155 000. Staten sitt bidrag aleine hadde ikkje vore nok til å bote på underskotet. Planen var at *Guds grønne enger* skulle hjelpe på situasjonen. Som teatersjef Christensen seier: «Vi er stedt i nød. [...] Med ‘Guds grønne enger’» hadde vi håpet å få budgettet på fote» (*Dagbladet* 8. april 1933, 7). Redsla for mindre pengar i ei vanskeleg tid har nok vore ein viktig faktor i avgjerda til styret – som oppmoda teatersjefen om å leggje vekk stykket, og som stilte kabinettspørsmål når representantskapet ville ta stykket opp igjen. Eit godt forhold til styresmaktene er det som står igjen når ein avvis skodespelet, men samstundes tar avstand frå opinionen.

Stortinget på si side, har sine egne grunner til å gripe inn i saka. Ei stor mengd folk har skrive under på protestlistene til Blessing Dahle, og resolusjonar vert fatta av kyrkjelydråd

og kristne samband med jamne mellomrom. Dessutan er det snart stortingsval, og partia nyttar *Guds grønne enger* til å posisjonere seg og vinne tillit hjå folket.

Under påverknad frå Blessing Dahle og omtala av *Guds grønne enger* i dagspressa (og truleg andre stadar), har ei stor mengd folk frå heile landet kome fram til at dei ønskjer å forby framsyninga av Gud på scena. I utsegna frå motstandarane av *Guds grønne enger* ser me at mange som uttaler seg om at skodespelet bør verte forbode nyttar argumentet om at dei vert *krenkte* om skodespelet kjem opp. Ein kan altså seie at folket ønskjer seg fridom frå å verte krenkte. Forkjemparane for skodespelet (eller motstandarane av henlegginga) meiner på si side at å fjerne skodespelet vil krenke kunsten sin fridom. Det er interessant at begge sidene nyttar same argument: andsfridomen.

Akershus Arbeiderblad skisserer ei tydeleg lenkje mellom det å *hindre* skodespelet og motstandarar av andsfridom: «Når undtas at Hallesby og meningsfeller, støttet av Quislings parti, har angrepet den naturvitenskapelige forskning og forsøkt å hindre ‘Guds grønne enger’, så finnes ingen motstandere av åndsfriheten her i landet» (*Akershus Arbeiderblad* 3. mars 1933, 2). Ei motvekt til koplinga mellom sensur av *Guds grønne enger* og det å vere imot andsfridom, kan ein avdekke i synet Landvik og Eide sokneråd har på å hindre skodespelet. Soknerådet sende ei fråsegn til Kyrkjedepartementet, som står på trykk i *Adger Tidend* 31. januar. Dei oppmodar kyrkjedepartementet om å «halda fram for teaterstyret det ansvar eit teater, med stor aarled statsstudnad, hev for aandslivet i det heile, – at eit stykke som tener aandeleg forfall, ingen livsrett hev – og at ingen hev rett til – ‘i namnet aat fridomen’ – aa krenkja det eit fritt aandsliv held heilag» (4). For Landvik og Eide sokneråd står altså ikkje sensur av eit skodespel og eit fritt åndsliv i motsetnad til einannan, men er to sider av same sak. Spørsmålet som reiser seg er: *Kva* er det som krenkjer?

Det latterlege i *Guds grønne enger*

Som me har sett er spørsmålet om sensur komplekst, men det me veit er at motstanden mot stykket var massiv og omfattande, og at det engasjerte ei stor mengd folk. Vidare veit me at denne motstanden førte fram til at *Guds grønne enger* vart tatt ut av repertoaret til Nationaltheatret. Materialet me har undersøkt får fram kor kompleks og vidstrek debatten var. På eit overordna nivå kan ein seie at største del av argumentasjonen *mot* oppsetjinga handlar om framsyninga av Gud på scena.

At argumentasjonen handlar om framsyninga av Gud er tydeleg heilt frå dei første avissakene i Noreg om stykket, kor det var rapportering frå *Guds grønne enger* i Sverige som var aktuelt. Noko som går att frå den tidlege resepsjonen, er «Vårherre i bonjour» og «røkende cigarer». Av desse to rekvisittane, menneskeleg klesdrakt og tobakk, kan me samanfatte hovudargumenta mot skodespelet. Dei rommar fleire av elementa i argumentasjonen, og vert dermed symbol på motstanden mot skodespelet. Klesdrakta, bonjouren, er ifølgje Det norske akademis ordbok ein «knelang frakk med søm i livet og med skjøter som ofte er avrundet foran». Etymologisk kjem ordet frå fransk *bonjour*, i betydinga ‘god dag’, og omgrepet viser visstnok til at drakta blei brukt som visittdrakt (Det norske akademi). Her kan ein sjå føre seg Gud i ei *menneskeleg* klesdrakt. Om ein har den etymologiske tydinga in mente, er det attpåtil ei klesdrakt ein nyttar på *besøk*. I stykket kjem Gud til jorda, ikkje som Jesus, men som ein skodespelar på nasjonalscena i Noreg. Ein stor del av motstanden mot stykket handlar nettopp om dette: Gud kan ikkje bli framstilt *av* eit menneske, og heller ikkje *som* eit menneske.

Ein kan òg hefte seg ved det *kvardagslege* i klesdrakta. Gud blir framstilt som ein figur med daglegdagse, menneskelege gjeremål og bekymringar, og han blir trekt ned frå det opphøgde til nettopp det kvardagslege. Så er det sigaren: Det er plausibelt å anta at sigaren symboliserer nyting, noko usømmeleg og noko eksotisk. Bonjouren og sigaren er ikkje berre med på å framstille Gud som eit menneske, men som eit *kvardagsleg* og *usømmeleg* menneske. For eit publikum som er vand med å høyre om Gud i eit høgstemt språk, kan resultatet bli ei humoristisk framsyning og noko som gjer veldig vondt. Det gjer openbert vondt fordi noko ein set heilag vert krenkt, og samstundes skal ein ikkje stikke under ein stol at ei humoristisk framsyning av ein kvardagsleg Gud bryt med kva ein ventar å sjå på hovudscena i landet. Erik Rudeng peiker dessutan på at «Nationaltheatret var byens storstue og hovedarena for den borgerlige offentlighet. I teatrets elegante salonger møttes unge og gamle medlemmer av tidens dannede klasse, og forestillingene kunne sette dagsordenen både

i selskapslivet og avisene», noko som kan indikere at også Nationaltheatret i seg sjølve var noko aktverdig (Rudeng 1997, 323).

I debatten kring oppføringa av *Guds grønne enger* på Nationaltheatret er det fleire typar argumentasjon som går att. I dette kapitlet skal me først greie ut om dei overordna linjene i argumentasjonen mot og for oppsetjinga. Deretter skal me avgrense og undersøkje nærare nokre aspekt me synest skil seg ut som sær relevante, og som i liten grad er diskutert tidlegare. Dei handlar i korte trekk om *dei latterlege* trekkja ved *Guds grønne enger*, og korleis desse trekkja kjem til synes i motstanden mot skodespelet. *Det latterlege* kan ein dessutan knyte til skodespelet sin form, språk og kulturelle opphav.

I den nemnde artikkelen «Teateren har i ett märklig fall blivit kyrka» (2006) undersøker Kari Veiteberg fire svenske og fire norske teologar sine meiningar om *Guds grønne enger*. I analysen av argumentasjonen deira, deler ho opp hovudsynspunkta i følgjande fem punkt: «å framstille Gud på scena», «feilaktig teologi», om «det primitive», om «fiksjonskontrakt» og om «spøk og alvor» (2006, 4). Desse fem punkta er ei inndeling av argumentasjonen på eit overordna plan. Me har sjølv undersøkt eit langt større materiale enn Veiteberg, og undersøkinga vår famnar eit resepsjonsmateriale skrive av ei langt meir samansett gruppe enn materialet av dei åtte teologane Veiteberg har analysert. Avsendarane i resepsjonsmaterialet i undersøkinga vår består av ikkje berre av folk med formell utdanning innan kristendom, som teologar, men famnar folk frå eit breitt sosiokulturelt og sosioøkonomisk felt. Avsendarane i vårt materiale har blant anna ei god geografisk spreining, varierende grad av utdanningsnivå og forskjellig politisk tilhøyr. Fordelen med å undersøkje eit sopass stort materiale som vårt, er at me får framheva kompleksiteten i resepsjonen. I tillegg mogeleggjjer eit stort materiale fleire nyansar å kome til syne. Ulempa med eit stort materiale er openberr: Ein får ikkje mogelegheit til å gå like djupt inn i alle delane av materialet. Likevel opplev me at eit sopass godt oversyn av heilskapen som eit stort materialbruk gir oss, er hensiktsmessig for å få fram dei fleste stemmene i debatten.

Trass i at vår undersøking famnar eit langt større materiale enn Veiteberg sitt, synest me ho treff spikaren på hovudet med inndelinga av dei fem punkta som overordna er viktige for resepsjonen – òg for materialet me undersøker. Me kjem inn på fleire av punkta ho har trekt ut, men me vel å ordne punkta litt annleis. Først skal me i korte trekk ta føre oss det me har avdekt som sentrale og overordna argument i debatten, nemleg det blasfemiske ved å framstille Gud på scena. Under blasfemipunktet vårt innlemmar me Veiteberg sitt punkt om ‘å framstille Gud på scena’ og punktet om ‘feilaktig teologi’. Deretter går med vidare til hovudvekta i oppgåva vår. Med grunnlag i det omfattande arkivarbeidet me har vore gjennom,

ser me ein svært viktig tendens i argumentasjonen mot stykket, som tilfeldigvis er det punktet Veiteberg har skrivne minst utfyllande om, nemleg punktet om ‘spøk og alvor’. Me vel å kalle dette punktet for ‘det latterlege’, ettersom det omgrepet synar seg som meir presist for det me har avdekka i undersøkinga av materialet. ‘Det latterlege’ vil òg vere omdreiingspunktet for dette kapittelet. I forlenging av undersøkinga av det latterlege i resepsjonen, kjem me til å trekkje inn punktet Veiteberg kallar ‘det primitive’. I kartlegginga av litteratur om striden kring *Guds grønne enger* i 1932 og -33 er det få eller ingen andre som har gått djupt inn på det latterlege i resepsjonen av stykket, noko som vil seie at me i denne oppgåva får privilegiet av å gå inn i noko uutforska! Samstundes vil oppgåva vår vere med på å dekkje eit sentralt aspekt i resepsjonen, og me vil på den måten vere med å bidra til eif meir dekkande forståing.

Det blasfemiske ved å framstille Gud på scena

Først tar me føre oss det blasfemiske ved å framstille Gud på scena. Denne argumentasjonen blir vektlagt av mange i debatten, og blir ofte repetert. Det norske akademis ordbok definerer blasfemi som ei «gudsbespottelig ytring eller handling», og gudsspotting blir igjen definert som «hån mot Gud eller religion». Motstandarane av oppføringa av *Guds grønne enger* peiker med andre ord på at representasjon av Gud på ei teaterscene er hånande overfor Gud og/eller kristendommen.

I argumentasjonen om at Gud på scena er blasfemisk, skjer det ei forgreining: I den eine forgreininga blir det framheva at det blasfemiske med Gud på scena er framstillinga av Gud i seg sjølve. Teolog Egil Brekke er eit døme på ein motstandar som sluttar seg til dette synet. 2. april trykker *Aftenposten* ein artikkel av teologen, som i hovudsak handlar om at *Guds grønne enger* er eit blasfemisk stykke fordi Gud er framstilt på scena. Brekke skriv blant anna at det ikkje har noko å seie om framstillinga av Gud er som «den gamle, høiaktede prest» eller som ein «godfjottet» mann som «går omkring og småbanner» (1933, 7). Utsegna vitnar om at det ikkje spelar nokon rolle om Gud er verdig framstilt eller ei, det er *sjølve* framstillinga som er det blasfemiske.

Argumentasjonen botnar altså i ei *prinsippsak* mot framsyning av Gud generelt. Prinsippsaaka blir styrka med følgjande utsegn av ein innsendar som kallar seg «Bjørn fra landet»: «Vi skal ikke dømme stykket før vi har sett det, forteller man oss. Det er ikke stykket det gjelder – det er om Gud skal fremstilles på scenen det gjelder» (*Østlendingen* 29. mars 1933, 2). Ein tekst skrivne av sokneprest Arne Arnborg gir ei djupare forklaring av kva prinsippsaaka botnar i: «Når Gud fremstilles på scenen, forsvinner det svelg som finnes mellom ‘menneskekrypet’ og den allmektige Gud» (*Aftenposten* 30. des. 1932, 2). Arnborg

argumenterer for å halde fram med avstanden mellom Gud og menneska, og lagar eit bilete av kor lite eit menneske er, sett opp mot Gud. Synet er grunna i første Mosebok, der det står skrive at menneska er skapt i *Guds* bilete. Det omvende er derimot ikkje akseptabelt: Menneska skal ikkje attskape Gud i *sitt* bilete. Gud er ein abstrakt storleik som ikkje skal ta skikkelse som eit menneske. Gud skal opplevast åndeleg, og ikkje observerast på same måte som ein ser på mannen eller kvinna i gata.

Teolog og professor Hans Ording er også ein av dei som meiner at framsyning av Gud på scena er blasfemi, og at det er ei prinsipp sak. Ording skriv at «... en scenisk fremstilling av Gud er en meget alvorlig sak, som egentlig ingen kunstner bør innlate sig på» (*Eidsvold Blad* 10. feb. 1933, 4). Framsyning av Gud er altså ikkje akseptabelt, uavhengig av korleis ein utfører framsyninga. Ording viser til det opprinnelege biletforbodet i dei ti bod, som går slik: «Du skal ikkje laga deg gudebilete, inga etterlikning av noko som er oppe i himmelen eller nede på jorda eller i vatnet under jorda» (Andre Mosebok 2011). Ording skriv at biletforbodet no er utelate frå kyrkja, men at det «bør tas frem og gjøres gjeldende i vår tid» (4). Arnborg og ei rekkje andre trekk dessutan fram eit liknande poeng. Dei viser til ei lov i England med forbod mot å biletgjere Gud, uavhengig av korleis det blir gjort. Her peiker Arnborg med fleire utover landegrensene; sjå til dette landet som er samanliknbart med Noreg, kor framsyning av Gud er forbode ved lov!

Ein stor del av argumentasjonen mot oppføringa av *Guds grønne enger* på Nationaltheatret, handlar altså om at framsyninga av Gud i menneskeform er galt, uavhengig av korleis framsyninga blir gjort. Den andre forgreininga har derimot ei annleis innfallsvinkel til Gudsframsyning og til biletforbodet. Argumenta her dreier seg spesifikt om framsyninga av Gud i skodespelet *Guds grønne enger*. *Guds grønne enger* gir, av forskjellige grunner, ikkje ei akseptabel Gudsframsyning. Me finn det formålstenleg å dele opp denne forgreiinga i to kategoriar. Den første kategorien er dei som meiner Gudsframsyninga i *Guds grønne enger* er blasfemisk fordi skodespelet byggjer på eit *religionshistorisk falsum*. Denne gruppa meiner at *Guds grønne enger* viser fram eit skeivt bilete av Gud i bibelhistoria, og at ei feilaktig attgiving av Gud er blasfemisk.

Eit døme på denne kategorien er sokneprest Peder Blessing Dahle, som i *Sunnmørsposten* får spørsmålet om kva som er synet hans på pasjonsspel (dramatisering av lidinga til Jesus). Til spørsmålet svarer han: «De [pasjonsspela] kommer i en helt annen linje – fordi de er alvorlige skuespill, som holder sig nøie til den bibelske beretning» (5. april 1933, 3). Svaret frå soknepresten viser at kor tru skodespelet er til bibellæra har ei medverking til korfor pasjonsspel skil seg frå *Guds grønne enger* – og korfor det første er forsvarleg og det

siste er blasfemisk. Dessutan peikar Blessing Dahle på at alvorsgraden i skodespelet er relevant for kor blasfemisk det er. Teologiprofessor Ole Hallesby peiker på at *Guds grønne enger* er utan religionshistorisk verdi. Vidare trekk Hallesby inn folk som har sett *Guds grønne enger* og som seier dei har blitt bergtatt av Gudsfiguren i skodespelet. Om dei seier han: «Denne velmenende, godfjottede ubeslutsomme gud! Jo, det er nok flere enn denne ‘moderne’ ungdom, som helst vilde ha en sådan Gud. Såsant man bare hadde anledning til å velge gud. Men der er intet valg. For der er bare én Gud» (*Sunnmøre Tidende* 27. jan. 1933, 3). Hallesby impliserer her at Gudsbiletet er feil. Teolog og professor Hans Ording uttaler seg òg om det religionshistoriske falsumet. I *Eidsvold Blad* skriv han: «Er nu den sceniske fremstilling av Gud overhodet så uriktig, så blir den naturligvis desto verre» (10. feb. 1933, 4). Som me har sett har Ording òg argumentert for prinsippssaka. Ording er med andre ord ein av fleire motstandarar som nyttar begge argumenta mot framsyninga av Gud – viss ikkje det eine held vatn, har han eit argument i bakhand.

Denne forgreininga, som handlar om at Gudsframsyninga i *Guds grønne enger* er blasfemisk fordi stykket er *uverdig*, leier oss vidare til avgrensinga vår: Det latterlege i resepsjonen av *Guds grønne enger*. Det uverdige ved stykket artar seg på forskjellige vis, og det første me skal undersøkje er den latterlege framstillinga av Gud. Me har alt vore inne på at den uverdige framsyninga blir tolka som blasfemi. Men *kva* er det som er latterleg og uverdig? Eit døme finn me hjå advokat Wilhelm Beck, som skildrar framstillinga av Gud slik: «Gud fremstilles i Marc Connellys skuespill som en godfjottet, småbannende, ubeslutsom, giktbrudden, røkende mannsling, glad i sterke drikker» (*Aftenposten* 11. jan. 1933, 1). Beck er tydeleg negativ til ein slik måte å vise fram Gud på, og kallar det heile uverdige: «Dette vitsmakeri, denne gjøn med det helligste, er intet mindre enn oprørende og frekk gudsforhånelse, som ikke lar sig opveie av andre tilløp av alvorlig art i stykket» (*Aftenposten* 11. jan. 1933, 1). Beck hevdar at alvorlet i stykket ikkje veg opp for spøken, og med det skisserer han ein dikotomi mellom spøk («gjøn») og alvor («alvorlig art»). Spøk blir assosiert med noko dårleg og umoralsk, og alvor koplast til det gode. Det blir med andre ord skapt ein akse mellom godt og vondt, og i *Guds grønne enger* er det for mykje tyngde på den vonde sida av aksen. Det framkjem altså ei tydeleg kopling mellom grad av verdigheit og aksen spøk–alvor. Særleg kan ein knyte det blasfemiske i spøken til ei latterleg framstilling av Gud. Som *Bergens Tidende* peiker på er innhaldet i stykket av alvorleg art, samstundes som utføringa er humoristisk: «Stykket har for stor del komisk virkning, men innholdet er dog delvis høist alvorlig» (7. okt. 1932, 10). Ut ifrå ståheiet kring skodespelet, er det grunn til å tru at det var nytt og ukjend å formidle noko alvorlig på ein morosam måte.

At Gud blir framstilt som ein latterleg figur treng ikkje nødvendigvis bli oppfatta som direkte blasfemisk. Fleire protesterer mot det latterlege aspektet i framstillinga av Gud utan å vektleggje det blasfemiske aspektet. I *Fædrelandsvennen* 11. januar skriv ein ukjent innsendar som kallar seg «t.t.» følgjande: «Men aa gjøre Vaarherre til en ikke særlig tiltalende teaterfigur som appellerer til latteren er dog en saa tvilsom opgave at man for den saks skyld ikke skulde behøve aa krenke alvorlige menneskers religiøse følelse» (*Fædrelandsvennen* 11. januar 1933, 1). Kva den «tvilsomme oppgåva» inneber, er ikkje godt å seie. Men han skuldar det latterlege for å øve vald på dei alvorlege, kristne menneska. Han tar baa parti med dei «alvorlege menneska» – motstandarar av skodespelet – og i same slengen gir han ei implisitt vurdering av den kunstneriske verdien i stykket: Stykket er ikkje verdifullt *nok* til å la det gå utover folk sine kjensler. I dette høvet er det Gud som «en ikke særlig tiltalende teaterfigur som appellerer til latteren» som ligg til grunn for nedvurderinga av stykket.

Den latterlege framstillinga av Gud i komedie- og revyform

Det latterlege ved *Guds grønne enger* er ikkje berre knytt til Gudsframstillinga, men til andre faktorar rundt framsyninga av Gud. I resepsjonen av *Guds grønne enger* er sjangernemninga ustabil. Avisredaksjonane og enkeltdebattantar nyttar ulike sjangernemningar, anten medvitent eller umedvitent. Me ser ein tydeleg skilnad i måten forkjemparar og motstandarar av stykket omtaler *Guds grønne enger*, og dette blir tydeleg når ein ser i kva sjanger dei plasserer skodespelet. Dei som er for at stykket skal bli sett opp omtaler skodespelet stort sett som nettopp eit skodespel eller eit teaterstykke. På denne sida er riktig nok ikkje sjangerplasseringa vektlagt. Motstandarane er derimot tydelegare i sjangernemninga: *Guds grønne enger* blir av dei ofte omtalt som ein komedie eller ein revy.

Eit døme på ein motstandar som tydeleggjer sjangernemninga, er ein ukjent skribent under namnet S. H., som omtaler stykket som ein revy i *Aftenposten* (*Østlandets Blad* 27. mars 1933, 1). Eit interessant døme på ei avis som omtaler *Guds grønne enger* som ein komedie, er avisa *Østlendingen*. Ikkje berre omtaler avisa *Guds grønne enger* som ein komedie, men dei er nærmast konsekvent i sjangernemninga. Eit interessant aspekt i nemninga, er at avisa var svært tidleg ute med å kalle *Guds grønne enger* ein komedie, og at dei har halde seg til omgrepet gjennom heile forløpet i debatten. Ikkje berre har stykket fått nemninga «komedie», men

«negerkomedie» – eit ord som med god grunn gir eit støkk i dag. Døma på *Østlendingens* nemning er mange, og ordet «negerkomedie» førekjem i fleire titlar.⁶⁴

6. april trykker *Buskerud Dagblad*, ei avis som tidlegare ikkje har vore hyppige brukarar av dette vonde omgrepet, ei sak om stykket. Skribenten, «Frisinnet interessert», skriv: «Og denne Connelly, stykkets forfatter, hvem er han – som har fått en så plutselig berømmelse på denne negerkomedie?» (1). Dagen etter, 7. april, trykker *Indre Smaalenenes avis* òg ei sak der omgrepet «negerkomedie» blir brukt. Om *Østlendingen* si nemning har spreidd seg og påverka andre aviser, har me ikkje belegg til å seie. Men ein kan peike på at *Buskerud Dagblad* og *Indre Smaalenenes avis* tar i bruk omgrepet seint i debatten. Meir interessant er det kanskje uansett at sakene i *Buskerud Dagblad*, *Indre Smaalenenes avis* og sakene i *Østlendingen* har noko felles. Dei er alle nemleg negative til oppføringa av *Guds grønne enger* på Nationalteatret. Dermed er det nærliggjande å tenkje seg ein samanheng mellom sjangernemning og kor ein står i spørsmålet om stykket bør setjast opp. Det kan vere verdt å undersøkje nærmare kva rolle sjangernemningane revy og komedie har i motstanden mot stykket.

I foredraga sine karakteriserer sokneprest Blessing Dahle skodespelet som ein «morskapsrevy» (altså moroskap) eller «negerrevy». Soknepresten reiste jo over land og strand, så desse nemningane blei formidla til ikkje så reint få. Axel Kielland (under namnet Tattler) kritiserer retorikken Blessing Dahle nyttar i foredraga, og peiker på kva konsekvensane for retorikken er: «Presten sier hvad han finner for godt og fortier hvad der passer ham, og de moderne fariseere klager til Stortinget og går dypt rystet hjem i den sikre tro at Nationalteatret akter å spille en Chat Noir-revy med Vårherre som et trekkplaster a la Rose» (*Dagbladet* 18. mars 1933, 7). Kielland rettar merksemd mot at tilskodarane på foredraget ikkje har sett stykket sjølv, og med det tar han sjangernemninga til Blessing Dahle som «sanninga». Tilskodarane går derifrå i *trua* på at *Guds grønne enger* er ein revy. Kva det vil seie at Blessing Dahle hevdar at *Guds grønne enger* kjem i revy-form, seier ikkje Kielland noko eksplisitt om. Ein kan derfor sjå føre seg at Kielland forventar at «revy» skaper ein viss konnotasjon for lesarane sine. Heller ikkje Blessing Dahle utdjupar kva han legg i revynemninga, men ettersom foredraget er motivert av motstand mot oppføringa, er det nærliggjande å anta at revy som sjanger vert nytta som eit retorisk verkemiddel for å nedvurdere *Guds grønne enger*. Blessing Dahle er ikkje åleine om å nytte merkelappen revy på denne måten.

⁶⁴ Døme på titlar i *Østlendingen* der dei nyttar det ufine omgrepet: «Protest mot negerkomedien?» (12. nov. 1932), «Negerkomedien i Finland» (24. nov. 1932), «Negerkomedien. En protest mot at stykket blir opført. Fra fire kvinnelige riksdagsmedlemmer.» (28. nov. 1932), «Negerkomedien» (6. april 1933) «Stortinget og negerkomedien» (8. april 1933).

I *Aftenposten* 2. april viser teolog Egil Brekke til den danske presten Kaj Munk, som omlag tre månader tidlegare omtalte *Guds grønne enger*. Brekke skriv: «når Nationaltheatret vil opføre et sådant stykke, som av Kaj Munk er karakterisert som nærmest en revy, som intet har med kunst å gjøre, da kan vi ikke annet enn føle dette som en blasfemi» (2. april 1933, 7). Brekke hevdar her at stykket er blasfemisk. Premissen som ligg til grunn for at *Guds grønne enger* kan kallast blasfemi er at stykket tar form som ein revy, og at revyen (*Guds grønne enger* spesielt, eller revyar generelt) ikkje er kunst. Hadde *Guds grønne enger* vore mindre blasfemisk om det var *meir* som kunst å rekne? Dette opnar for spørsmål om samanhengen mellom kunstnarisk verdi og blasfemi.

Ein revy er ifølgje Store norske leksikon ein «teaterforestilling bestående av sang, dans og sketsjer i atskilte scener eller i sammenblanding, der ofte aktuelle hendelser blir behandlet humoristisk eller satirisk» (Larsen 2018). Slik me har lese stykket, er det forståeleg at det er ein viss ambivalens knytt til sjangeren til stykket. Eit openbert sjangertrekk som passar *Guds grønne enger*, er at det er delt opp i mange scener. Men, i motsetnad til revyen, har *Guds grønne enger* eit tydeleg handlingsløp som går på tvers av scenene. Handlingsløpet er derimot ikkje særleg tydeleg i *omtalen* av stykket, kor ein kan få inntrykk av at diverse scener frå Det gamle testamentet er slengt saman, og at samanhengen mellom delane er temaet (altså Det gamle testamentet).

Eit anna aspekt som styrkar forståinga av stykket som revy, er songen. I omtalen av stykket i Sverige og i Noreg kjem det tydeleg fram at det blir nytta musikk gjennom og mellom aktene. I Noreg blei dei musikalske innslaga attpåtil ettertrakta etter den eine oppsetjinga, og den sokalla «negerkvartetten» blei hyra til å synge på fleire arrangement våren og sommaren 1933. Førabels passar både dei tilsynelatande åtskilte scenene og musikken til revysjangeren. Dessutan blir stykket omtalt som humoristisk, hånande og spottande, og derfor er det ikkje overraskande at folk forventar at humoren i stykket skal vere satirisk. Ein kan òg argumentere mot desse indikasjonane ved å seie at stykket er bunde saman av eit tydeleg narrativ, og at humoren er uskuldig og sjarmerande heller enn satirisk. Om dei musikalske innslaga, kan ein seie at dei strekk seg tilbake til koret i den høgverdige tragedien. Det viktige her, er kanskje at dei aller fleste *ikkje* har tilgang på stykket, korkje på scena eller i bokform. Den einaste informasjonen dei får om arten til stykket, er gjennom dagspressa (og for ein god del: føredraga til Blessing Dahle).

Morgenbladet peiker på dei åtskilte scenene i stykket. Under overskrifta «Tenk Dem vel og lenge om, hr. Christensen!» skriv dei:

Ti de raskt skiftende scener inneholder en stor fare for at det hele skal gli over i en religiøs varietéforestilling og mellom det ophøiede og det latterlige i 'The Green Pastures' er avstanden liten. Bare ett skritt er nok før stemningen brytes, og før det der for en stor del av det norske folk er mere verdifullt enn all verdens kunst, blir latterliggjort. (10. jan. 1933, 4)

Det kan synast som om det er dei raske og hyppige sceneskifta som får *Morgenbladet*-redaksjonen til å vurdere *Guds grønne enger* som noko som nærmar seg revysjangeren. Dei raskt skiftande scenene blir derfor nytta som noko trugande. Det trugande er at stykket glir over i ei varietéframvisning, som har slektskap til revyen. Faren ved at stykket blir ein varieté, er latterleggjeringa av «det der for en stor del av det norske folk er mere verdifullt enn all verdens kunst», altså det heilage. *Morgenbladet* legg her til rette for ei kopling mellom revyen og det spottande.

Eit anna interessant element i sitatet frå *Morgenbladet* 10. januar, er ytringa om at avstanden er *liten* mellom «det ophøiede og det latterlige» (4). *Guds grønne enger* blir framstilt som eit skodespel på vippepunktet mellom spøk og alvor, mellom spott og det heilage. At *Morgenbladet* plasserer skodespelet på vippa mellom dei to sidene, er ikkje unaturleg, ettersom få faktisk har sett stykket oppført. Ein kan tenkje seg at det er vanskeleg å plassere eit stykke ein ikkje har sett. Likevel skal det seiast at debatten generelt er prega av bastante utsegn frå begge hald.

På begge sider av debatten blir dei store norske dramatikarane Henrik Ibsen og Bjørnstjerne Bjørnson trekt fram for å gi tyngd til argumenta. På forkjemparane si side blir dei nytta som symbol på åndsfridom og kunstnarisk utvikling. På motstandarane si side blir dei ein høgverdig kontrast til *Guds grønne enger*. Eit døme på sistnemnte er Halfdan Høstmark, som skriv i *Aftenposten*:

Å dømme efter de kunstneriske verdier som disse våre store dramatikere [Henrik Ibsen og Bjørnstjerne Bjørnson] har skjenket oss, er det forøvrig en gemen utakknemlighet ikke å vurdere disse høiere enn å kunne benytte dem som bakgrunn for 'berettigelsen' av å opføre en simpel tredjerangs negerrevy. At man ikke skammer sig. (*Aftenposten* 22. april 1933, 5)

Høstmark uttrykker seg mykje sterkare enn det Brekke gjer tidligare i månaden i same avis. Høstmark koplar sjangeren revy til noko simpelt, og ikkje annanrangs, men tredjetrangs(!). Det synar seg som tydeleg for oss at revyen ikkje har noka høg stjerne hos korkje Brekke, *Morgenbladet*redaksjonen eller Halfdan Høstmark.

Den tidlegare nemnde presten frå Danmark, Kaj Munk, kan illustrere det same poenget frå ein annan vinkel. Han omtaler *Guds grønne enger* som ein revy, men er i motsetnad til

ovanfor nemnte *positiv* til stykket: «Så lyktes det da omsider å få se Skandinavias mest omtalte og mest omstridte forestilling og make til opplevelse har jeg aldri hatt på et revyteater» (Kaj Munk i *Dagbladet* 24. des 1932, 6). Munk så oppsetjinga på Dramaten i Stockholm, og det er vel sjeldan ein høyrer Sveriges nasjonalscene omtalt som eit revyteater. Uansett er det tydeleg at forventningane presten hadde til sjangeren ikkje står i stil til opplevinga av stykket. Han utdjuar vidare: «En praktfull negerrevy skrevet over Det gamle testamente, men en revy med tråd i – ja med mening i, en revy som simpelthen tjener til oppbyggelse» (Kaj Munk i *Dagbladet* 24. des. 1932, 6).

Munk trekk fram at stykket tener til oppbygging – det er altså den religiøse *oppbygginga* som reddar stykket. Dessutan vektlegg Munk at det er ein tråd i revyen, noko som bryt med sjangerskildringa til Store norske leksikon. Dette sjangerbrotet ser ut til å vere overraskande for Munk. Fleire av forkjemparane for oppsetjinga av *Guds grønne enger* kallar stykket for oppbyggeleg. Det at Munk opnar for at ein revy kan vere oppbyggeleg, er eineståande i den norske dagspresseresepsjonen av *Guds grønne enger*.

Mange motstandarar tilskriv stykket ein revysjanger, og knyt sjangeren til blasfemi, latterleggjering eller låg kunstnarisk kvalitet. Med andre ord er revysjangeren knytt til noko negativt. Kaj Munk er unntaket som stadfestar denne regelen. Han kallar stykket ein revy, som overraskande nok er oppbyggeleg.

At sjangerplasseringa av *Guds grønne enger* ikkje er absolutt, blir tydeleg i april 1933, når uvissa om kva som skal skje med oppføringa av stykket i Noreg slår inn for alvor. Avisa *Agder Tidend* har saka «Guds grønne enger» som revy? / Stykket kjøpt av Bernau» på trykk 8. april 1933 (2). Victor Bernau var tilsett ved revy-scena Chat Noir, og ein av grunnleggjarane av den norske revytradisjonen. At *Guds grønne enger* blir ein revy først når Bernau kjøper rettene, avslører at sjangertilhøyret til stykket ikkje er fastsett, og overskrifta røper dessutan at *Agder Tidend* truleg ikkje har rekna *Guds grønne enger* som ein revy i utgangspunktet.

Som me har vist i tidlegare kapittel, er det i byrjinga av april mykje spekulasjon om kva som skal skje med oppføringa av *Guds grønne enger*. Som me har vore inne på, verserte det rykte om at Bernau skulle få kjøpe rettane til stykket utanfor Oslo, og at han ville setje opp *Guds grønne enger* på Colosseum i Aker. På spørsmål om *Guds grønne enger* blir sett opp på Colosseum, svarer rettshavar i Europa, Arvid Englund, følgjande: «Det forbyr jeg. For det første vil jeg at stykket skal spilles kun på et teater, ellers kan det bli ødelagt. [...] Så meget kan jeg foreløbig si at Bernau får ikke stykket for Oslo» (*Aftenposten* 10. april 1933, 1). Colosseum kino, som i dag ligger i Oslo, var også på 30-talet ein kino, og det er kanskje ikkje overraskande at det er kontroversielt å setje opp eit skodespel i eit kinolokale. Likevel ligg det

meir bak enn berre lokala: Englund er her tydeleg i uttala om at Victor Bernau ikkje vil får retten til å oppføre stykket i Oslo, og når ein kjenner til kor sterkt knytt Bernau er til Chat Noir og revyen, er det ikkje utenkjeleg at det er ei frykt for at *Guds grønne enger* skal bli sett opp i revyform som ligg bak.

Vikamål og revyens linjer til det låge

I tillegg til sigaren, bonjouren og Guds dragnad mot sterke drikker, heng motstandarane av stykket seg opp i språket som blir nytta i skodespelet: «Han [Gud] taler et dårleg, simpelt engelsk, og det er ikke fritt for at han endog småbanner (Bless my soul o. lg.) og er glad i sterke drikker» (Blessing Dahle, *Aftenposten* 14. des., 2). Det er kanskje ikkje overraskande at det er opprørande å sjå Gud banne på scena. Derimot er ikkje like innlysande korfor det er problematisk at Gud snakkar eit dårleg og simpelt engelsk.

Den tidligare nemnte advokat Wilhelm Beck skriv eit illsint lesarinnlegg som står på trykk i *Aftenposten* 11. januar 1933. Beck samanfattar «faktiske opplysninger som må ansees å være på det rene» (2), og listar opp ei rekkje med element frå stykket, som lausrive frå konteksten sin synar seg som hånande og kontroversielle. Her er første punkt på lista til Beck, som gir eit inntrykk av tona i teksten: «1. Gud fremstilles i Marc Connellys skuespill som en godfjottet, småbannende, ubesluttet, giktbrudden, røkende mannsling, glad i sterke drikker» (1). Det er i hovudsak neste punkt på lista me vil undersøkje nærare. Her skriv Beck: «Gud taler et vulgært 'niggerengelsk' og omtales respektløst av andre optredende» (2). Beck kallar språket som vert nytta i skodespelet for *vulgært*.

På 30-taler var det to tydingar av ordet *vulgær* i omløp. Den eine tydinga kjenner me som vanleg i dag, og handlar om manglande danning, dårleg smak, det å vere ukultivert, simpel og tarveleg (naob). Særleg dei to siste orda, simpel og tarveleg, er ord som går att i resepsjonen av stykket. Den andre handlar om ein karakteristikk av massen, «folk flest», noko ordinært som treff det breie lag (naob). Begge desse tydingane gir ein god indikasjon på korfor stykket vakte store reaksjonar. Framsyninga av språket til Gud som tarveleg og simpelt er «forhånelse». Framsyninga av språket til Gud som liknande språket til det gemene hop er å rive ned skiljet mellom det heilage og verdslege, som ikkje er ei verdig måte å behandle det heilage på. Eit viktig poeng ved det vulgære i begge tydingane, både som manglande danning/ukultivert/simpel og som det ordinære/massen, er at omgrepet skisserer ein form for hierarki, der det vulgære høyrer til eit «lågt» nivå sjølv for mennesket. Det vil seie at Gud ikkje berre har eit menneskeleg språk, men han har att på til den «lågaste» versjonen av eit menneskeleg språk.

Til slutt i innlegget sitt skriv Beck: «Dette vitsmakeri, denne gjøn med det helligste, er intet mindre enn oprørende og frekk gudsførhånelse, som ikke lar sig opveie av andre tilløp av alvorlig art i stykket» (Beck, *Aftenposten* 11. jan. 1933, 2). Advokaten samlar altså alle komponentane i lista si under samlenemninga «vitsmakeri» og «gjøn med det helligste». Det er altså noko med det «vulgære» språket som blir opplevd som latterleggjerande for Beck.

Nokre dagar seinare får advokat Beck eit tilsvar frå Else Bjørnson, som har sett oppføringa i Stockholm. Sentralt i meiningsutvekslinga mellom dei er språket som blir snakka på scena.

Når advokaten vidare skriver at Gud talar ‘vulgært niggerengelsk’ er det ennu et bevis for hans manglende kjennskap til de faktiske forhold. For hvad vil egentlig niggerengelsk oversatt til et skandinavisk sprog si? I Amerika talar ganske riktig skuespillerne i ‘Guds grønne Enger’ ‘niggerengelsk’. D. v. s. de talar den dialekt som er den gjengse blandt negrer i Syd-statene; for handlingen er av forfatteren angitt å skulle foregå i Louisiana og alle de optredende er negrer hjemmehørende der. Det er følgelig sitt morsmål de benytter, og det står naturligvis enhver fritt for å gi det en så foraktelig betegnelse som ‘niggerengelsk’.⁶⁵ (*Aftenposten* 16. jan. 1933, 2)

Bjørnson går til motangrep på Beck. For det første peiker ho på at språket som Beck «så foraktelig» kallar «niggerengelsk», vert snakka av faktiske folk i verda. Med dette gir Bjørnson eit nytt perspektiv tona i debatten: ved å slå ned på Beck sitt omgrep «niggerengelsk», som av andre aktørar i debatten syner seg som ei allmenn akseptert nemning, viser ho at kanskje ikkje var så akseptert likevel. Meir spesifikt møter Bjørnson Beck sin forakt for språket i stykket med argumentet om at det er ein vanleg talemåte knytt til ei gruppe menneske («negrer») på ein geografisk stad («Syd-statene»). Bjørnson argumenterer med ei deskriptiv kulturforståing, som ein kan tenkje seg ikkje treff Wilhelm Beck. Ut ifrå forakta Beck uttrykker i innlegget sitt, kan det synest som om det er noko ved desse faktiske høva som utgjer det vulgære, og dernest det latterleggjerande.

Bjørnson stiller dessutan eit ope spørsmål i innlegget sitt, nemleg «hvad vil egentlig niggerengelsk oversatt til et skandinavisk sprog si?» (2). Til dette spørsmålet om kva «niggerengelsk» omsett til norsk vil vere, har sokneprest Peder Blessing Dahle eit svar. 21. mars rapporterer *Haugesunds Dagblad* frå føredraget til Blessing Dahle i Totalen kvelden i førevegen. Ifølgje avisa trekk han ein klar parallell mellom språket som blir nytta i skodespelet og kva slags sjangeruttrykk stykket har: «Det neger-engelsk – Vikamaal – som tales viser klart at vi har med et morskapsstykke aa gjøre» (2). For det fyrste koplår

⁶⁵ Det er interessant at ho hevdar nemninga «niggerengelsk» er forakteleg, fordi i diskursen kring skodespelet verkar nemninga som noko allment akseptert.

soknepresten språket direkte til sjangeren. For det andre trekk han ein parallell mellom «neger-engelsk» og vikamål.

Vikamål er nemninga på det folkelege språket som vart snakka i Oslo. I boka *Oslos historie* skriv Edvard Bull om utviklinga av talemålet i Oslo etter ein tvungen dansk påverknad i Norge i 1537,⁶⁶ og påpekar at haldninga til Vikamålet som lågareståande har røter tilbake til den danske påverknaden på 1500-talet:

[...] alt som hørte til overklassen eller som gjerne vilde bli regnet dit, måtte fjonge sig op med dansk sprog. / Det betyr naturligvis ikke at det gamle norske sproget forsvinner; men det blir «simpelt». I det 19. århundre blev det almindelig å håne byens sprog som «Vikamål», fordi Pipervika dengang var den tarveligste del av byen. (Bull 1931, 27–28)

Bull skriv her om haldningane til Vikamålet på 1800-talet, og det er tydeleg at han knyter Vikamålet til noko ein kan «håne». Denne dialekta blir rekna for «simpel», ho kjem frå noko «tarvelig». Dialekta blir òg knytt spesifikt til klasse, og står som ein motsetnad til overklassespråket, som likna meir på dansk. Desse haldningane til Vikamålet som noko som høyrer til i dei «lågare» klassane har halde seg over tid. Det kjem fram blant anna i omtalen av dialekta i ei bok utgitt så seint som 1980. I *Språket i Oslo* skriv Trygve Bull følgjande:

Det egentlige folkemål i Oslo, slik det brukes av byens innfødte industri-, transport-, bygnings- og anleggsarbeidere – men nok også av de fleste lager- og butikkfunksjonærer – i deres utvungdne dagligtale med menn, kvinner og barn fra deres eget sosiale lag, har nok i sine grunntrekk forandret seg lite fra den språkformen som i 1907 ble beskrevet av dr. Philos. Amund B. Larsen i hans nå klassiske lille bok *Kristiania bymål – Vulgærsproget med henblik paa den utvungne dagligtale*. (Bull 1980, 17)

Bull peiker her på det han kallar «folkemål» i Oslo i visse yrker. Han peiker òg på at dette talemålet høyrer til eit spesifikt sosialt lag (som ut ifrå oppramsinga av yrkesgrupper er ei arbeidarklasse). Ut ifrå utviklinga som er skissert i talemålet til arbeidarklassa frå 1800-talet (Edvard Bull) til 1980-talet (Trygve Bull), kan me anta at dei skisserte haldningane til Vikamålet også var gjeldande i 1933.

Vikamålet si sterke tilhøyrslse til arbeidarklassa indikerer ein låg sosiokulturell status. Det kjem fram i ei bok skriva av Eivind Berggrav, der han kjem i møte spørsmål frå «byfolk» og «landsfolk». Om Vikamål seier «byfolka»: «De synes det er *stygt*, sier de» (1921, 11). Berggrav peiker også på at Vikamål blir brukt som eit skjellsord (11).

⁶⁶ I 1537 sende den danske kongen ein militærekspedisjon til Noreg for å underleggje seg kyrkjelege eigedomar. Målet var å innføre luthersk kyrkje og avskaffe den katolske. Etter dette fekk prestar og embetsmenn utdanningane sine i Danmark. Dansk vart det administrative språket i Noreg, og over tid vart det danske språket knytt til borgarskapet og overklassa (Bull 1933, 26).

Viss me legg til grunn at Vikamålet på 30-talet hadde låg status, kan ein trekke to slutningar ut ifrå Blessing Dahle sitt utsegn om at «Det neger-engelsk – Vikamaal – som tales viser klart at me har med et morskapsstykke aa gjøre» (*Haugesunds Daglbade* 21. mars, 2). Den eine slutninga er grunna i at Blessing Dahle nyttar vikamålet som ein parallell til «Neger-engelsk». Vikamålet blir med andre ord ein norsk versjon av det språket afroamerikanarane snakka på 30-talet i sørstatane i USA. Når Vikamålet har låg status og er knytt til ei låg klasse, kan ein derfor fastslå at det sokalla «Neger-engelsk» også er av låg status. Vikamålet er ifølgje Blessing Dahle eit prov på at *Guds grønne enger* er eit morskapsstykke, og med det kan me trekkje slutninga om at morskapsstykket, i likskap med vikamålet, gir assosiasjonar til låg klasse.

Kva er så eit morskapsstykke? Ordet gir inkje treff på Det norske akademis ordbok eller i Bokmåls- eller Nynorskordboka. Morskap gir derimot treff begge stadar, og blir definert som underhaldning og moro (NAOB). Dette gir assosiasjonar til komedien. Komedien utgjer som kjent ein av dei tradisjonelle hovudkategoriane innanfor drama, saman med tragedien. Inndelinga i komedie og tragedie har røter tilbake til antikken, og da særlig hjå Aristoteles, som skriv følgjande om komedien:

Komedien er, som vi sa, efterligning av mennesker som er ringere enn gjennomsnittet. Den beskjefriger seg riktignok ikke med enhver menneskelig sletthet, ikke desto mindre er det latterlige en slags uduelighet og heslighet. Det latterlige er nemlig en eller annen feil eller uskjønnhet som ikke er smertende eller sårrende, likesom jo den komiske maske – for å ta noe nærliggende – er uskjønn på en måte og forvrent, men uten smerte. (Aristoteles 1997, 33)

Aristoteles peiker på at komedien, trass «udueligheten» og «hesligheten», ikkje skal vere smertande eller sårrende. Det smertande og sårrende er nettopp argument som i stor grad blir nytta *mot* oppføringa av *Guds grønne enger*. Blant anna skriv den tidlegare nemnte skribenten 'Bjørn fra landet' at: «Det vilde såre og arme mig i aller høieste grad å se en skuespiller spille Vårherre» (*Østlendingen* 29. mars 1933, 2). Også frå politisk hald blir argumentet om at *Guds grønne enger* sårer, nytta. Jens Hundseid blir sitert slik: «Det sitter hundretusener av mennesker omkring i vårt land som vilde bli såret i sine helligste og alvorligste følelser, hvis dette stykket blev opført på vår første scene» (*Buskerud Dagblad* 31. mars, upaginert). Det er altså snakk om at mange menneske vil oppleve smerte i samband med oppføringa, ifølgje Hundseid. Smerta kan synast å vere knytt til at det er *Gud* som er hovudpersonen i stykket, og derfor vil han bli «offer» for komikken knytt til «uduelighet» og «heslighet» i *Guds grønne enger*. Krasjet ligg kanskje i biletet om at Gud skal vere *ufeilbarleg* og derfor ikkje skal kunne bli ramma av det Aristoteles kallar det latterlege, nemleg «en eller annen feil eller uskjønnhet». Viss ein legg

Aristoteles sin definisjon til grunn for komedien, vil altså Gud ikkje vere kompatibel som ein figur i ei komedieframsyning.

Me har til no undersøkt framsyninga av Gud på ein latterleg måte, gjennom rekvisittar og gjennom latterlege replikkar. Me har vist korleis motstandarane av oppføringa hevdar at framsyninga av Gud skjer i ein revy- eller komedieform, altså på ein humoristisk og latterleg måte. Språket i stykket, som Blessing Dahle omtalar som til Vikamål, blir brukt som ein indikator på at stykket har med underhaldning å gjere, samt at det er uverdige. Ei liknande haldning til Nationaltheatret er synleg i *Indre Smaalenenes avis* 7. april «Dette er vel god vare for Norges ‘beste’ og nasjonale scene. Kunstnerisk er det lite verd» (2).

Eit perspektiv som er påfallande i debatten med omsyn til det latterlege, er rolla Nationaltheatret har i det heile. Ei rekkje debattantar ytrar seg skeptisk, eller oppgitt, over at noko så latterleg som *Guds grønne enger* er planlagt å gå på Noregs «første scene». Ei av dei som uttrykker skepsis, er den svenske skodespelaren Pauline Brunius: «Stykket nærmer sig hvad man kan kalle ‘religiøs spex’ og hører egentlig helst hjemme på et sensasjonsteater» (Østlendingen 8. mai, gjengitt etter Morgenbladet, 2). *Spex* er eit svensk kortform av ordet *spektakel*, og kan vise både til gjøgl og til parodisk lystspill oppført av studentar. Der er eit tydeleg humoristisk aspekt ved gjøgl og lystspill. Saman med ei negativ innstilling til *Guds grønne enger* gjennom artikkelen, blir sjangernemninga *spex* nytta som ein negativ karakteristikk av stykket.

Eit lesarinnlegg signert Einar Rasmussen i *Lindesnes* summerer opp fleire av aspekta me har trekt fram. Rasmussen er imot oppføringa av *Guds grønne enger*. Han grunnir motstanden mot stykket blant anna ved å kritisere framsyninga av Gud som «en gammel herremann med langt, hvitt skjegg, lider av gikt og andre menneskelige skrøpeligheter, smaabander, nyder flittig sin sigar og sin vin, ja, bli endog forelsket i en opvartende engel» (5. april 1933, 1). Han vektlegg at Gud har blitt tillagt menneskelege funksjonar (som att på til ikkje er i god stand), og han trekk fram rekvisittane, som tydeleg er knytt til nyting. Vidare knyt han språket som blir snakka i stykket til eit lågare nivå: «De forskjellige ord og vendinger som forfatteren lar Gud nttale [uttale, sic], er trukket ned paa et nivaa som hører hjemme i vittighetsblader og lignende» (1). Han seier ikkje eksplisitt kva slags type nivå han meiner, men pila peiker nedover, og det er nærliggjande å tru at han viser til eit kunstnarisk nivå og/eller eit sosialt nivå. Det Rasmussen kallar for «lågt» er dessutan noko som smittar over på Nationaltheatret ved at dei planlegg å oppføre stykket: «At et teater som regner sig for landets første, virkelig kan nedlate sig til aa opføre et saa blasfemisk stykke som ‘Guds grønne enger’ er, forekommer mig høist eiendommelig» (5. april 1933, 1).

Som me har sett botnar store delar i motstanden mot stykket i ei frykt for at Gud blir dratt ned til det menneskelege; Gud blir framstilt med menneskelege klede og med vanlege utfordringar og personlegdomstrekk. Det blir ikkje betre av at det menneskelege tidvis heller mot låg grad av høgverdigheit; Gud er «småbannande» og «godfjottet». At stykket blir kalla ein morskapsrevy og ein komedie, byggjer opp om tolkinga vår at motstandarane er redde for å sjå Gud i ei latterleg setting.

Den latterlege settinga går dessutan hand i hand med det noko som er av låg verdigheit. Det låge og det latterlege kjem til syne på fleire nivå. Ein har det konkrete nivået, nemleg at ein viser fram Gud med lumbago, som er i eit miljø der ein bannar, og kor alkoholkonsumet er liberalt. Samstundes kjem frykta for det latterlege til syne på eit høgare nivå. Eit døme er det språklege. Som me veit blir det tidleg kjent at Blickingberg skal spele rolla som Gud. Publikum er derfor truleg ikkje redde for at Gud skal snakke Vikamål, fordi han snakkar jo svensk. Likevel blir Vikamålet (og den «dårlege» forma for engelsk) sterkt kritisert. Det treng altså ikkje å handle om at *Gud* snakkar denne sosiolekta. Blessing Dahle fokuserer derimot på at Vikamålet er eit prov på at *Guds grønne enger* er eit *morskaps*stykke. Om Vikamålet er truande fordi det vitnar om at stykket må vere av humoristisk art, er det naturleg å sjå føre seg ei frykt for Gud i ei latterleg framstilling som er knytt til det låge. Kyrkja mistar «retten» til presentasjon av Gud til underhaldning, og med det blir Gud latterleggjort. Her er det nokon utanfor kyrkja og det kristne trussamfunnet som tar agens, og som bestemmer korleis Gud skal bli framstilt (her: i ein latterleg figur). Viss ein tolkar det på den måten, handlar det plutsleg om definisjonsmakt og kontroll over korleis ein framstiller seg sjølv. Eit sentralt aspekt ved debatten handlar nettopp om kven som har definisjonsmakta.

Josephine Baker, *Revue Negre*, tropen om den latterlege primitive

I debatten kring *Guds grønne enger* er skribentane liberale med å setje «neger-» framom dei fleste ord. Om det blir nytta deskriptivt, nedsetjande eller berre laust assosiativt er ikkje alltid godt å seie. I *Østlendingen* blir ordet «neger» i samansetjinga «negerkomedie» truleg nytta nedsetjande. Omgrepet «negerskuespill» er brukt av mange aviser, og i samband med «skuespill» er ordet «neger» tilsynelatande nytta på ein meir deskriptiv måte. Men korfor Marc Connelly ofte blir omtalt som «negerforfattaren», har inga openberr forklaring. Sjølv om det kan sjå ut til at nemninga «neger» sit laust hjå journalistar og debattantar på byrjinga av 30-talet, kjem likevel kanskje ikkje ordet «negerrevy» heilt frå lause lufta. I dette underkapittelet rettar me merksemd mot korleis rase spelar ei rolle i resepsjonen, som bygg opp forståinga av det latterlege.

I 1925 gjekk oppsetjinga *Revue Negre* på Théâtre des Champs-Élysées i Paris. Her skjedde gjennombrøtet til den amerikanske dansarina Josephine Baker. Baker blei ei verdsstjerne, eit symbol og ikon i populærkulturen. Ho var svart i huda og blei i første omgang kjend for å danse lettkledd i bananskjørt for publikum, noko som vil seie at ho tydeleg vart eksotifisert. Erlend Hegdal skriv i *Charleston i Grukkedalen* (2018) at Josephine Baker kom til Noreg i 1928, og allereie før ho kom til landet vart det utløyst ein moraldebatt. Bakgrunnen for moraldebatten var ein stumfilm på Colosseum, kor Baker var naken på plakatane som reklamerte for filmen. Ifølgje Hegdal var det ein prest som tipsa Moralvernforeninga om saka (253–254). Som følgje av at Baker skulle kome til Noreg, samla det seg over 1200 indremisjonistar i Bergen om eit fråsegn til Justisdepartementet. Dei skal ha uttrykt «sin sorg og forferdelse over, at Josephine Baker og hennes selskap har fått tilladelse til å gi offentlige forestillinger i vårt land» (262). Moraldebatten førte sjølvstilt til reklame for Josephine Baker, som var populær både på kino og scena.

At kontroversen kring Josephine Baker sprang ut ifrå Colosseum kino, gir eit nytt perspektiv til korfor Arvid Englund så bastant avviste at Victor Bernau skulle få setje opp *Guds grønne enger* på Colosseum. Hegdal skriv at suksessen til Baker både er knytt til musikalsk talent og taktfull orientering i bransjen. I tillegg vektlegg han at Baker passar inn i tropen om den svarte som primitiv og seksuell, og viser at ho i resepsjonen blei skildra som eit uskuldig naturborn, som passa inn i fantasien om ein ferie til «sydhavsstrøk», der ein kunne ha eit uforpliktande seksuelt forhold til lettsindige innfødde med ein friare seksualmoral enn heime (258–259). I debatten om *Guds grønne enger* var både stykket sin kunstnariske verdi og stykket sin moral gjenstand for usemje mellom partane. Colosseum som kino representerte eit «lågare» kulturuttrykk enn Nationaltheatret, og Josephine Baker vart ein representant for umoralen. Englund ville nok unngå at *Guds grønne enger* hamna i desse kategoriane.

I lys av at vitjinga Baker hadde i Noreg førte til ein moraldebatt, skulle ein kanskje tru at dette var den første gongen ein slik revy blei sett opp i landet. Det stemmer ikkje. Josephine Baker høyrer derimot til ei historie om folk med svart hud som opptre i Noreg. Frå slutten av 1800-talet var omreisande svarte folk som optrådte ikkje eit heilt uvanleg fenomen. I undersøkinga av tidleg jazzhistorie i Noreg, tar Hegdal føre seg historia til hovudsakleg afroamerikanske underhaldningsartistar. Geo Jackson er eit døme på ein varieteartist som blei svært kjend. Frå hundreårskiftet drog han rundt og hadde underhaldande framsyningar med musikalske innslag og monologar som kanskje kan minne om dagens «stand-up». Omfanget

av omreisande varieteartistar er vanskeleg å talfeste, men Hegdal viser at han var langt ifrå åleine: men «neger-komikere» så mange at de utgjorde en «genre» (22).

Hegdal skriv musikkhistorie, og hovudvekta i undersøkinga hans ligg naturlegvis på musikken i framsyninga til dei omreisande. Dei musikalske innslaga er interessante også for oss, ettersom den sokalla negerkvartetten er svært omtalt, og fekk leve sitt eige liv utanfor *Guds grønne enger* på Nationaltheatret. Det mest relevante for oss er at dei musikalske innslaga viser ei kopling mellom den svarte revyartisten og musikk. Denne koplinga kjem tidleg fram i resepsjonen av *Guds grønne enger*, og er antakeleg medverkande til at mange på førehand hoppar til konklusjonen om at stykket er ein revy. Hegdal peiker på nettopp dette; for ein kvit nordmann i Noreg før andre verdskrig vil ein svart person på besøk i Noreg antakeleg vere ein «negerkomiker» eller ein revyartist.

Geo Jackson var for øvrig kjend for scenekostymet sitt, som var ein «lurvete søndagsdrakt». Linjene til Vårherre i bonjour er slående – og plutselig gir reaksjonane på at «Vårherre fremstilles i bonjour!» meir mening.

Relevansen stykkets har for Noreg

At stykket ikkje har relevans for eit norsk publikum blir trekt fram gjentekne gongar i debatten. «Relevansen» viser til forskjellige aspekt ved stykket. Blant anna er det fleire forkjemparar av oppsetjinga av *Guds grønne enger* som peiker på at stykket er godt fordi det har ei antropologisk verdi (ein kan lære om «negerkultur», eller om «sydstatsnegrane» eller «negerreligion»). Når me veit korleis dei svarte har blitt framstilt på scena – eksotifisert og simplifisert i ein parodi på sitt eige opphav – kan ein stille seg kritisk til det antropologiske nivået. Det betyr ikkje at argumentet om antropologisk lære ikkje blei opplevd som gyldig i dåtida, noko som gir mening når ein veit at det i nær historisk tid fanst etnografiske utstillingar, som var legitimert som folkeopplysing (Hegdal, 37).

Fleire motstandarar av *Guds grønne enger* møter argumentet om at skodespelet kan gi antropologisk innsikt på ein måte som er forkasteleg sett med dagens auge. Dei hevdar at ei slik innsikt ikkje bidrar med noko for Noreg, som er ein nasjon på eit «høgare kulturtrinn». Den ukjente skribenten «t. t.» i *Fædrelandsvennen* er eit godt døme på at bakgrunnen for ikkje å ville ha stykket til Noreg er kompleks, og ofte heng saman med eit spørsmål om rase. Han byrjar med å skrive om konteksten i Noreg:

Ogsaa her i landet bør man kanskje huske paa at religionens alvor har en gammel og dyp tradisjon som vi bør høiakte, selv om vi staar noksaa fritt overfor bekjennelsestro

og religiøs dogmelære [...] Og forresten: Har vi ikke nok med negermusikk og Josephine Backer [sic] og alt det der sludret, om vi ikke atpaa skal aapne vaare teatre for negerskuespill til latterliggjørelse av verdier som har alders hevd blandt oss. (t. t. i *Fædrelandsvennen* 11. januar, 1)

Her viser t. t. ei ringeakt for afro-amerikansk musikk og det noko diffuse «alt det der sludret». «Alt det der sludret» kan vise til tradisjonen for varieteframsyningar med afro-amerikanske, afrikanske og «blackface»-komikarar. Skribenten t. t. nyttar, som me har skrive om, Josephine Baker og biletet på den svarte som eit primitivt underhaldningsobjekt i samanheng med avvisinga av *Guds grønne enger*. Samstundes vektlegg han kor djupt rota religionens *alvor* er i den norske tradisjonen. *Alvor* står i motsetnad til det latterlege, og den skisserte dikotomien mellom alvor og det latterlege blir gjeldande også i denne samanhengen. Fleire variantar av eit argument om at dukkar opp i debatten. Til dømes frå Blessing Dahle: «Det står heller ikke høit litterært og det passer ikke her i Norge, det ligger det norske lynne fjernt. Her er vi for alvorlig tenkende til å la oss rive med av flyktige følelser som kan skapes fra en scene» (Morgenavisen 20.3.33, 6). Blessing Dahle grunnir òg at stykket ikkje passar i Noreg på grunn av det norske lynnet. Det er ikkje altså ikkje berre stykket i seg sjølv som er vondt (sjølv om han er ganske tydeleg på at det er det også), men det norske lynnet er også ein grunn til at stykket ikkje burde bli oppført, ifølgje Blessing Dahle. Dette kan ein tolke som det er, eller så kan ein spørje seg om det er eit forsøk på å hevde nasjonen sin moral, og nøre opp under nasjonalkjensla til folk – det norske folket er høge og alvorlege, stykket er lågt og latterleg (morskap = låg).

Som tidlegare nemnt blei det skrive ein del i den tidlege resepsjonen om at stykket hadde «komisk virkning», var «merkelig» og det vart trekt fram ei rekkje rekvisittar brukt i skodespelet. Rekvisittane understrekte eit brot med ei tidlegare oppfatning (Gud med sigar, bonjour osv.), og i samband med det dreier tankane seg over på humor. Det er i denne konteksten teatersjef ved Den Nasjonale Scene, Karl August Bergmann «trygt kan si, at det er et stykke som ikke vil passe for oss» (*Bergens Aftenblad* 19. oktober 1933, 9). Han presiserer nemleg at han berre kjenner stykket via omtale (9). Teatersjefen skal jo, som me veit, endre meining om stykket etter å ha sett det sjølv. Slik stadfestar han på sett og vis at den tidlege resepsjonen har gitt eit skeivt bilete av oppsetjinga, og ført med seg ei «frykt» om ein komisk revy som framstiller Gud på verst tenkelege måte.

Amerikansk resepsjon vs norsk

I dette underkapittelet kastar me lys på den amerikanske resepsjonen av stykket, for å byggje opp forståinga av rolla det latterlege spelte i den norske resepsjonen. Det finst fleire nokså openberre grunnar til at *Guds grønne enger* vart betre motteke i USA enn i Noreg. I motsetnad til Noreg, som var eit nokså homogent samfunn på denne tida, hadde USA ei svart befolkning.⁶⁷ I USA levde den svarte befolkninga side om side med den kvite, sjølv om det mange stadar framleis var eit strengt segregert samfunn. I Noreg fanst det derimot ikkje ei svart befolkning som levde vanlege liv som deltakande samfunnsborgarar. Den sokalla Kongolandsbyen i Vigelandsparken i 1914 er eit døme på at svarte folk i Noreg var eit sjeldan syn. Berre å sjå dei «leve liva sine» var interessant eller fornøyeleg (Ytreberg 2014, 16).⁶⁸ Det framande ved svarte folk kan vere både eit argument for å setje opp *Guds grønne enger* – det er så lærerikt! – samstundes som det kan vere eit argument mot å setje opp skodespelet – det er uinteressant for oss. Begge vendingane illustrerer ei kjensle av avstand til menneska som blir portrettert i *Guds grønne enger*.

I likskap med den norske resepsjonen av *Guds grønne enger*, er den amerikanske resepsjonen av skodespelet kompleks. Me har undersøkt den norske resepsjonen, og me har ikkje høve til å rettferdiggjere kompleksiteten i den amerikanske resepsjonen. Ein kan jo trygt seie at resepsjonen i USA – der stykket vann Pulitzer-prisen og gjekk for fulle hus i fem år – var betre enn i Noreg – som så vidt fekk éi skarve oppføring.

I USA dreide kritikken mot stykket seg i stor grad om framsyning av rase, og kritikken handla om underbygging av stereotypiar, definisjonsmakt, og idyllisering av høva afro-amerikanarane levde under i sørstatane, mellom anna. I artikkelen «The religious and Racial Meanings of The Green Pastures» (2008) skriv Curtis J. Evans om ambivalensen til stykket hjå den svarte delen av folket, og om korleis den kvite delen av folket var mykje meir samstemde om ein positiv resepsjon. Kritikken av representasjon av rase i stykket, så vel som den samstemde positive resepsjonen, skil den amerikanske resepsjonen markant frå den norske. Evans argumenterer for at stykket trefte ei nerve i tida hjå det kvite publikummet, ei lengsle etter eit enklare liv i ei svunnen tid: «The play reflected a longing by white admirers for a simple rural past that was being lost» (60). Denne lengsla botnar i ei nostalgisk førestilling om ei førmoderne tid, og gjennom dei «naive religiøse svarte» kan det kvite

⁶⁷ Det finst eit morosamt (?) døme som kan illustrere dette i resepsjonsmaterialet. I ein enquete om kva ein synest om *Guds grønne enger* vert ein av bidragsyterane presentert som: «Pater Lutz, dominikaneren». Dominikaneren i bestemt form, altså. Nettsida www.katolsk.no kan informere om at han kom til Noreg for godt i 1929.

⁶⁸ Meir utdjupande om Kongolandsbyen her.

publikummet komme i kontakt med noko dei opplev som autentisk og ekte: «So for [...] white critics who lauded the play, it revealed something deeply rooted in black culture, and it contained an ‘evangelistic message’ for white Americans» (Evans 2008, 76).

Slik Evans skisserer det, har det kvite publikummet ei førestilling om den svarte kulturen, som gir assosiasjonar på fleire plan, og skapar bilete av noko dei kjenner att. Slik me tolkar Evans, fører det til at det kvite publikummet gjennom dei svarte teaterkarakterane kan komme i kontakt med noko inne i seg sjølv, og at det må botne i ei form for gjenkjenning. Det fører og til at det amerikanske publikummet aksepterer den religiøse meldinga i stykket.

I artikkelen «*The Green Pastures*». *American Religiosity in the Theatre* (1982) koplar Walter C. Daniel *Guds grønne enger* til ein historisk kontekst som var ukjend for den gjengse kvite kulturkritikar i USA på 30-talet:

Actually, black church congregations had dramatized Old Testament stories and incidents surrounding the Crucifixion and Resurrection for many years. Their ‘pageants’ had been central to the ethnic culture for as long as churches and fraternal orders had been strong organizations. (52)

Han vektlegg at «pageants»a, altså framsyningane, ikkje hadde rørt seg vekk ifrå det afroamerikanske kristne miljøet, og at tradisjonen var bevart innad i gruppa. I tillegg skriv han at tradisjonen hadde ei viktig funksjon – han spelte ei viktig rolle for dei kristne, i kyrkjesamfunna si forståing av sin eigen amerikanske identitet og erfaring. For å få til det spelar humor ei viktig rolle. Daniel peiker på at det ikkje skal vere ei tru bibelhistorie som blir vist fram på scena. Det er derimot bibelhistoria applisert på ein spesifikk kontekst som blir vist fram. Sidan trua kjem frå bibelske tekstar, som for det fyrste er frå ei fjern tid, og for det andre er basert på ei «teoretisk» idéverd, oppstår humoren når denne abstrakte idéen vert *konkretisert*. Konkretiseringa, som er dels overlappande med humoren i framsyninga, bind saman bibelhistoria til det konkrete amerikanske erfaringa til afroamerikanarane.

Once that feat has been realized, one can come to know that these Bible stories passing before him on the stage are *not* the same once the ancient Hebrews made and told. Had Krutch known the black American religious culture intimately he might have known that the church congregations which witnessed the ‘pageants’ laughed, too, at the guises; but they responded finally with awe and religious fervor to an affinity with the Hebrew stories made concrete through their own affinity through their own American experience. (52)

Konkretiseringa av bibelhistoria blir morosam fordi det konkrete bryt med det abstrakte. Då ler publikum, men for afroamerikanarane får stykket ein ekstra dimensjon: Dei kjenner seg att i lidingshistoria, og reflekterer over korleis religionen har innverknad på *deira* liv. Humoren blir med andre ord ein nøkkel for å få ei djupare innsikt av stykket.

Daniel opnar for ei forståing av *Guds grønne enger* som ei vidareføring av denne tradisjonen, og då spelar plutsleg humoren i skodespelet ei veldig viktig rolle! Konkretiseringa i *Guds grønne enger* er lokale referansar frå sørstatane, englar med menneskelege og gjenkjennelege eigenskaper osv. Desse førte til humor, som fekk publikum til å le, og avløyste latteren med innsikt i kor relevant historia var for dei. Slik blei dei og styrkt i den kristne trua si.

Skal ein tru Daniel, var denne idèen, henta frå den afroamerikanske kyrkjekulturen, ei viktig årsak til at skodespelet hadde ein så sterk emosjonell verknad på publikum, både svarte og kvite. Og kanskje er det noko liknande dei kvite kritikarane skildra av Curtis plukka opp, og kalla «autentisk».

Denne koplinga av attkjenning og religion er mest fråverande i den norske resepsjonen, og om ein ser resepsjonen i USA i lys av Daniel og Curtis si analyse er det kanskje ikkje så rart. Det norske publikummet hadde kjennskap til afroamerikanarar gjennom revy og underhaldning, kor svarte og blackface optrådte om ein annan (Hegdal, 66). Nokre av dei mest kjende assosiasjonane var bananskjørt og «jungeldans». Sjølv om meir seriøse omreisande «spirituals-sangarar» hadde vitja Noreg, og *Onkel Toms hytte* var ei populær og mykje lest bok, hadde nok dei fleste nordmenn eit nokså brokete bilete av kva ein «autentisk» afroamerikanar var. Dei gjekk dermed glipp av sjølve attkjenninga, og kjensla av at attkjenninga hadde ei melding til dei. Altså mista det norske publikummet mykje, noko forfattaren Einar Pettersen, alias Harry Randall (Berthelsen 2009, 201) eksplisitt vektlegg. For å få noko ut av *Guds grønne enger*, seier han: «Man må ha opholdt sig derover, og man må ha tilbragt nogen tid blandt sydens befolkning, ha været tilstede ved deres gudstjenester og deres vekkelsesmøter, og idetheletatt ha innsikt i negerens psykologi» (*Aftenposten* 16. des. 1932, 6).

Randall/Pettersen har sjølv budd i USA, noko han trekk fram som ei verdifull erfaring for å forstå *Guds grønne enger*. Han seier at skodespelet er ei «skarpsindig framstilling av de nordamerikanske negrenes religion» (*Aftenposten* 16. des. 1932, 6), men meiner ein treng kulturell forkunnskap, eller *innsikt*, for ordentleg å kunne forstå stykket. Argumentet nokre forkjemparar av oppsetjinga trekk fram, som går på at skodespelet *gir* innsikt for tilskodarane, blir her stilt til veggs. Randall utfordrar dette argumentet gjennom å poengtere at forkunnskapar om den amerikanske kulturen vil hjelpe og utvide forståinga av stykket. Randall si vinkling blir underbygd av Daniel sitt poeng om at *Guds grønne enger* viser fram noko «ukjend» ved afroamerikansk kultur.

Sjølv om resepsjonen i Noreg og USA stort sett er ulik, finst det nokre likskapar og. Daniel peiker blant anna på eit aspekt ved den amerikanske resepsjonen som har ein påfallande likskap med måten den norske hovudrolla blir trekt fram i resepsjonen: Skodespelaren som framstiller Gud på scena får mykje av æra for å «redde» skodespelet frå det latterlege. I artikkelen skriv han om hovudrolleinnhavaren Richard B. Harrison:

His [Richard B. Harrison] unusual talent, heretofore restricted to readings in church and fraternal «recitals,» and to teaching dramatic art in southern black colleges, brought vitality to a role which, in less capable hands, would have offended deeply the sensitivities of his race and could have become little more than light humor, patronizing portrayal, and frivolous music hall on the stage. (51)

Daniel understreker at dersom rolla vart spelt av nokon andre, kunne stykket raskt blitt oppfatta som støtande, nedverdiggande og lettbeint underhaldning. I den norske resepsjonen blei òg den svenske skodespelaren Georg Blickingberg tillagt mykje av æra for å redde skodespelet frå å gli over i det latterlege og blasfemiske: «I en misvisende utførelse kan den virke blasfemisk. Blickingberg spiller Gud Fader som en gammel, stillferdig frikirkeprest, som på demokratisk fot omgås Abraham, Isak og Jakob, ja også hedersgubben Noah. Det er Blickingbergs spill som skaper balanse i stykket» (*Dagbladet* 27. des. 1932, 3).

Graden av alvor i skodespelet til Blickingberg blir og trekt fram av mange, blant anna av teatersjef Christensen sjølv: «Det er jo så nydelig, sier han [Teatersjef Christensen], og Blickingberg virker med en sterk personlighet, man *tror* på ham simpelthen. Blickingberg er en meget alvorlig mann, som også tar denne opgaven meget alvorlig» (*Breviksposten* 28. mars, 1). Francis Bull går til og med så langt som å hevde at Blickingberg kunne redde heile skodespelet frå sensur: «Det er min tro – og jeg er blitt styrket i den ved å ha sett forestillingen i Gøteborg nu nylig – at dersom Blickingberg hadde kunnet komme på et tidligere tidspunkt, vilde sinnene også her i Norge ha falt til ro», skriv han (*Aftenposten* 12. april 1933, 2). Det er altså nærliggjande å tru at det norske folket ikkje ville ha reagert så sterkt om dei såg *alvoret* til Blickingberg, og dermed forsto at Gud ikkje var vist fram til spott og spe.

Retorikk med omsyn til spøk/alvor i aviser og enkeltinnlegg

Sjølv om Gud på scena er ei prinsippsak, er det dermed ikkje sagt at konteksten Gud blir framstilt i, er irrelevant. Me har vist korleis argumenta koplar seg til ei forståing av høg- og lågverdig kunst, og at framsyninga av Gud blir eit særleg stort problem på ei komisk scene. Me skal no sjå vidare på korleis det latterlege gjennomsyrrer debatten. Latterleggjering viser seg nemleg også på eit overordna nivå i debatten.

